Budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030
Fitjar kommune
Kommunedirektøren sitt framlegg

Bilete: Marianne Ytrearne

Kommunedirektøren si innleiing

Målet med kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett er å gje eit godt grunnlag for det vidare politiske arbeidet. Budsjettet inneheld framleis eit visst handlingsrom, og det ligg føre fleire søknader som er sende inn til budsjetthandsaminga utan at dei er fullt ut vurderte i framlegget. Desse sakene kan difor vurderast nærare i den politiske prosessen.

Budsjettet er utarbeidd gjennom eit grundig arbeid i strategisk leiing og blant einingsleiarane. Budsjettet skal vidare handsamast i dei politiske utvala og kommunen sine medverknadsorgan før formannskapet legg fram si innstilling i slutten av november. Etter at kommunestyret har fatta vedtak om økonomiplanen 10. desember, vil kommunedirektøren gjennomføre ein teknisk kontroll av budsjettet før det vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland.

Budsjettdokumentet er bygd opp i fire delar. Første del omtalar dei grunnleggjande føresetnadene budsjettet byggjer på. Andre del gjer greie for planlagde investeringar i økonomiplanperioden. Tredje del inneheld dei økonomiske rapportane og oversyn som er nødvendige for at kommunestyret skal kunne analysere budsjettet på ein god måte. I den fjerde delen er det fokus på dei ulike einingane og tenesteområda.

Økonomiske rammevilkår

Fitjar kommune har ein relativt god inntektsvekst frå budsjettåret 2026 til 2027. I framlegget til statsbudsjett er veksten i frie inntekter for kommunesektoren estimert til om lag 4,9 prosent, medan veksten for Fitjar kommune er berekna til 4,4 prosent.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren, kommunal deflator, er i statsbudsjettet sett til 3,8 prosent. Deflatoren er samansett slik:

- Lønsvekst inkludert pensjon: 4,5 prosent (vekt 0,59)
- Prisvekst på kjøp av varer og tenester: 2,9 prosent (vekt 0,41)
- Samla prisvekst: 3,8 prosent

Når det gjeld inntektsutviklinga, er det viktig å vere merksam på at inntektsanslaga frå regjeringa ligg noko høgare enn prognosane frå KS. Det same var tilfelle ved budsjetteringa for 2026. For 2027 utgjer skilnaden mellom modellane om lag 3 mill. kroner. Dei estimerte inntektene for inneverande år ligg nærast regjeringa sitt anslag, og kommunedirektøren har difor lagt dette til grunn også for 2027. Samstundes illustrerer skilnaden mellom prognosane at det framleis er knytt noko usikkerheit til inntektsgrunnlaget.

Fitjar kommune har over tid bygd opp ei god inntektsside med betydelege inntekter utover skatt og rammetilskot. Eigedomsskatten gir solide inntekter, og det same gjer produksjonsavgifter frå vindkraft og havbruk. Samstundes er kommunen framleis kategorisert som ein kommune med middels inntektsnivå og relativt høge bundne utgifter.

Resultat og finansielle mål

I framlegget til budsjett for 2027 er det lagt opp til eit netto driftsresultat på 1,15 prosent. Dette svarar til eit overskot på om lag 5,4 mill. kroner. Resultatet er noko svakare enn det som låg til grunn i førre økonomiplan, der det var rekna med eit overskot på om lag 7,7 mill. kroner.

Utviklinga er tilsvarande når ein ser økonomiplanperioden under eitt. Samla overskot i planperioden er no berekna til 29,6 mill. kroner, mot nær 50 mill. kroner i førre budsjettprosess.

Kommunestyret vedtok nye finansielle måltal i februar 2026. Målet for netto driftsresultat vart auka frå 1,0 til 1,75 prosent. Samstundes vart målet for disposisjonsfondet heva frå 10 til 15 prosent av driftsinntektene. Endringane må sjåast i samanheng med ein ambisiøs investeringsplan i åra framover.

Måltalet for gjeldsbelastning vart òg endra. Kommunen kan no ha renteberande gjeld tilsvarande inntil 80 prosent av brutto driftsinntekter, medan investeringar innan vatn og avløp og startlån vert haldne utanfor berekningsgrunnlaget.

Som følgje av lågare overskot i planperioden og strengare krav til fondsoppbygging, vert det foreslått å setje av heile overskotet, inkludert inntekter frå sal av havbrukskonsesjonar, til disposisjonsfondet.

Utfordringar innan tenesteområda

Arbeidet med økonomiplan og budsjett for perioden 2027–2030 har vore meir krevjande enn kommunedirektøren såg føre seg. Ei av hovudårsakene er aukande behov innan fleire tenesteområde for yngre brukarar.

Kostnader til individuell tilrettelegging etter barnehagelova § 37 aukar med om lag 2,4 mill. kroner i 2027. I tillegg aukar kostnadene til kjøp av avlasting med om lag 4 mill. kroner samanlikna med budsjettet for 2026. Samstundes ser kommunen framtidige behov innan psykisk helse og habilitering som ikkje er innarbeidde i økonomiplanen slik han no ligg føre.

Dette peikar mot at prioriteringane framover vil bli endå meir krevjande, og at kommunen må halde fram arbeidet med å tilpasse tenestene til eit meir kostnadseffektivt driftsnivå.

Innsparing og omstilling

Det er gjennomført omfattande innsparingstiltak i budsjettet. Innan helse og omsorg er talet på langtidsplassar redusert med fire frå 2027. Samstundes vert det sett av midlar til å etablere eit godt dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens.

Det er vidare lagt opp til bemanningstilpassingar innan institusjonsdrift, open omsorg og habilitering. For kvar av desse einingane er det sett eit innsparingskrav på om lag 569 000 kroner. Trass i desse tiltaka ligg kommunen framleis relativt høgt når det gjeld pleiedekning samanlikna med bemanningsgrunnlaget frå HRP.

Handlingsrom og vedlikehald

Kommunedirektøren meiner budsjettet som no ligg føre er stramt. Dersom dei økonomiske målsetjingane skal nåast, krev det tett oppfølging i alle einingar. Det vil alltid vere risiko for uventa utgifter gjennom året, men kommunen kan òg få inntekter som ikkje er kjende på budsjetteringstidspunktet.

Budsjettet byggjer på føresetnadene i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Gitt den parlamentariske situasjonen på Stortinget kan det endelege statsbudsjettet avvike noko frå framlegget, men det ligg per i dag ikkje føre signal om vesentlege endringar.

Innan planområdet er det sett av 0,5 mill. kroner til oppfølging av kommuneplanen sin arealdel. Fagetaten har tilrådd at arbeidet vert gjennomført i eigen regi, og at midlane i staden vert nytta til å styrkje drift og vedlikehald. Kommunedirektøren har ikkje følgt tilrådinga i budsjettframlegget, men er open for å vurdere ei slik omdisponering dersom det ikkje går ut over framdrifta i planarbeidet.

På vedlikehaldsområdet er etterslepet betydeleg. I praksis ser ein ofte at vedlikehald vert utsett så lenge at behova til slutt må løysast som investeringsprosjekt. Dette er ikkje god økonomisk forvaltning.

Det er no sett i gang tilsyn etter regelverket for miljøretta helsevern. Dei første vurderingane indikerer at fleire av kommunen sine barnehagar, skular og omsorgsbygg ikkje fullt ut tilfredsstiller gjeldande krav. Det er sett av noko midlar til vedlikehald i budsjettet for 2027, men store delar av driftsbudsjettet er bundne opp til løn og andre faste kostnader.

Kulturbygga ligg ikkje under eining for teknisk drift, men vert budsjetterte og forvalta av kultursjefen. Det bør vurderast politisk om det er rom for å styrkje vedlikehaldsinnsatsen også på dette området.

Avsluttande vurdering

Når kommunestyret arbeider med budsjettet, er det viktig å vurdere korleis kommunen sitt økonomiske handlingsrom kan sikrast over tid. Det er stor skilnad mellom tidsavgrensa tiltak innan til dømes planarbeid og vedlikehald, og varige tiltak som inneber auka bemanning. Lønskostnader utgjer den største delen av kommunen sine utgifter, og slike kostnader er både vanskelege og krevjande å redusere dersom det seinare vert nødvendig.

Det er lagt ned eit omfattande arbeid i budsjettet for 2027. Samstundes ser kommunedirektøren at det har vore mindre rom for å arbeide med dei langsiktige utfordringane i økonomiplanen. Det har kome innspel om behov for utvida tenestetilbod innan fleire område i helse- og omsorgssektoren, og administrasjonen har starta eit meir langsiktig arbeid med framskriving av økonomiplanen og vurdering av investeringar i eit tiårsperspektiv.

Kommunedirektøren meiner samla sett at budsjettet som no ligg føre, gir eit godt og realistisk grunnlag for den vidare politiske handsaminga.

Rammer for budsjettet

Rammer for budsjettet

Kommunelova

Dei formelle rammene for kommunen sitt arbeid med årsbudsjett og økonomiplan følgjer av kommunelova kapittel 14. Etter kommunelova § 14-1 skal kommunen forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert teken vare på over tid. Kommunen skal vidare utarbeide samordna og realistiske planar for verksemda og økonomien, og forvalte finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko.

Fitjar kommune skal gjennom økonomiforvaltninga si sikre ei langsiktig og berekraftig utvikling av tenestetilbodet og den økonomiske handleevna. Nærare krav til økonomistyring, rapportering og budsjettprosessar går fram av dette økonomireglementet.

I samsvar med kommunelova § 14-2 er det kommunestyret sjølv som vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Saksbehandlinga skal skje i tråd med reglane i kommunelova § 14-3 og andre relevante føresegner i lovverket.

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunen sine planverk vert følgde opp. Årsbudsjettet og økonomiplanen skal synleggjere kommunestyret sine prioriteringar, løyvingar og mål for planperioden.

Årsbudsjettet og økonomiplanen skal setjast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege, jf. kommunelova § 14-5.

For nærare føresegner om kommunen si økonomiforvaltning vert det vist til kommunelova kapittel 14. Også kapitla 15, 16, 28 og 29 inneheld føresegner som er relevante for kommunen si økonomiforvaltning.

Kommuneplanen og økonomiplanen som styringsinstrument

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040" legg føringar for retning, mål og prioriteringar i økonomiplanen. Kommuneplanen sine kapittel er:

- Levande sentrum og bulyst
- Fitjar i berekraftig vekst
- Smarte og kompetente kommunale tenester
- Den grøne kommunen
- Sterke saman

Måla og strategiane i kommuneplanen skal vera førande for måla i økonomiplanen. Det er bra samsvar mellom desse i dag, og vi legg no kommuneplanen til grunn generelt, og måla i kapitla " Smarte og kompetente kommunale tenester" og "Den grøne kommunen" særskilt.

MÅL

- Fitjar kommune skal gjennom omstilling møte dei framtidige behova for velferdstenester, gjennom å ta i bruk ressursane til brukarane, kompetansen og engasjementet til leiarar og medarbeidarar, og gjennom samarbeid med lokalsamfunnet
- Fitjar skal nytta sin smådriftsfordel: liten, kjapp og kompetent.
- Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet i tenestene, effektivisere og for å møte rekrutteringsutfordringa.

I kommuneplanen er det sett mål for overgang til lågutsleppssamfunnet:

MÅL

- Fitjar skal redusere sine klimagassutslepp i tråd med nasjonale krav (2020: 45 % innan 2030 og 70% innan 2040 for å nå målet om 80-90 % reduksjon innan 2050 (1-2 tonn CO2 per innbyggjar).
- Fitjar kommune skal ha ambisiøse klimamål i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat.
- Fitjar kommune må utvikle samarbeid med næringsliv og sivilsamfunn i Fitjar for å nå måla.
- Fitjar skal nytta sine fortrinn innan grøne/blå næringar for å oppretthalda og skapa nye arbeidsplassar.
- Fitjar kommune skal sikra ei berekraftig arealforvaltning.

Konkretisering av måla skjer seinare i dokumentet.
Rapportering skjer i tertialrapportane til kommunestyret. Eit oversiktleg rapporteringssystem skapar etterspurnad etter resultat, og vil hjelpe til med å halda retning og tempo i organisasjonen sitt arbeid.

Rapportering skjer i tertialrapportane til kommunestyret. Eit oversiktleg rapporteringssystem skapar etterspurnad etter resultat, og vil hjelpe til med å halda retning og tempo i organisasjonen sitt arbeid.

Kommuneplanen (*sitat)* løftar fram brukarperspektivet og dette er ein av nøklane til å lukkast i omstillingsarbeidet i kommunen:

"Fokus på brukaren sine ressursar

Kvalitet skal prege alle tenester. I all tenesteyting vil me leite etter brukaren sine eigne ressursar, også i familie og nettverk. Ved å fokusere på brukaren sine ressursar får ein ei langt meir aktiv brukarrolle, og ein aukar samspelet med brukaren og den sitt nettverk. Slik kan fleire ressursar mobiliserast og fungere målretta saman. Eit ressursorientert brukarperspektiv tyder også at ein fokuserer på brukaren sine sterke sider. I den aldrande befolkninga er det vesentlege menneskelege ressursar som ein må nyttiggjere seg.

Me vil jobba tverrfagleg med tidleg innsats i alle aldersgrupper, og utvikle verknadsfulle arbeidsmetodar slik at kommunale tenester bidreg til å utjamna sosiale skilnader og uønskt ulikskap i befolkninga. Eit ressursorientert brukarperspektiv skapar meir jamvekt mellom brukaren og tenesteytaren som gjer gjensidige forventingar mogeleg.

I framtida vil ein måtte ivareta individuelle behov og retter, ved bruk av meir allmenne eller fellesskapsorienterte og kostnadseffektive arbeidsformer. Eksempelvis frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, utvikling av lågare trinn i omsorgstrappa. Kommunen må jobba førebyggjande og med dynamisk innsats.

Med utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv vil me leggja til rette for eit mangfald av tilbod om deltaking, aktivitet og opplevingar for alle aldersgrupper. Det utviklar meistring og sosiale fellesskap."

Tverrsektorielle mål:

Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet, effektivisere og for å møta rekrutteringsutfordringa.

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.
- Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim.
- Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheitar og gje tilsette i skulen fleire verktøy for tilpassa opplæring og reduksjon av spesialundervisning. Digitalisering skal effektivisera tenestene.
- Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og redusere kommunen sine administrasjonskostnadar.

Kompetente og engasjerte medarbeidarar er vår største ressurs

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.
- Totalt sjukefråværet skal reduserast med 10 % kvart år frå og med 2025 til samla fråvær er på 7,5 %.

Bygge partnarskap mellom kommunen og omgjevnadane - kapasitetsbygging

- Attraktive Fitjar - Tettstadsutvikling, miljø- klima- og næringsutvikling.
- Ferdigstille og iverksette ny reguleringsplan for Fitjar sentrum
- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla, og etablera nye, aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap
- Kommuneplanen sin arealdel skal ferdigsstillast i løpet av 2027

Finansielle måltal

Finansielle måltal er politiske mål for kommunen sin økonomiske utvikling. Måltala må sjåast i samanheng med kravet om at kommunen skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteken over tid. Kommunestyret vedtok nye måltal i sitt møte 19. februar 2026 PS 2/26. Bakgrunnen for saka kom opp då var særskilt knytt til trong for å gjera ein ny vurdering av gjeldsbelastningsindikatoren.

- **Sunnheitsindikator** – Netto driftsresultat skal vera på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Måltalet er viktig for å oppretthalda formuen, mål om netto driftsresultat på 1,75 % er i samsvar med Teknisk berekningsutval (TBU) sine tilrådingar for kommunal økonomi.

Budsjettet har 1,0 % netto driftsresultat i 2027, 2,8 % i 2028, 1,4 % i 2029 og 1,7 % i 2030. For planperioden er driftsresultatet 1,74 %.

- **Gjeldsbelastningsindikator** – Renteeksponert gjeld som del av brutto driftsinntekter skal vera på maksimalt 80 %

Kommunen står føre store investeringar i VAR-sektoren dei komande åra. Dette er investeringar som skal dekkast av abonnentane. Ved å velje renteeksponert gjeld som måltal skil me ut den delen av gjelda som vert dekka av frie inntekter. Ei renteksponert gjeld på maks 80 % av brutto driftsinntekter er litt høgt, ideelt burde ikkje den vore over 75 %.

Med investeringsplanen slik han ligg føre, vil me ligge på 83 % etter 2027, medan 2028 og 2029 vil vera rett under grensa (79 % og 78 %). Store investeringar i 2030 gjer at me kjem opp i 88 %. Prosentsatsane er anhengig av blant anna prisstiging. Desse overslaga er basert på 3 % årleg prisstigning.

- **ROBEK-indikator** – Fri eigenkapital skal vera minst 15 % av brutto driftsinntekter.

Fri eigenkapital er kommunen sitt disposisjonsfond, føremålet med disposisjonsfondet er å:

- Sikra stabilitet i tenestetilbodet
- Bygga opp eigenkapital til å finansiera investeringar
- Sikra likviditet

Fondet er p.t. ikkje stort nok til å kunna redusera låneveksten frametter. Når det gjeld likviditet så er det i første rekkje knytt til problemstillingar ved premieavvik. Premieavvik er utgifter som allereie er betalt, men ikkje rekneskapsført. Per 31.12.25 hadde Fitjar kommune 39,2 mill på disposisjonsfond og 32,5 mill. i premieavvik. Reelt gav dette ein reserve på berre 6,7 mill for å dekka ulikskap mellom ut og innbetaling og sikra at drifta har stabilitet også opp mot uføresette inntektstap og/eller utgiftsauke. Premieavviket er venta å auka noko og 10 % av dispensasjonsfondet må kunne dekke likviditetseffekten av premiefondet. Når fondet er 15 % så har me då igjen 5 % til å sikra stabile tenester mot rekneskapsmessige sjokk.

Med planlagde avsetjingar til disposisjonsfondet, vil storleiken vera om lag 78 mill. etter 2030. Då er me om lag på målet om 15 %. Avsetjinga i 2026 spelar også inn for at me skal nå dette målet.

Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga, under dette den demografiske samansetninga, er grunnlaget for kommunen sine inntekter gjennom statleg rammefinansieringa. Statleg finansiering byggjer på ei gjennomsnittsutvikling på nasjonalt makronivå og ei stykkpris-finansiering basert på gjennomsnittleg kostnad. For at Fitjar over tid skal oppretthalde sin relative del av desse overføringane bør kommunen ha ein vekst over nasjonal vekst. Samansetninga av folket er også ein forklaringsfaktor for kommunen sitt utgiftsnivå då kommunale tenester i stor grad vert retta mot bestemte aldersgrupper.

Tabellen under viser folketalsframskrivinga fordelt på funksjonelle aldersgrupper frå 2026 og ut økonomiplanperioden, alle tal er befolkning per 1. januar:

	2026	2027	2028	2029	2030
0 - åringer	28	29	29	29	29
Barnehage (1-5 år)	164	157	165	160	163
Grunnskole (6-15 år)	398	392	371	370	360
Videregående (16-19 år)	178	174	170	174	169
Voksne (20-66 år)	1 819	1 831	1 841	1 832	1 830
Eldre (67-79 år)	493	498	503	505	508
Eldre (80-89 år)	123	138	146	163	179
Eldre (90 år og eldre)	34	31	33	30	27
Total	3 237	3 250	3 258	3 263	3 265

Per utgangen av 2 . kvartal 2026 er innbyggjartalet i Fitjar kommune 3271 dette er ein oppgang på 55 innbyggjarar samanlikna med innbyggjartal per 2. kvartal 2025, over dei to siste åra har innbyggjartalet gått opp med 88 innbyggjarar. Det vil såleis vera grunn til å gå ut frå at talet på innbyggjarar vil vera høgare enn det som går fram av tabellen over for 2026 og frametter.

Grafen under viser forventa vekst for ulike grupper frå 2026 til og med 2036 etter SSB si prognose for middels nasjonal vekst:



Me skal verta vesentleg fleire eldre, og har eit minkande tal på barn- og unge. Gruppa med høgast vekst både i økonomiplanperioden og vidare fram til 2036 er innbyggjarar over 80 år, den største nedgangen er barn i skulepliktig alder, altså i aldersgruppa 6-15 år og barn på vidaregåande skule 16-19 år. Endringar vil påverka utgifter og inntekter i perioden, figuren under viser forventa endringar i demografiutgifter. Tala er akkumullert, basisåret er 2025:



Tabellen under viser effekten av endring i folketalsprognose frå eitt år til eit anna. Basisåret for tabellen er 2025. Berekninga er basert på TBU sin berekningsmetodikk.

	2026	2027	2028	2029	2030	Totalt
0 - åringer	-kr 126 340	kr 31 585	kr 0	kr 0	kr 0	-kr 94 755
Barnehage (1-5 år)	kr 1 564 665	-kr 2 190 531	kr 2 503 464	-kr 1 564 665	kr 938 799	kr 1 251 732
Grunnskole (6-15 år)	-kr 2 503 726	-kr 1 277 421	-kr 4 697 476	-kr 254 506	-kr 2 239 975	-kr 10 973 104
Videregående (16-19 år)	-kr 39 954	-kr 159 816	-kr 159 816	kr 159 816	-kr 199 770	-kr 399 540
Voksne (20-66 år)	kr 704 301	kr 454 011	kr 367 692	-kr 358 230	-kr 96 314	kr 1 071 460
Eldre (67-79 år)	kr 1 035 969	kr 470 895	kr 470 895	kr 188 358	kr 282 537	kr 2 448 654
Eldre (80-89 år)	kr 1 217 352	kr 3 043 380	kr 1 623 136	kr 3 449 164	kr 3 246 272	kr 12 579 304
Eldre (90 år og eldre)	kr 590 567	-kr 1 771 701	kr 1 181 134	-kr 1 771 701	-kr 1 771 701	-kr 3 543 402
Total	kr 2 442 834	-kr 1 399 598	kr 1 289 029	-kr 151 764	kr 159 848	kr 2 340 349

Ut frå tabellen viser forventa demografiutvikling at kostnader til skular og barnehagar vil gå ned med totalt kr. 10,2 mill. i perioden, det er venta at utgifter til eldre vil auka tilsvarande kr. 11,5 mill. Alt anna likt vil Fitjar kommune kunne rekne med ein kompensasjon for demografiutgifter tilsvarande 2,4 i økonomiperioden.

Produktivitet

Å nytte demografisk utvikling som forklaringsfaktor og styringsimpuls vil likevel bli feil om det ikkje også vert gjort ei vurdering av rom for produktivitetsvekst

Effektivitetsanalyse – TBU

Regjeringen har ved TBU gjort ei effektivitetsanalyse for den einskilde kommune på kommunane sin største tenesteområde. Analysen vil kunne sei noko om potensialet for effektivisering av drifta. I metodikken som er nytta er 100 høgast mogleg effektivitetsscore, dersom kommunen ligg på til dømes 70 betyr det at det skal vera mogleg å effektivisera tenesteproduksjonen opp mot 30 poeng.

Det er også viktig å vera observant på at denne effektivitetsanalysen ikkje berre måler kostnadseffektivitet, men også tar inn faktorar knytt til dekningsgrad og kvalitative resultat. Til dømes er effektivitetsindeks for grunnskule sett saman av data for økonomiske innsatsfaktorar korrigert for busetjingsmønster, læringsmiljø, skulebidrag mål for 4. og 7. klasse, grunnskulepoeng og elevtal

Barnehage

Barnehagedrifta er ganske effektiv i Fitjar kommune med ein score i 2024 på 92 av 100. I vår kommunegruppe er det berre Meråker som har høgare score med 94. Det er venteleg lite å hente innanfor dette sektorområde.



Grunnskule

Innanfor grunnskule ligg Fitjar om lag midt på treet samanlikna med andre kommunar i vår gruppe. I prinsippet er det eit visst rom for forbetring, men det er nok ikkje veldig stort. Meste effektive kommune i vår kommunegruppe er Stor-Elvdal som når ein effektivitetsscore på 88.

Endringa frå 2023 til 2024 er delvis knytta til at kostnader per elev går opp i perioden, dei kvalitative indikatorane gjekk samstundes ned i same periode.



Pleie og omsorg

Det er pleie og omsorg som i prinsippet har høgast potensial for effektivisering då dei ligg på ein score på 63 av 100. Her ligg Fitjar i nedre del om me samanliknar oss med andre kommunar med tilsvarande kommuneprofil.



Årsaka til lågare effektivitetsscore i 2023 enn 2027 er ut frå at innsatsfaktor målt i kr. gjekk opp med 9,74 %, produksjon av timar til heimesjukepleie og praktisk bistand gjekk opp med 10,2 % medan tal på opphaldsdøgn i institusjon gjekk ned med 12,9 %.

KOSTRA

Samanlikning gjennom bruk av KOSTRA blir ei analyse som i utgangspunktet berre går inn på vurdering av kostnadseffektivitet opp mot måten kommunen har rapportert sine resultat på. Figuren under viser kva potensial Fitjar har samanlikna med andre kommunar som ligg i same KOSTRA gruppe som oss.



Tabellen under viser same samanlikning, men i tal. Alle tal er i millionar.

	Tysnes	Vaksdal	Kvam	Kostragruppe 05
Grunnskole	-4.8	-8.2	-12.8	-6.6
Pleie og omsorg	7.6	-0.6	4.8	2.6
Barnevern	-5.9	0.4	-3.4	-3
Barnehage	-2.2	-6.2	-8	-5.6
Kommunehelse	-10.4	-4.9	-2	-4.5
Sosiale tjenester	4.1	4	2	0.5
Kultur og idrett	-3.2	-4.3	-4	-5.9
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	0.4	-2	0.3	-0.4
Adm, styring og fellesutgifter	3	-13.8	-0.8	-5.6
Andre område	-8.3	13.5	14.1	7.4

- Brann og ulykkesvern	-1.7	-1.2	0.9	1.5
- Kommunale boliger	2.9	-0.7	0.2	1.1
- Samferdsel	-8.4	-9.1	-4.4	-5.9
- Næringsforv. og konsesjonskraft	0.2	26.4	16.7	11.4
- Kirke	-1.2	-1.9	0.6	-0.7
Totalt	-19.6	-22.1	-9.9	-21.1

Fitjar kommune har gjennomgåande ei god og effektiv drift og driv rimelegast av kommunane som er tekne med i denne samanlikninga. Det er alltid ein viss risiko for at samanlikningar slik som dette blir likt mot ulikt. Det er likevel verdt å merkja seg at innanfor område pleie og omsorg, sosiale tenester og kommunale bustader ligg dei største innsparingspotensiala.

Generelle inntekter

	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Rammetilskot	-146 744	-154 058	-154 058	-160 446	-160 527	-160 522	-160 522
Inntekts- og formuesskatt	-130 483	-131 697	-133 447	-140 117	-140 117	-140 117	-140 117
Eigedomsskatt	-27 934	-33 608	-34 408	-34 706	-35 306	-35 306	-35 306
Andre generelle driftsinntekter	-25 689	-31 562	-31 762	-17 930	-24 400	-16 420	-21 530
Sum generelle driftsinntekter	-330 850	-350 925	-353 675	-353 199	-360 350	-352 365	-357 475

Statsbudsjettet

Grønt hefte, som vert publisert samstundes med statsbudsjettet, gjev oss rammetilskotet for neste år. Samla rammetilskot er venta å kome på omlag kr.160 446 000,- i 2027

Finansdepartementet gir også eit overslag på forventa skatteinntekter for Fitjar, som er kr, 140 117 000,- i 2027.

Innslag for ressurskrevjande tenester vert igjen auka utover ramma for forventa prisvekst, dette er estimert til å redusere inntekter tilsvarande kr. 537 000,- i 2027.

KS har ein prognose-modell som viser ulike deler av rammetilskot og skatteinngang for kvar einskild kommune. I år er netto skatte-overslaget deira om lag 3 mill. lågare enn finansdepartementet sitt. Kommunedirektøren vurderer finansdepartementet sitt overslag som mest sannsynleg, basert på den gode skatteinngangen i 2025.

Eigedomsskatt

Kommunedirektøren legg fram eit budsjett der eigedomsskatt er vidareført. Eigedomsskatt på næring vert haldne uendra på 6 promille.

Skattegrunnlaget på næring aukar litt og gjev kr. 300` i ekstra inntekter for 2027 og deretter kr. 600` i dei påfølgjande åra.

Havbruk

2028 og 2030 er år der kommunen får ekstrainntekter som følgje av nye konsesjonar. Det er budsjettert med 8,0 mill. kroner i begge åra. Ut frå signala som har kome om utbetalingar i 2026, kan dette anslaget vere noko høgt. Vi har likevel ikkje grunnlag for å gjere eit meir kvalifisert estimat på noverande tidspunkt.

Det er føreslått å overføre desse midlane til disposisjonsfondet. På sikt bør det vere eit mål å byggje opp disposisjonsfondet til eit nivå som òg gjer det mogleg å nytte delar av fondet som eigenkapital til investeringar. Eit alternativ er å overføre midlane direkte til investeringsfond. Ulempa med dette er at det er mogleg å overføre midlar frå drift til investering, men ikkje motsett. Risikoen ved å leggje midlane til ubundne driftsfond er at dei over tid blir nytta til å finansiere ordinær drift, og at kommunen dermed blir meir avhengig av desse inntektene.

Midlane frå den årlege produksjonsavgifta utgjer i underkant av 4 mill. kroner. Desse midlane er fullt ut budsjetterte i drifta.

Avgift på landbasert vindkraft

NVE innførte i 2025 ny metode for berekning av middelproduksjon for landbasert vindkraft. For Midtfjellet ser oppdatert middelproduksjon ut til å liggje kring 400 GWh per år, mot tidlegare om lag 434 GWh. Det er ikkje varsla tilsvarande store metodiske endringar framover, og framtidige justeringar er venta å vere mindre enn korrigeringa som vart gjennomført i 2025

For økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein produksjon på 396 GWh, og ei avgift på 2,41 øre per kWh. Avgifta aukar med 0,04 øre i 2027-utbetalinga. Me har hatt svikt i inntektene på vindkraft dei to siste åra. Me har difor ikkje auka foventa inntekt på denne avgifta.

Kommunale avgifter

Kommunale avgifter vert lagt fram som eiga sak for formannskap og kommunestyre.

Kommunale gebyr og andre inntekter

I statsbudsjettet er den kommunale deflatoren sett til 3,8 prosent. Deflatoren er eit vekta mål for den kommunale kostnadsutviklinga. Lønsveksten, inkludert pensjonskostnader, er venta å bli 4,5 prosent, medan prisveksten er venta å bli 2,9 prosent.

Det vert lagt opp til ein prisauke på 4,5 prosent for alle kommunale tenester der løn er den viktigaste innsatsfaktoren. For andre tenester vert prisane auka med 3,8 prosent. Dette gjeld kommunale tenester som ikkje er særskilt regulerte gjennom lov eller forskrift.

Gebyr for kommunale avgifter for VAR, samt gebyr innan plan, byggjesak og oppmåling, vert regulerte særskilt.

Fitjar er ikkje beden om å busetje flyktningar i 2027. Busetjinga i 2026 har heller ikkje vore særleg høg. Som følgje av dette vil inntektene frå introduksjonstilskotet bli monaleg reduserte i dei kommande åra.

Fitjar kommune sel i dag landbrukstenester til Austevoll, inntektene vert justert tilsvarande kommunal deflator.

Finans

Me har nytta Kommunalbanken sine budsjettrenter for kommunale lån i framlegget. Rente i 2027 er forventa å bli 5,60 %,. Dei neste åra er det forvanta ein liten rentenedgang; 5,45 % i 2028, 5,15 % i 2029 og 4,90 % i 2030. Dette er om lag eit prosentpoeng høgare enn budsjettet i fjor. Det er teken omsyn til den ekspansive investeringsplanen.

Netto finansutgifter auker med omlag kr. 8,9 mill.i løpet av økononomiplanperioden. Her er det viktig å vera klar over at inflasjonsjustering ikkje er lagt inn for driftsbudsjettet i planperioden.

Disponering

	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Disponering / dekking av netto driftsresultat							
Overføring til investering		8 000	5 232	0	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	1 984	61	3	3	3	3	3
Bruk av bundne driftsfond	-1 361	-414	-314	-783	0	0	0
Avsetjingar til disposisjonsfond		6 243	7 077	5 422	12 954	6 308	8 128
Bruk av disposisjonsfond	-5 860			0	0	0	0
Dekking av tidlegare års meirforbruk				0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	**-5 237**	**13 890**	**11 998**	**4 641**	**12 957**	**6 311**	**8 131**
Ført til inndekking i seinare år	0	-0	-0	0	0	0	0

Fitjar har eit finansielt måltal om å ha minst 15 % av driftsinntektene i disposisjonsfondet. Me vil etter denne planen nå måltalet etter årsoppgjeret for 2030, men det avheng også av kor stor avsetjinga vert i 2026, og prisstigninga i perioden.

Premissar for budsjettet

<u>Gebyr og avgifter:</u>

1. Ved utrekning av forskotsskatt og forskotstrekk for 2027 og likninga for 2026 nyttar ein følgjande satsar: Inntektsskatt for personlege skatteytarar følgjer høgaste sats, justert i høve Stortinget sine vedtak.
2. Endringar i kommunale avgifter for vatn, kloakk, brannsyn og feiing og tilsyn med fyringsanlegg går fram av eiga sak.
3. Endringar i gebyr for plansaker, byggjesaker, oppmålingssaker, saker etter hamne- og farvasslova, veglova og eigarseksjonslova går fram av eiga sak.
4. Festeavgiftene på Fitjar kyrkjegard vert vedteke uendra, i samsvar med vedtak i Fitjar Kyrkjelege Fellesråd:
    1. Festeavgift per år 300,-
    2. Reservering av grav 4 000,-
    3. Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlem 4 000,-
    4. Gravlegging utanbygds, kistegrav 8 000,-
    5. Gravlegging utanbygds, urnegrav 4 000,-
5. Administrasjonsavgiftene for festeavgifter i Fitjarstølane bustadfelt vert uendra i høve til 2026.
6. Betaling for kommunal barnehage følgjer maksimalpris sett av staten.
7. Betalingssats for SFO vert auka med 4,5 % frå 1. august 2027.

8. Betalingssats for kulturskulen vert auka med 4,5 % frå 1. august 2027.
9. Kjøp av mat frå sjukeheimen vert auka med 4,5 % i 2027.
10. Eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring vert auka med 4,5 % i 2027. Justering under 2G aukar i samsvar med statleg sats.
11. Dagspris for dagsenter for demente vert auka med 4,5 % i 2027.
12. Vederlag for opphald i institusjon vert fastsett på grunnlag av vedtekter fastsette av staten. Maksimal betalingssats i Fitjar bu- og behandlingssenter vert fastsett til 121 906,- per månad / 4 064,- per døgn.
13. Husleigesatsar vert justert med 3,8 % i høve til 2026.
14. Sosialsatsane føl Statens sine satsar i 2027.
15. Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert (Desse må kontrollreknast etter ny forskrift og ny informasjon i Statsbudsjettet):
    1. Små born 337 275-
    2. Store born 179 329,-
    3. Kapitaltilskot 14 255,-

Eigedomsskatt:

I samsvar med eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert følgjande nytta for skatteåret 2027:

1. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen.
2. Eigedomsskattesatsen vert sett til på 6,0 promille for næringseigedommar, og 0 promille for andre eigedommar.
3. I samsvar med eigedomsskattelova §7a skal følgjande eigedomar har fritak:
    1. Fitjar Kulturhus AS, Havnahuset, Fitjartun, Hamn burettslag, Fitjar vidaregåande skule, bedehus, gamle skulehus (grendehus), Fitjar Soknerådsbarnehage, og Friluftsrådet Vest.
4. Eigedomsskatten skal for 2026 betalast i fire terminar.
5. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter i «Rammer og retningslinjer for eigedomsskatt», vedteke 22.04.2021. Rammer for 2027 vert justert etter dette vedtaket.

Låneopptak:

1. Det vert teke opp nye lån på inntil kr 127 426 500,- til investeringsføremål i 2027.
2. Det vert teke opp lån til vidareformidling på inntil kr 4 500 000,-.

Fond:

1. Det vert vedteke å nytta fond til finansiering av driftsbudsjettet i 2027:
    a. 287 626- frå vassfondet
    b. 495 670,- frå avløpsfondet
2. Det vert vedteke å setja av til følgjande fond i 2027:

1. 2 783,- til viltfondet

3. Inntekter og kostnadar med renovasjon og slam vert ført mot renovasjons- og slamfondet i samsvar med oppgåver frå SIM.

Driftstilskot

Fitjar Kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

1. Fitjar Kyrkjelege Fellesråd kr 3 547 800,-
2. Fitjar kultur- og idrettsbygg kr 250 000,-
3. Fitjar Frivilligsentral kr 905 615,- (inkl. statleg tilskot)
4. Reiselivskoordinator kr 100 000,-
5. TV-aksjonen kr 7 000,-

Oppvekst og kultur disponerer kr 50 000,- til kulturmidlar i 2027.

Personal og organisasjon

Forutan dei regulatoriske og økonomiske føresetnadene for drifta er tilgang på personell ein vesentleg føresetnad for drifta. Dersom kommuneorganisasjonen skal nå dei måla og prioriteringane som går fram av budsjettet er dette ein avgjerande faktor for å lukkast. Det er difor naturleg at dette vert handsama som ein del av føresetnadane for budsjettet.



Fitjar kommune har i 2027 budsjettert for totalt 276,95 årsverk fordelt på 388 tilsette. 82 % av dei tilsette er kvinner. Sett bort frå deltidsmannskap i brann og redning, har dei tilsette ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 77 prosent og om lag 52 prosent av dei tilsette jobbar i full stilling. Det må vera eit mål å auka andel heiltidstilsette og følgja opp hovudregel om tilsetjing i full stilling.

Den overordna administrative styringsstrukturen er lagt opp slik for 2027:



Turnover, målt som tal på tilsette per 1. desember i 2024 som framleis arbeider i same stilling per 1. desember påfølgjande år, var 10,9 % i Fitjar kommune per 1. desember 2025. Det er noko lågare enn føregåande år som endte på 15,9 %. Turnover seier noko om evna til å halde på personell over tid, ein skal vera forsiktig med å tolke resultata for langt, men det kan vera ein av fleire indikatorar på om ein når målet om å halde på personell over tid. Turnover er framleis høgast innan tenesteområde for helse og omsorg der turnover er 13,9 %, samstundes er dette det område som har størst reduksjon samanlikna med føregåande år då turnover var 18,9 %.

Rekruttering i helse og omsorg har vore arbeida med i dei seinare åre, tiltak for styrka rekruttering er spegla i noko høgare lønskostnader. Over tid vil det gje god økonomi i å ta vare på tilsette, rekruttering av nye medarbeidarar er dyrt og kan gje høgare kostnader gjennom kjøp av vikartenester. I budsjett 2027 er det føresett at omfanget av innkjøp av vikartenester redusert frå netto kr. 600.000,- til netto null. Vikarinnleige innan pleie og omsorg er redusert i 2026 samanlikna med rekneskap 2025. Per 2026 har vikarinntaket vore knytt til manglande rekruttering i stillingar på natt.

Innan legetenester er det framleis ein vesentleg økonomisk risiko knytt til at det er vanskeleg å rekruttera kvalifisert personell. Dei seinare åra har bemanning ved legekontoret vore meir stabil, men me ser at det er ei stor utfordring å rekruttera til faste stillingar med ordinær arbeidstid.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Fitjar kommune skal gjennom eit systematisk partssamarbeid oppnå eit trygt og triveleg arbeidsmiljø basert på grunnpilarane i Fitjar sin leiarplattform om ei tydeleg, inkluderande og løysingsorientert leiing.

Fitjar kommune har teikna ny avtale med Falck bedriftshelseteneste. Omfanget av kjøp av BHT tenester er vidareført på same nivå som i 2026. Alt frikjøp vert kostnadsført på ansvar for administrasjon. Frikjøp for tillitsvalde og verneombod er vidareført på same nivå som i 2026,

I HMT plan for Fitjar kommune er det slått fast eit mål om årleg reduksjon i sjukefråvær på 10 % fram til kommunen har nått målsetjing om eit samla sjukefråvær på 7,5 %. Det er lagt opp til at dette målet også vert vidareført i 2027. Av konkrete tiltak kan me nemna:

- Strategisk samarbeidsavtale med NAV
- Einskildprosjekt i samarbeid med NAV arbeidslivssenter for open omsorg
- Einskildprosjekt ved legekontoret i samarbeid med KS konsulent

Samarbeidsprosjekta med NAV utløyser ingen direkte kostnader utover at det må setjast av personalressursar til oppfølging. Arbeid med KS konsulent for å følgja opp arbeidsmiljø ved legekontor er føresett finansiert gjennom OU midlar.

Samla sjukefråvær i verksemda er redusert dei siste to åra. Det siste året ligg kommunen per 2. tertial an til å nå mål om 10 % reduksjon av sjukefråvær for 2026.



Redusert sjukefråvær fører med seg fleire faste tilsette i arbeid, minskar behovet for bruk av vikarar, og dermed auke kvaliteten i tenesta og redusere utgifter til overtid og vikarbruk. Innan viktige tenesteområde vil ein reduksjon i sjukefråvær også frigjera tid til leiing og redusera oppleving av stress for den einskilde tilsette. Ein reduksjon av sjukefråvær på 10 % også i 2027 vil frigjera om lag 2,8 årsverk. Det er i hovudssak innan oppvekst og kultur og helse og omsorg at dette vil gje ein økonomisk effekt i form av reduserte kostnader til vikar og overtid. Innanfor samfunnsutvikling og drift og sentraladministrasjon er det vanskeleg å erstatta tapte dagsverk.

Leiarutvikling

Det er ikkje sett av særskilte midlar til leiarutvikling i 2026, det vil likevel vera eit fokus på å styrka leiinga av organisasjonen. Det er eit mål at rolla som einingsleiar skal framstå meir tydeleg. I 2026 vart det innført krav om månadleg rapportering gjennom Framsikt, dette har også ført til at leiarar lettare får tilgang til eigen styringsinformasjon. System for rapportering bør utviklast vidare i komande år. Det vert arbeid med system for leiaravtaler for å sikra betre og meir føreseielege oppfølging av leiarar.

Leiing i Fitjar kommune skal byggja på vedteken leiarplateform, det vil verta arbeidd med denne også i 2026.

Velferd

Velferdsklubben har i 2026 halde fram med gode tradisjonar, og har i 2026 organisert tur med MS Sunnhordland. Arrangementa har vore vellukka samlingar der tilsette treff kvarandre på tvers av arbeidsstad, og det har positive ringverknadar for arbeidsmiljøet og såleis også den alminnelege produktiviteten.

Det er lagt opp til ei løyving til Velferdsklubben tilsvarande kr. 50 000 for 2027.

Investeringar

Tiltak i økonomiplan	2027	2028	2029	2030
SUM	kr 128,020,750.00	kr 54,418,000.00	kr 61,839,750.00	kr 157,390,000.00
- Sum VA	kr 56,415,750.00	kr 37,998,500.00	kr 36,122,250.00	kr 73,957,500.00
- Anna investering	kr 71,605,000.00	kr 16,419,500.00	kr 25,717,500.00	kr 83,432,500.00
Tiltak ikkje til summering i investeringsrekneskapen				
Eigenkapitalinnskot KLP	kr 861,000	kr 897,750	kr 945,000	kr 992,250
Startlån	kr 4,500,000.00	kr 4,500,000.00	kr 4,500,000.00	kr 4,500,000.00

Det er lagt opp til investeringar i eit omfang tilsvarande nær 402 MNOK i økonomiplanperioden. Investeringar innanfor VA utgjer omlag 205 MNOK medan andre investeringar er på omlag 197 MNOK. Etter finansielle måltal vedtake for Fitjar kommune i februar 2026 vert maksimal lånebelastning vurdert ut frå renteberande gjeld. I praksis vert då gjeld knytt til VA investeringar og Startlån halde utanom. VA investeringar skal fordelast mellom abonnentane medan startlån er lån for vidare utlån. Eigenkapitalinnskot i KLP kan ikkje finansierast gjennom lån.

I forkant av budsjettarbeidet har administrasjonen også vurdert naudsynte investeringar i eit tidsperspektiv på 10 år. Her er det ennå så mykje uvisse knytt til omfanget av desse at kommunedirektøren har vald å ikkje leggje fram det underlaget til årets budsjettbehandling. Ut frå foreløpige estimat er samla ramme for investeringar dei neste 10 åra på omlag 1,2 MRD NOK. Dette er fordelt nær halvt om halvt mellom VA og andre investeringar.

Investeringar i eksisterande bygg og nybygg

Eksisterande bygg					
Byggstyringssystem - rammeavtale + Sv bhg + brannst	kr 566 500,00	kr 978 500,00			kr 1 545 000,00
Takpapp Rimb		kr 1 612 500,00			kr 1 612 500,00
Ventilasjon Øvrebygda skule		kr 1 699 500,00			kr 1 699 500,00
Ventilasjon Rimbareid skule	kr 3 296 000,00				kr 3 296 000,00
Skifta lamper	kr 1 881 250,00				kr 1 881 250,00
Naudstraumsaggregat brannstasjon		kr 537 500,00	kr 1 612 500,00		kr 2 150 000,00
Sal utleigebustadar	kr -15 000 000,00				kr -15 000 000,00
Adgangssystem	kr 371 000,00	kr 371 000,00			kr 742 000,00
Nye bygg					
Oppgradering helsebygg	kr 10 712 000,00	kr 5 000 000	kr 21 200 000	kr 50 000 000,00	kr 86 912 000,00
Lån Havnahuset	kr 9 500 000,00				kr 9 500 000,00
Øvrebygda oppveksttun	kr 44 805 000,00				kr 44 805 000,00
Nytt teknisk bygg (sjå saman med reservevassverk)		kr 1 133 000		kr 32 250 000	kr 33 383 000,00
SUM	**kr 65 017 000,00**	**kr 6 133 000,00**	**kr 21 200 000,00**	**kr 82 250 000,00**	**kr 174 600 000,00**

Byggstyringssystem - rammeavtale + Svingen barnehage og brannstasjonen

Tiltaket er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan.

Kommunen bør inngå rammeavtale med ein leverandør for levering av byggstyring. I dag har me to leverandørar av dette, noko som ikkje er hensiktsmessig. Brannstasjonen har ikkje byggstyring i dag, noko som er svært uheldig. Svingen barnehage har anna byggstyring enn kommunen elles, og dette systemet har ikkje den kvaliteten det bør, og det bør difor skiftast ut. Midlane er fordelt på prosjektering og gjennomføring.

Total investeringsramme: kr. 1 545 000
Finanskostnad: kr. 127 500
Vinst: Driftskostnader for fleire byggstyringssystem
Energi innsparingar

Taktekking Rimbareid

Taket over formingsavdelinga har behov for ny tekking. Dagens shingeltak er frå byggjeår (1967) og har nådd levetida. Me har tidlegare hatt lekkasje her. Arealet er kring 500 m2. Tiltaket er vurdert som naudsynt for å sikra bygget mot lekkasje og skade. Tak nedløp må også fornyast i samband med at taket vert tekka på nytt.

Total investeringsramme:	kr. 1 612 500
Finanskostnad:	kr. 133 040
Vinst:	Naudsynt levetidsforlenging
	Sparte følgjekostnader ved lekkasje

Ventilasjon Øvrebygda skule

Dette prosjektet vart framskunda av kommunestyret i førre budsjettvedtak. Prosjektering er gjennomført i 2026, men me føreslår at utføringa vert forskove til 2028. I 2027 skal me etablera barnehagebygg og uteområde, og administrasjonen ser ikkje at det er ynskjeleg eller mogleg å få til to parallelle byggjeplassar på same området. Det vil gjera administrasjonen si oppfylging meir krevjande enn ynskjeleg. Barnehageprosjektet vil få tilgang til alt relevant uteområde til riggplass, og det er då ikkje noko att til riggplass for ventilasjonsentreprenør. Alle byggjeprosjekt krev tett oppfylging, og å ha to uavhengige same plassen medfører risiko som ikkje er ynskjeleg.

Aggregatet er frå byggeår. Ventilasjonsaggregatet er lite effektivt. Eit nytt anlegg er meir energieffektivt og har betre varmegjennvinning.

Nye ventilasjonsaggregat har også betre filterløysning for betre inneklima.

Total investeringsramme:	kr. 1 699 500
Årleg finanskostnad:	kr. 140 000
Vinst:	Kvalitetsforbetring for tilsette og elevar.
	Naudsynt levetidsforlenging
	Innsparing på engergikostnader.

Ventilasjon Rimbareid skule

Tiltaket er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan. Ny løysing har vore under prosjektering 2026, og det er venta gjennomføring i 2027.

Rimbareid skule har mange ventilasjonsanlegg, der fleire har nådd si levetid. Spesielt eitt anlegg er særdeles dårleg, og krev nærast dagleg tilsyn og justeringar. Me er redde for at det vil havarera. Kommunen må sjå på korleis me sikrar god ventilasjon på skulen, og samling av fleire ventilasjonsanlegg til færre større.

Etter at økonomiplanen vart laga har me fått overslag på utskifting, prisen for utskifting vert truleg opp mot kr. 7 MNOK. Oppdatert tal er p.t. ikkje lagt inn i låneopptak i planperioden.

Total investeringsramme:	kr. 7 000 000
Årleg finanskostnad:	kr. 577 500
Vinst:	Naudsynt levetidsforlenging

Innsparingar knytt til dagleg tilsyn og effektiv drift.
Innsparing på engergikostnader.

Skifta lamper

2027 vert siste året der det vert tilført midlar til lampeskifte, og tiltaket er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan. Komande år står resterande bygg for tur. Havnahuset er ikkje teke med då investeringar skal gå gjennom stiftinga.

Total investeringsramme:	kr. 1 881 250
Årleg finanskostnad:	kr. 155 203
Vinst:	Naudsynt levetidsforlenging
	Innsparing på energi og drift og vedlikehald
	Kvalitetsforbetring for brukarar av bygg.

Naudstraumsaggregat brannstasjonen

Det har over lengre tid vore planar om reservekraftaggregat til rådhuset. I dag baserer kommunen seg på eit reservekraftaggregat på bilhengjar. Løysinga i dag er at hengjaren vert parkert utanfor hovudinngangen, og kabel vert så trekt gjennom eit kontorvindu og inn i eltavla i fyrste etasje. Det er berre IKT sitt behov som vert dekka, ikkje straum til resten av rådhuset. Dette er ei dårleg løysing når rådhuset skal vera beredskapslokale. I 2025 vart det gjennomført test av reservekraftaggregatet på brannstasjonen. Det var då mogleg å driva heile bygget på aggregatet. I tillegg vert IKT sine anlegg i stor grad spegla til brannstasjonen. Fitjar kommune arbeider samstundes med å vurdera dagens driftsmodell for IKT.

Sommaren 2026 vart brannstasjonen sett ut av drift på grunn av jordfeil på Fitjar kultur- og idrettsbygg. Dei tekniske anlegga i brannstasjonen vart slegne ut. Dette er ein sårbarheit som er svært uheldig. Sårbarheita kan fjernast gjennom å etablera skiljetrafo, der brannstasjonen ikkje lenger vert utsett for driftsproblem ved jordfeil på andre bygg. I samband med dette er det tilrådeleg at det vert montert permanent reservekraftanlegg, slik at brannstasjonen alltid kan vera operativ. På bakgrunn av dette tilrår administrasjonen at tiltaket om reservekraftanlegg på rådhuset går ut, og at det heller vert etablert skiljetrafo og permanent reservekraftanlegg på brannstasjonen. Brannstasjonen vil då vera operativ ved langvarig straumbrot. Dette gjev moglegheit for å relokalisera kommunal kriseleiing anten ved FBB eller ved brannstasjonen. At brannstasjonen er operativ ved langvarig straumbrot har sjølvsagt stor eigenverdi for kommunen sin samla beredskap.

Total investeringsramme:	kr. 2 150 000
Årleg finanskostnad:	kr. 177 375
Vinst:	Beredskap

Sal av utleigebustader

Fitjar kommune har over tid kjøpt bustader som er lite eigna for kommunen sine behov. Fleire bustader bør seljast og kommunen må sjå korleis det kan leggjast til rette for ein meir hensiktsmessig struktur av trygde og omsorgsbustader. Det er ikkje lagt opp til sal av nokon bustader i Hamn Burettslag då desse har utforming og drift som gjer at dei naturleg går inn i kommunen sin tenesteproduksjon. Det er heller ikkje lagt opp til sal av Gamle Havnavegen 3.

Følgjande bygg er aktuelle for sal i planperioden:
Gamlevegen 8

Nordre Sjøvegen 15
Rundamyr 1 og 5
Søre Stølen 22
Heile beløpet er no lagt til 2027, det kan vera at sal vil vera mest hensiktsmessig å spreie over fleire år.

Oppgradering og nybygg - helsebygg

Det pågår eit prosjekt om framtidig struktur i helsesektoren, både knytt til drift og bygg. Kommunestyret skal i 2027 ta stilling til kva konsept kommunen skal gå vidare med for nybygg/ombygging. Investeringane innan helse vil vera basert på kva kommunestyret vedtek. På noverande tidspunkt er det difor ikkje mogleg å vera konkret om kva tiltak som skal prioriterast i økonomiplanen framover. Det er likevel naudsynt å setja av midlar, då det er sikkert at me står framfor større investeringar innan helsesektoren. Summane er usikre, og kan vera for låge.

I 2027 vert det teke inn 10 MNOK for oppussing, tilpassing og vedlikehald av FBB. Areala her er dårleg utnytta, for å sikre naudsynte driftstilpassingar er det ønskjeleg å samla aktivitet på FBB så langt som moglege. Dette betyr i praksis at det vil vera eit mål å ha så lite bruk av Havnahuset som mogleg. Totalt i økonomiplanperioden er det lagt inn 86,9 MNOK. Dersom me ser vidare fram vil det vera trong for monaleg større investeringar innanfor helse og omsorg. Dette må også reknast opp mot støtteordningar frå Husbanken og framtidig investeringsstøtte for ny sjukeheim.

Total investeringsramme:	kr. 86 912 000
Årleg finanskostnad:	kr. 7 170 240
Vinst:	Driftsmodell må arbeidast vidare med, årleg finanskostnad krev ei bemanningstilpassing på om lag 10 stillingar.

Lån Havnahuset

I samband med det store helseprosjektet bør kommunen syta for å avvikla stiftinga Havnahuset, slik at bygget vert i formelt i kommunen si eiga. Høvet til å kunna oppheva stiftinga er mellombels og gjeld berre fram til 31.12.2028. Årsaka er mellombelse føresegner i stiftelsesloven kap. 6A. Stiftinga sine eigedelar, rettar og plikter vert då overført til kommunen. Overføringa er friteke dokumentavgift.

I lys av det større prosjektet vil det vera ynskjeleg og hensiktsmessig at kommunen sjølv står som eigar av Havnahuset og eigedomen det står på.

Total investeringsramme:	kr. 9 500 000
Årleg finanskostnad:	kr. 783 750
Vinst:	Sikra kommunalt eigarskap under overgangsordninga i stiftelsesloven Kr. 0,9 MNOK. redusert årleg husleige med fråtrekk av FDV kostnad. Vurdering av etterbruk og/eller sal.

Øvrebygda oppvoksttun, barnehagedelen

Prosjektet er lagt opp til gjennomføring i 2027 etter investeringsvedtak i kommunestyret november 2026. Kostnadane som er lagt inn er resterande investeringsmidlar etter opphaveleg ramme og forventa kostnader for sluttføring. For detaljar vert det vist vidare til sak om investeringsavgjerd.

Total investeringsramme:	kr. 44 805 000
Årleg finanskostnad:	kr. 3 696 413
Vinst:	Sikra eit attraktivt tilbod i samsvar med strukturplan for oppvekst. Synergieffektar for samdrift for skule og barnehage Etterbruksverdi på lokala i Fitjarstølane, ennå ikkje utgreidd.

Nytt teknisk bygg (sjå saman med reservevassverk)

Tiltaket er ei vidareføring av eksisterande økonomiplan.

Teknisk bygg er base for teknisk eining i etat for samfunnsutvikling og drift. Bygget er i dag svært slitt, og manglar ein del fasilitetar slik som garderobar for begge kjønn og kontor. Lagerfasilitetane er begrensa og kan med fordel opprustast. Uteområdet bør betrast, og tomta bør i sin heilskap gjerdast inn. Pauserommet bør oppgraderast. Bygget er ikkje bygd for dagens bruk. Det vil også vera eit mål at alle tilsette ved Teknisk drift vert samlokalisert i nytt bygg.

Dersom det vert reservevassanlegg i Årskog (jf. sak om dette tidlegare), vil nytt teknisk bygg og reservevassverk kunna etablerast samen, og kostnadane verta delt mellom sjølvkostområdet og kommunens øvrige budsjett. Tiltaket er difor sett inn i økonomiplanen samstundes med reservevassprosjektet. Kostnadane er førebels usikre, dette må sjåast i samanheng med reservevassprosjektet. Det vil vera mogleg å gje betre estimat når prosjekteringa av reservevassverk er koma noko lengre i 2027.

Total investeringsramme:	kr. 33 383 000
Årleg finanskostnad:	kr. 2 754 098
Vinst:	Betre oppfølging av tenesta for drift Kvalitetsbetring for tilsette Det må reknast på moglege innsparingar som følgje av samlokalisering.

Oppsummering tiltak i eksisterande bygg og nye bygg

Det er lagt opp til omfattande investeringar både i eksisterande bygg og i nye bygg. Investeringane er mest omfattande i 2027 og i 2030. Når det gjeld tiltak i 2030 er desse, enn så lenge, ikkje særleg utgreidd. Investeringar for 2027 er estimert til om lag 65 MNOK, der investeringa i Øvrabygda Oppveksttun er klart størst. Dersom investeringar vert gjennomført i samsvar med plan gjev det ei utgiftsendring på om lag 5,4 MNOK i første år. Dersom me ser heile planperioden under eitt er det investeringar i nye og eksisterande bygg tilsvarande 174,6 MNOK. Dette utgjer kr. 14,4 MNOK i årlege kapitalkostnader.

Veg, anlegg, lys og park

Veg, anlegg, lys og park	2 027	2 028	2 029	2 030	SUM
Utbetring Kvednavegen	kr 698 750,00	kr 2 687 500,00			kr 3 386 250,00
Trafikksikring		kr 967 500,00			kr 967 500,00
Utvikling Årskog kai	kr 5 459 000,00				kr 5 459 000,00
Lysmaster idrettsparken	kr 600 000,00				kr 600 000,00
Oppgradering veg Lio-Koløyo - sjå saman med VA				kr 645 000,00	kr 645 000,00
Bytte lyskjelder Rossneset					kr -
Sjøstrand eigedom - utbyggingsavtale	kr 5 459 000,00				kr 5 459 000,00
Gatelys - skap ut av trafo				kr 537 500,00	kr 537 500,00
SUM	**kr 12 218 777,00**	**kr 3 657 028,00**	**kr 2 029,00**	**kr 1 184 530,00**	**kr 17 054 250,00**

Utbetring av Kvednavegen

Kulverten under Kvednadvegen er for liten, og Fitjarelva fløymer over vegen kvar gong det er høg vasstand i vassdraget. Dette skjer nokon gongar kvar haust/vinter, og vegen må stengjast. Kulverten er klart underdimensjonert. Det er i 2026 utført flaumfarekartlegging for denne delen av vassdraget, og det er tilrådd bru. I samband med pågåande og planlagde oppgraderingar på vassverket, må det leggjast til rette for at tyngre trafikk skal kunna passera, og arealet kring vassverket skal sperrast av. Avsperring inneber at det ikkje lenger vil vera mogleg å køyra rundt om vassverket og Midtfjellet og koma ned att til fylkesvegen, og bustadane på innsida av Fitjarelva vil ikkje lenger kunna koma ut når Kvednavegen er stengd. Av beredskapsomsyn er dette uheldig, sjølv om vegstengingane til no ikkje har vart så lenge.

Det er planlagd prosjektering i 2027 og gjennomføring i 2028, men me gjer merksame på at kostnadane til gjennomføring er høgst usikre enn så lenge det ikkje har vore prosjektert eller kalkulert noko.

Total investeringsramme:	kr. 3 386 250
Årleg finanskostnad:	kr. 279 366
Vinst:	Reduserte vedlikehaldskostnader
	Beredskap

Trafikksikring

Trafikksikringstiltak er no føreslege ført kvart tredje år, med større beløp enn det har vore fram til no. Årsaka er at det syner seg at det kan verta vanskeleg å få gjennomført trafikksikringstiltak for ein så liten sum som har lege inne i budsjettet. Kurveutrettingar, kryssutbetringar osv. vil ofte kosta meir enn det avsett sum har tillate, spesielt i lys av at dette skal prosjekterast og søkjast om i tillegg til gjennomførast. For tiltak slik som fartshumpar og skilting vil summen vera tilstrekkeleg, men slike summar bør heller førast i drift.

Total investeringsramme:	kr. 967 500
Årleg finanskostnad:	kr. 80 000
Vinst:	Trafikktryggleik

Utvikling Årskog kai

Tiltaket er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan.

Kommunen har teke imot større mengder stein frå Yggdrasilprosjektet. Steinen er no lagra i Årskog på mellombels byggjeløyve. Det er tenkt å nytta steinen til å utbetra næringsområdet og/eller kaia i Årskog. Gjennomføring i 2027 vert basert på vedtak i kommunestyret i desember 2026. Føreslått post for 2027 er usikker, og truleg knapp dersom det skal gjerast større endringar på kaifront med vidare.

Total investeringsramme:	kr. 5 459 000
Årleg finanskostnad:	kr. 450 000
Vinst:	Investering i utviding av næringsområde
	Verdi av framtidig sal og aktivitet

Lysmaster i Fitjar Idrettspark

Etter ynske frå idrettslaget låg dette prosjektet inne i budsjettet for 2025, men budsjettet då var ikkje tilstrekkeleg, og prosjektet er difor vorte sett på vent.

Det er inngått avtale med idrettslaget om at dei skal bidra med kr. 300 000,- til prosjektet. Det skal søkjast om spelemidlar, som vil utgjera kring kr 300 000,-. Utover dette trengst det kring 600 000,- i ytterlegare finansiering. Bakgrunnen for at prosjektet vert såpass mykje dyrare enn opphavleg budsjett er at det, etter samtale med idrettslaget, er ynskjeleg med eit større lysanlegg som både utløyser rett til tippemidlar og som medfører litt fleire og større lysmaster enn opphavleg tenkt, slik at heile anlegget vert skikkeleg opplyst.

Total investeringsramme:	kr. 600 000
Årleg finanskostnad:	kr. 58 800
Vinst:	Attraktivitet og folkehelse
	Det er lagt til grunn nedbetaling over 20 år

Oppgradering veg Lio-Koløyo

Den kommunale vegen bør oppgraderast:

- Breiddeutviding og grøfting: Strekket er smalt med dårleg sikt og manglande vegskulder på fleire parti.
- Masseskifting og ny asfalt: Vegen har setningsskader. Ny og stabil underbygging er nausdynt for lang levetid og reduserte vedlikehaldskostnader i framtida.
- Det bør vurderast ny gang og sykkelsti for dei mjuke trafikantane.
- Prosjektet er ei naturleg forlenging av det allereie opprusta veg- og VA-anlegget som vart ferdigstilla frå Øvrebygda skule til Lio i 2018

Ved utbetring av vegen bør også VA skiftast ut på strekkja, og det bør sjåast på trasé som gjer at me kan fjerna avlaupspumpestasjonen i Storevik. Infrastruktursamarbeid med andre eksterne aktørar kan vera aktuelt på strekkja. Oppgradering av veg og VA kan og delast opp i etappar.

Total investeringsramme:	kr. 645 000 i oppstart samla estimat kr 16 770 000 ved ferdigsstilling
Årleg finanskostnad:	kr. 1 383 583
Vinst:	Trafikktryggleik
	Vedlikehald

Sjøstrand eigedom - utbyggingsavtale

I samsvar med sentrumsplanen for Fitjar var det mål om å etablera ein utbyggingsavtale med Sjøstrand Eigedom AS, utbyggingsavtalen skal medverka til å realisera strandpromenade og gatetun. Kostnadene er foreløpig estimert til omlag kr. 5,5 mill. Det er aktuelt å krevja kontantbidrag frå utbyggjar, det er også aktuelt å søkja medfinansiering for tiltaket.

Prisestimatet er under revidering.

Total investeringsramme: kr. 5 459 000
Årleg finanskostnad: kr. 452 9259
Vinst: Attraktivitet
Tilbakebetaling etter avtale ved framtidig sal.
Tilskot kan gå til fråtrekk på investeringsramme

Gatelys

Det var avsett midlar i 2026 til dette tiltaket, men summen var ikkje tilstrekkeleg for å koma i mål, og me føreslår difor å setja opp ein ny sum til dette.

Kommunen har ein del umålte gatelys att som det er ynskjeleg å få målte. Ved målte i staden for umålte lys vert straumrekninga reell og ikkje lenger stipulert. Det er og ein del gatelys som bør få betre tidsstyring, og styringsskap bør ut av trafostasjonar, slik at kommunen får tilgang utan Fagne.

Total investeringsramme: kr. 537 000
Årleg finanskostnad: kr. 44 033
Vinst: Styring
Reduserte energikostnader

Transportmidlar og utstyr

Transportmidlar										
Utkjøp leasingbil S&D (flytta frå 2026 pga ein feil)	kr	300 000,00							kr	300 000,00
Erstatningsbil for Hiace S&D	kr	645 000,00							kr	645 000,00
Erstatta kartplottar og montere FLIR i Kari II	kr	215 000,00							kr	215 000,00
Oppmålingsbil/prosjektleiarbil (erstattar leasingbil der leasingavtalen utgår i 2027)	kr	537 500,00							kr	537 500,00
Fornying bilpark S&D					kr	752 500,00			kr	752 500,00
Ny traktor + traktorhengar S&D					kr	1 612 500,00			kr	1 612 500,00
Vaktbil Fitjar brann og redning	kr	595 000,00							kr	595 000,00
Vaktbil Fitjar brann og redning - inntekter ved sal av bilar	kr	-595 000,00							kr	-595 000,00
Ny VA-bil vatn (V)			kr	752 500,00					kr	752 500,00
SUM	**kr**	**1 697 500,00**	**kr**	**752 500,00**	**kr**	**2 365 000,00**	**kr**	**-**	**kr**	**4 815 000,00**

Utkjøp leasingbil

Dette tiltaket låg inne i 2026, men leasingavtalen går ikkje ut før i 2027, og tiltaket vert difor flytta frå 2026 til 2027. Dette er den siste leasingbilen på teknisk eining på Teknisk drift.

Total investeringsramme: kr. 300 000
Årleg finanskostnad: kr. 71 250
Vinst: Finanskostnad vert utrekna mot leasingkostnad.

Erstatningsbil for vaktmeisterbil - Hiace

Ein av bilane på drifta er no så gamal og dårleg at han må skiftast ut. Bilen er ein Hiace, registreringsår 2010. Bilen trengst til vanlege driftsoperatøroppgåver og til utkøyring av hjelpemiddel for helseetaten.

Total investeringsramme: kr. 645 000
Årleg finanskostnad: kr. 153 188
Vinst: Finanskostnad vert utrekna mot alternativ kostnad for leasing, forventa leasing vil liggje på omlag kr. 96 000 per år.

Dagens bil vert seld, inntekt frå sal går til fråtrekk i investeringsramma.

Erstatta kartplottar og montera varmesøkjande kamera i Kari II

Kartplottaren i brannbåten Kari II fungerer ikkje lenger, og må erstattast. I tillegg er det behov for varmesøkjande kamera (FLIR).

Total investeringsramme:	kr. 215 000
Årleg finanskostnad:	kr. 51 000
Vinst:	Beredskap.

Oppmålingsbil / prosjektbil / IKT bil

Leasingavtalen for dagens IKT-bil går ut i 2026. Det er ikkje ynskjeleg å fornya den avtalen, då det har vore svært mykje trøbbel med denne bilen. Det er heller ynskjeleg å kjøpa ein ny bil som S&D får driftsansvaret for og som skal delast mellom oppmåling, investeringsprosjekt og IKT.

Total investeringsramme:	kr. 537 500
Årleg finanskostnad:	kr. 127 566
Vinst:	Finanskostnad vert utrekna mot alternativ kostnad for leasing, dagens leasingavtale utgjer kr. 96 000 per år.

Fornying av bilpark

Bilparken må jamleg fornyast, slik at bilane held ein ok standard. Fitjar kommune har inntil no ikkje hatt ein fast plan for korleis fornying av bilparken til skal skje. Det er no føreslege at det vert teke inn midlar til ein bil annakvart år. Dette gjeld stort sett bilar for samfunnsutvikling og drift, men det bør gjerast ei vurdering om kommunen skal ha balanse mellom eigne bilar og leasing som idag eller ikkje. Dersom det vert lagt inn midlar kvar anna år sikrar me ei gjennomsnittleg levetid på bilane på 12 år.

Total investeringsramme:	kr. 752 500
Årleg finanskostnad:	kr. 178 719
Vinst:	Finanskostnad vert utrekna mot alternativ kostnad for leasing Bilar vert nedbetalt over 5 år Snitt omskifting på 12 år sikrar ein viss salsverdi.

Utskifting av vaktbil Fitjar brann og redning

Dagens vaktbil er ein Mercedes-Benz GLK, 2014-modell. Bilen har dei siste åra hatt aukande drifts- og vedlikehaldskostnader og redusert driftstryggleik som følgje av jamlege verkstadopphald.

Bilen skal nyttast som innsatsleiarbil for overordna vakt og er eit viktig arbeidsverktøy for leiing og koordinering av større og komplekse hendingar. Dagens bil er ikkje tilfredsstillande tilpassa denne funksjonen. Det er avgrensa plass til nødvendig utstyr, og bilen gir ikkje gode nok arbeidsforhold for innsatsleiing og etablering av mobil kommandoplass.

Jamlege tekniske problem og verkstadopphald fører i tillegg til periodar der brannvesenet står utan tilgjengeleg innsatsleiarbil. Dette gir både auka kostnader og redusert operativ beredskap.

På lengre sikt bør det investerast i ein ny og formålstenleg innsatsleiarbil. Som ei mellombels løysing ynskjer me i 2027 å kjøpe ein nyare bruktbil, om lag 2018–2022-modell, som kan nyttast fram til det er økonomisk rom for å investere i ein ny innsatsleiarbil.

Kjøpet er planlagt finansiert gjennom sal av eksisterande køyretøy:

- Redningsbil: kr 95 000
- Mannskapsbil: anslått kr 300 000
- Eksisterande vaktbil: anslått kr 200 000

Samla anslått salsinntekt: kr 595 000

Kjøp av brukt innsatsleiarbil, 2018–2022-modell: anslagsvis kr 500 000–600 000.

Total investeringsramme:	kr. 0
Årleg finanskostnad:	kr. 0
Vinst:	Opprydding i eksisterande bilpark Reduserte vedlikehaldskostnader

Ny traktor og traktorhengar

Kommunen sin traktor er 14år gamal og snart moden for fornying. Traktoren er eit supplement til bilane, og vert nytta til utedrifta, m.a. snørydding, strøing og anna utomhusarbeid. Traktoren må og ha traktorhengjar. Investeringsramma føreset sal av dagens traktor.

Total investeringsramme:	kr. 1 612 500
Årleg finanskostnad:	kr. 233 000
Vinst:	Reduserte vedlikehaldskostnader

Oppsummering transportmidlar

Det er lagt opp til noko investeringar i nye bilar, totalt omlag 4,8 MNOK i planperioden. Det er trong for å gjera noko nærare vurderingar der målet må vera at investeringskostnad vert redusert gjennom sal. I høve til traktor

YMSE

Under denne overskrifta ligg mindre investeringar i utstyr og system, mange av tiltaka er vidareføring av eksisterande økonomiplan.

Ymse	2 027	2 028	2 029	2 030	SUM
Geovekst - flyfoto og kartdata	kr 215 000,00				kr 215 000,00
Arkiv	kr 540 000,00	kr 680 000,00	kr 540 000,00		kr 1 760 000,00
Kommunikasjonsutstyr røykdykkarar brannmannskap	kr 322 500,00				kr 322 500,00
Nytt forsystem skule + bhg O&K	kr 159 000,00				kr 159 000,00
Nytt journalsystem H&O	kr 322 500,00				kr 322 500,00
SUM	kr 1 559 000,00	kr 680 000,00	kr 540 000,00	kr -	kr 2 779 000,00

Geovekst - flyfoto og kartdata

Kommunen deltek i geovekstprosjekta til Kartverket saman med alle andre kommunar. Her vert kostnadane for flyfoto og andre kartinvesteringar fordelt på kommunane. I 2026-2027 er det tid for nye flyfoto, endringar i AR5 og omløpsfotografering i vårt område. Kostnadane vert fordelt på to år. Summen er sett av Kartverket.

Arkiv

Dette er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan.

Det vert lagt opp til fullelektronisk arkiv i økonomiplanperioden. Den største delen av dette er knytt til å digitalisera byggjesaksarkivet. Det som står att av lokalt papirarkiv vert overlevert Interkommunalt arkiv for deponering. Målet er å auka tilgang for publikum og gje grunnlag for effektiv sakshandsaming.

Total investeringsramme: kr. 1 760 000
Årleg finanskostnad: kr. 145 200
Vinst: Meir effektiv sakshandsaming
Reduserte arkivkostnader over tid

Kommunikasjonsutstyr røykdykkarar brannmannskap

Dette er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan.

Det manglar kommunikasjonsutstyr for røykdykkarar. Utstyret er kommunikasjonsutstyr kombinert med høyrselsvern. Det er lagt opp til å undersøkja vidare kva utstyr som kan nyttast og naudsynt omfang.

Total investeringsramme: kr. 322 500
Årleg finanskostnad: kr. 76 594
Vinst: Naudsynt for å sikra tryggleik for mannskap

Nytt forsystem skule og barnehage

Dette er trong for eit samla forsystem for skule og barnehagar.

Systemet skal leggja opp til digital arbeidsflyt, betre kommunikasjon mellom heim og skule. Tiltaket er ei vidareføring frå tidlegare plan.

Total investeringsramme:	kr. 159 000
Årleg finanskostnad:	kr. 38 000
Vinst:	Reduserte administrative kostnader
	Betre kommunikasjon mellom heim og skule

Nytt journalsystem - EPJ

Det er krav om at kommunane må gå inn på elektronisk pasientjournal. Fitjar kommune arbeider saman med mellom anna SYS-Ikt og IKTN om anbod. Innføring vert anten i 2027 eller 2028.

Total investeringsramme:	kr. 322 500
Årleg finanskostnad:	kr. 76 594
Vinst:	Reduserte administrative kostnader
	Betre pasienttryggleik
	Auka lisenskonstnadar

Oppsummering Ymse

Det er sett opp relativt få investeringar under ymse posten. Når det gjeld investeringar i nye system vert det ein delt kostnad mellom etableringskostnad og framtidige årlege driftskostnader.

Det er å merkja seg at det ikkje er sett av investeringar i IKT infrastruktur i planperioden, dette må sjås i ljos av at me no vurderer framtidig organisering. Det er heller ikkje sett av eigen investeringspost for utskifting av IKT utstyr i skulen, reine utskiftingar skal handterast over drift.

VA

VA	2 027	2 028	2 029	2 030	SUM
Alternativ vassforsyning (V)	kr 3 762 500,00	kr 3 225 000,00		kr 48 375 000,00	kr 55 362 500,00
Sonevassmålarar (V)	kr 2 163 000,00				kr 2 163 000,00
Nytt høgdebasseng Rimbareid (V)	kr 16 583 000,00				kr 16 583 000,00
Nytt hovudvassverk Rimbareid (V)				kr 537 500,00	kr 537 500,00
Utskifting av leidningsnett (V)					kr -
Lekkasjereduksjon (V)		kr 1 720 000,00	kr 1 720 000,00	kr 1 720 000,00	kr 5 160 000,00
Utskifting vassleidning Tveita	kr 5 267 500,00				kr 5 267 500,00
Utbetring avlaupsnett Vestbøstad (A)	kr 618 000,00	kr 15 656 000,00			kr 16 274 000,00
Fitjarstølane del I (V)	kr 4 892 500,00				kr 4 892 500,00
Fitjarstølane del I (A)	kr 4 918 250,00				kr 4 918 250,00
Hogste-Øvrebygda (med Fagne) (V)	kr 8 034 000,00				kr 8 034 000,00
Hogste-Øvrebygda (med Fagne) (A)	kr 7 982 500,00				kr 7 982 500,00
Fitjarstølane del 2 (A)			kr 806 250,00	kr 10 750 000,00	kr 11 556 250,00
Fitjarstølane del 2 (V)			kr 806 250,00	kr 10 750 000,00	kr 11 556 250,00
Havn del I (A)		kr 860 000,00	kr 10 403 000,00		kr 11 263 000,00
Havn del I (V)		kr 860 000,00	kr 10 403 000,00		kr 11 263 000,00
Fitjar sentrum del 2 (A)	kr 645 000,00	kr 6 257 250,00			kr 6 902 250,00
Fitjar sentrum del 2 (V)	kr 645 000,00	kr 6 257 250,00			kr 6 902 250,00
Mindre avlaupsanlegg (A)	kr 750 000,00	kr 750 000,00	kr 750 000,00	kr 750 000,00	kr 3 000 000,00
Resipientundersøking Vestbøstadvika (A)		kr 1 000 000,00			kr 1 000 000,00
Oppgradering pumpestasjonar: tilbakeslagssikring, elektrisk anlegg, PLS og buffertank		kr 537 500,00	kr 7 525 000,00		kr 8 062 500,00
Ny avlaupsleidning (reststrekk) mot Vik (A)		kr 875 500,00	kr 3 708 750,00		kr 4 584 250,00
Ny avlaupsleidning mot Vestbøstad, samankopling (A)				kr 1 075 000,00	kr 1 075 000,00
SUM	**kr 56 415 750,00**	**kr 37 998 500,00**	**kr 36 122 250,00**	**kr 73 957 500,00**	**kr 204 494 000,00**

Alternativ vassforsyning (V)

Dette gjeld arbeid med å etablera alternativ vassforsyning for kommunen. Tiltaket er i samsvar med hovudplan for vatn.

Sonevassmålarar (V)

Ved etablering av sonevassmålarar får me betre kjennskap til nettet og kor lekkasjane er. Arbeidet med å setja ned sonevassmålarar pågår, men det bør setjast av midlar til fleire målarar det neste året. Tiltaket er i samsvar med hovudplan for vatn.

Nytt høgdebasseng Rimbareid (V)

Dette vil gje oss større vassreserve, då dagens høgdebasseng er svært lite med svært stor gjennomstrøyming på eit døgn. Dette er eit tiltak det er svært viktig å realisera i 2027, slik at kommunen si drifts- og forsyningssikkerheit vert betra. Tiltaket er i samsvar med hovudplan for vatn.

Nytt hovudvassverk Rimbareid (V)

I lys av aukande fargetal, må me pårekna nytt hovudvassverk i løpet av dei neste 10-15 åra. Innleiande vurderingar bør startast med i slutten av økonomiplanperioden. Tiltaket er i samsvar med hovudplan for vatn.

Plan for naudvassforsyning (V)

Kommunen har ikkje plan for naudvassforsyning og bør få dette utarbeidd. Tiltaket er i samsvar med hovudplan for vatn.

Utskifting av leidningsnett (V)

Kommunen skal skifta ut leidningsnett for 14MNOK årleg, jf ny hovudplan for vatn. For 2027 og 2028 er det sett opp eigne konkrete tiltak, men for 2029 og 2030 er det berre avsett ein generell post med 14 MNOK.

Lekkasjereduksjon (V)

Denne posten gjeld reduksjon av vasslekkasjar, fyrst og fremst oppgraving og reparasjon av lokaliserte lekkasjar. Tiltaket er i samsvar med hovudplan for vatn.

Posten er teke ut for 2027, så midlane vert overført til prosjektet for utskifting av vassleidning på Tveita, jf. eige kommunestyresak.

Utskifting vassleidning Tveita (V)

Dette tiltaket gjeld utskifting av eit leidningsstrekk på Tveita der kommunen hadde eit stort vassleidningsbrot i 2026. Tiltaket er vedteke i eige kommunestyresak.

Utbetring avlaupsnett Vestbøstad (A)

Tiltaket er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan.

Me har over lengre tid hatt problem med avlaupsnettet i bustadfeltet på Vestbøstad. Slamavskiljarane her har måtta naudtømast fleire gongar. Årsaka er mykje overvatn på nettet, og det bør separerast. Prosjektering pågår og skal halda fram i 2027 før gjennomføring i 2028.

VA-anlegg Fitjarstølane (V)

VA-anlegg Fitjarstølane (A)

Me har kartlagd leidningane og kummane i nedre del av Fitjarstølane, og dei er svært dårlege. Kummane står fulle i vatn, det er innlekking i og skade på leidningane, og det renn kloakk ut i myra og derifrå ut i Fitjarelva. Prosjektering pågår, med plan om gjennomføring i 2027.

Ny avlaupsleidning (reststrekk) mot Vik

Tiltaket er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan.

Då fylkesvegen mot Vik vart utbetra, vart det lagt ny avlaupsleidning og vassleidning på strekkja. Det viser seg at det manglar ei strekkje på om lag 230 meter mellom den nye leidninga frå Vik og den som kjem opp frå sentrum. Dette inneber at den nye leidninga aldri har vore sett i drift. Den bør setjast i drift, og husstandane i området må koplast på. For å få sett leidninga i drift må det leggjast kring 230m ny leidning. Etter kartlegging i 2026 ser me at kommunal pumpestasjon kan utgå frå prosjektet, noko som reduserer kostnadane for kommunen med kring 3,5MNOK. Tiltaket bør prioriterast, men etter anlegget i Fitjarstølane.

VA-anlegg Hogste-Øvrebygda med Fagne (V)

VA-anlegg Hogste Øvrebygda med Fagne (A)

Tiltaket er ei vidareføring av gjeldande økonomiplan.

Utbetring av eksisterande vassleidning mellom Hogste og Øvrebygda skule, i samarbeid med Fagne. Det vert og lagt ny avlaupsleidning i same grøft, for å kunna sanera private avlaupsanlegg i området rundt Storavatnet. Dette prosjektet vert då eit av saneringsprosjekta for å skifta ut dårleg vassnett. Det er forventa at oppstart av anleggsarbeid kan skje i andre halvdel av 2027.

Mindre avlaupsanlegg (A)

Denne posten bør liggja på minimum 0,75MNOK årleg. Driftsbudsjettet på avlaup er svært lite, noko som medfører at utskiftingstakta i dag i realiteten er 0%, noko som er lite ynskjeleg.

Resipientundersøking Vestbøstadvika

I samband med revidert utsleppsløyve for dei kommunale avlaupsanlegga i 2026 har kommunen fått pålegg om å gjennomføra resipientundersøking på Vestbøstadvika, som er den dårlegaste resipienten. Dersom det vert gjennomført tiltak for å overføra kloakken frå Vestbøstad til sentrum kan det vurderast om denne undersøkinga heller skal gjennomførast på Fitjarvika.

Oppgradering pumpestasjonar (tilbakeslagssikring, elektrisk anlegg, PLS og buffertank)

Dei kommunale pumpestasjonane er modne for oppgradering. Dei treng nye PLSar (driftsstyring) og elektrisk anlegg, dei har ikkje tilbakeslagssikring (tiltak for å hindra at avlaupsvatn kjem innpå vassnettet) eller buffertank (tiltak for å hindra at eventuelt overløp/utslepp frå stasjonane kjem ut i sårbare resipientar som t.d. osen i Fitjarelva.)

VA-anlegg Fitjarstølane del II (V)

VA-anlegg Fitjarstølane del II (A)

Når me no har gjennomført oppgradering av VA-nettet i nedre del av Fitjarstølane, bør me og halda fram oppover i feltet, også for å klargjera ubygde tomter for bygging og vidare utskifting av vassnettet nordover mot Årskog. Me må venta at kvaliteten på eksisterande leidningsnett held like låg kvalitet og tilstand som i nedre del. Tiltaket er i samsvar med hovudplan for vatn.

Sanering VA-anlegg Havn (V)

Sanering VA-anlegg Havn (A)

VA-anlegget i Havn er gamalt, kanskje blant det eldste i kommunen, og modent for utskifting. Me er kjend med asbestleidningar som bør skiftast ut, og fellesleidningar der overvatn og kloakk renn på same leidning. Sanering av fellesleidningar er i seg sjølv ynskjeleg, så det vil redusera driftskostnadane våre, og sikra best mogleg reinsing.

Ny avlaupsleidning frå sentrum til Vestbøstad (samankopling og sanering) (A)

Det er ynskjeleg å samla det kommunale avlaupet, med reinsing på silanlegget. Det manglar avlaupsleidning mellom Hegraneset og Kalveid og Vestbøstad. Nyanlegg vil sikra at bustadane og øvrige bygg i Slottshaugen, på Hegraneset, Kalveid og i Skålevik vert kopla på offentleg nett, og me kan sanera slamavskiljarane på Kalveid og Vestbøstad.

Sanering VA-anlegg Fitjar sentrum (A)

Sanering VA-anlegg Fitjar sentrum (V)

Dette er ei forlenging av miljøgata mot FKIB. Leidningane her er gamle og modne for utskifting. Dette prosjektet bør gjennomførast i samarbeid med Vestland fylkeskommune sitt eventuelle arbeid på strekkja. Arbeid på Sjøstrand vil og ha påverknad på når og korleis dette prosjektet skal gjennomførast.

Ny VA-bil (V)

Vassbilen er moden for utskifting. Kommunen har behov for ein bil knytt til avlaup og ein annan knytt til vatn. Av drikkevassomsyn er det ikkje ynskjeleg å nytta avlaupsbilen til arbeid på vassnettet.

Total investeringsramme:	kr. 752 500
Årleg finanskostnad:	kr. 178 719
Vinst:	Reduserte vedlikehaldskostnader
	Sal av dagens bil går til reduksjon av kjøpesum

Oppsummering VA

Investeringar innanfor VA er i samsvar med hovudplan Vatn, dei er såleis ikkje skildra i detalj her. Når det gjeld investeringar i avløp er det i stor grad for å sikra samdriftsfordeler.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til investeringar i storleik kr. 204 MNOK, dersom me skriv fram investeringsplanen for vidare 10 år vil det kunne vera snakk om investeringar tilsvarande omlag kr. 602 MNOK. Dei største investeringane vil då vera:

- Sekundærreinseanlegg kr 190 MNOK
- Reservevasskjelde kr 55 MNOK
- Fornying av leidningsnett kr 105 MNOK
- Ny hovudvassverk kr. 78 MNOK

No er det ennå ikkje avklart om Fitjar vert omfatta av krav om sekundærreinsing, men også utanom dette er det trong for omfattande investeringar.

Rømmingsdører Fitjar kulturhus (passivt tiltak)

Søknad om midlar til utskifting av to ytterdører ved Fitjar Kulturhus.

1. Dør til biblioteket (tidlegare rømmingsdør) - kr 59 500,-
2. Rømmingsdør for kultursalen - kr 79 000,-

Totalt kr 138 500,-

Økonomiske oversikter

(Eventuelle unytta midlar vil bli sett av til disposisjonsfondet.)

Forskriftsskjema § 5-4

	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Rammetilskot	-146 744	-154 058	-154 058	-160 446	-160 527	-160 522	-160 522
Inntekts- og formuesskatt	-130 483	-131 697	-133 447	-140 117	-140 117	-140 117	-140 117
Eigedomsskatt	-27 934	-33 608	-34 408	-34 706	-35 306	-35 306	-35 306
Andre generelle driftsinntekter	-25 689	-31 562	-31 762	-17 930	-24 400	-16 420	-21 530
Sum generelle driftsinntekter	-330 850	-350 925	-353 675	-353 199	-360 350	-352 365	-357 475
Sum bevilling drift, netto	329 471	327 570	333 041	334 399	329 322	327 640	327 640
Brutto driftsresultat	-1 379	-23 355	-20 634	-18 800	-31 028	-24 725	-29 835
Renteinntekter	-3 861	-3 014	-3 538	-4 513	-3 805	-3 782	-3 648
Utbytte	-1 031	-569	-569	-469	-469	-469	-469
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-877	-755	-813	-782	-801	-276	0
Renteutgifter	13 270	13 979	14 716	19 403	20 298	19 428	20 656
Avdrag på lån	17 192	17 936	17 217	19 157	21 980	23 088	25 095
Netto finansutgifter	24 693	27 577	27 013	32 796	37 203	37 989	41 634
Motpost avskrivingar	-18 077	-18 113	-18 377	-18 637	-19 132	-19 575	-19 930
Netto driftsresultat	**5 237**	**-13 891**	**-11 998**	**-4 641**	**-12 957**	**-6 311**	**-8 131**
Disponering / dekking av netto driftsresultat							
Overføring til investering		8 000	5 232	0	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	1 984	61	3	3	3	3	3
Bruk av bundne driftsfond	-1 361	-414	-314	-783	0	0	0
Avsetjingar til disposisjonsfond		6 243	7 077	5 422	12 954	6 308	8 128
Bruk av disposisjonsfond	-5 860			0	0	0	0
Dekking av tidlegare års meirforbruk				0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	**-5 237**	**13 890**	**11 998**	**4 641**	**12 957**	**6 311**	**8 131**
Ført til inndekking i seinare år	0	-0	-0	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Bevilling drift							
Helse og sosial	22 357	19 914	22 426	23 333	21 536	21 536	21 536
Institusjon	39 579	35 600	36 801	35 824	36 052	36 052	36 052
Heimebaserte tenester	24 367	24 530	24 273	22 398	22 651	22 651	22 651
Habilitering	39 330	33 358	36 604	37 338	37 519	37 519	37 519
Helsespesialistar	13 067	13 783	14 858	14 862	14 957	14 957	14 957
NAV	13 510	14 011	13 009	12 501	12 118	12 118	12 118
Sum Helse, sosial og omsorg	**152 211**	**141 197**	**147 970**	**146 256**	**144 833**	**144 833**	**144 833**
Skule og oppvekstadministrasjon	23 822	20 544	20 159	20 248	17 676	16 969	16 969
Helsestasjon		4 416	4 001	4 397	4 253	4 253	4 253
Rimbareid skule	53 564	51 004	52 470	50 836	49 717	48 637	48 637
Øvrebygda skule	8 462	7 650	7 855	7 960	7 960	7 960	7 960
Selevik skule	4 441	4 462	4 472	4 608	4 608	4 608	4 608
Svingen barnehage	19 436	11 804	12 064	11 229	11 229	11 229	11 229
Fitjar barnehage		5 529	6 788	10 185	10 185	10 185	10 185
Dåfjorden barnehage		1 331	1 538				
Kultur	4 102	4 649	4 742	3 977	3 977	3 977	3 977
Musikk- og kulturskule				1 974	1 974	1 974	1 974
Sum Oppvekst og kultur	**113 828**	**111 390**	**114 089**	**115 414**	**111 579**	**109 792**	**109 792**
Forvaltning	3 775	4 480	4 650	2 438	2 438	2 438	2 438
Drift og vedlikehald	27 293	32 340	34 006	30 462	30 442	30 442	30 442
VAR	-2 989	-31	-2 881	-4 403	-4 964	-4 964	-4 964
Brann og beredskap	7 775	8 346	7 791	8 643	8 643	8 643	8 643
Sum Samfunnsutvikling og drift	**35 854**	**45 135**	**43 567**	**37 140**	**36 559**	**36 559**	**36 559**
Politisk leiing	5 506	12 096	5 480	5 921	5 764	5 889	5 889
Administrasjon	23 631	23 300	23 928	24 929	25 849	25 829	25 829
Sum sentraladministrasjon	**29 137**	**35 396**	**29 408**	**30 850**	**31 613**	**31 718**	**31 718**
Økonomisk forvaltning	-1 559	-5 548	-1 993	4 739	4 739	4 739	4 739
Sum bevilling drift	**329 471**	**327 570**	**333 041**	**334 399**	**329 322**	**327 640**	**327 640**

Forskriftsskjema § 5-5, 1. lekk (Oversikt over dei einskilde investeringane ligg i kapittelet Investeringar)

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Investeringar i varige driftsmidlar	22 567	54 830	160 026	68 023	77 300	196 738
Tilskot til andre sine investeringar	130	300	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	720	752	861	898	945	993
Utlån av eigne midlar	2 322	0	400	500	500	500
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	**25 739**	**55 882**	**161 287**	**69 420**	**78 745**	**198 230**
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 067	-11 026	-32 005	-13 605	-15 460	-39 348
Tilskot frå andre	-1 358	-300	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	-13	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	-923	-194	-594	-694	-694	-694
Bruk av lån	-18 449	-43 610	-127 427	-53 724	-61 146	-156 696
Sum investeringsinntekter	**-22 810**	**-55 130**	**-160 026**	**-68 023**	**-77 300**	**-196 738**
Vidareutlån	3 180	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Bruk av lån til vidareutlån	-3 180	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500
Avdrag på lån til vidareutlån	2 255	2 200	2 350	2 400	2 450	2 500
Mottatte avdrag på vidareutlån	-1 507	-1 300	-1 600	-1 650	-1 700	-1 750
Netto utgifter vidareutlån	**748**	**900**	**750**	**750**	**750**	**750**
Overføring frå drift	-2 044	0	0	0	0	0
Avsetjingar til bundne investeringsfond	-2 255	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	1 507	-900	-750	-750	-750	-750
Avsetjingar til ubunde investeringsfond	-2 119	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	1 233	-752	-1 261	-1 398	-1 445	-1 493
Dekking av tidligare års udekka beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	**-3 677**	**-1 652**	**-2 011**	**-2 148**	**-2 195**	**-2 243**

Forskriftsskjema § 5-6

	Rekneskap 2025	Opphavleg 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Rammetilskot	-146 744	-154 058	-154 058	-160 446	-160 527	-160 522	-160 522
Inntekts- og formuesskatt	-130 483	-131 697	-133 447	-140 117	-140 117	-140 117	-140 117
Eigedomsskatt	-27 934	-30 911	-34 408	-34 706	-35 306	-35 306	-35 306
Andre skatteinntekter	-9 275	-9 350	-9 350	-9 350	-9 350	-9 350	-9 350
Andre overføringar og tilskot fra staten	-16 413	-22 412	-22 412	-8 580	-15 050	-7 070	-15 070
Overføringar og tilskot frå andre	-69 270	-55 026	-56 777	-60 399	-56 809	-56 680	-56 680
Brukarbetalingar	-7 503	-7 607	-7 348	-7 350	-7 623	-7 623	-7 623
Sals- og leigeinntekter	-28 458	-31 044	-30 208	-30 379	-39 617	-41 113	-41 113
Sum driftsinntekter	**-436 080**	**-442 105**	**-448 007**	**-451 327**	**-464 399**	**-457 782**	**-465 782**
Lønsutgifter	217 711	212 913	214 250	221 011	221 955	221 955	221 955
Sosiale utgifter	58 832	56 795	60 322	59 650	59 308	58 993	58 993
Kjøp av varer og tenester	119 917	113 905	114 505	118 440	118 479	118 036	120 571
Overføringar og tilskot til andre	20 165	16 754	19 919	15 044	14 537	14 537	14 537
Avskrivningar	18 077	18 384	18 377	18 383	19 132	19 575	19 930
Sum driftsutgifter	**434 701**	**418 751**	**427 373**	**432 528**	**433 412**	**433 097**	**435 987**
Brutto driftsresultat	**-1 379**	**-23 355**	**-20 634**	**-18 799**	**-30 988**	**-24 685**	**-29 795**
Renteinntekter	-3 861	-3 014	-3 538	-4 513	-3 805	-3 782	-3 648
Utbytte	-1 031	-569	-569	-469	-469	-469	-469
Vinster og tap på finansielle omløpsmidlar	-877	-755	-813	-782	-801	-276	0
Renteutgifter	13 270	13 979	14 716	19 403	20 298	19 428	20 656
Avdrag på lån	17 192	17 936	17 217	19 157	21 980	23 088	25 095
Netto finansutgifter	**24 693**	**27 577**	**27 013**	**32 796**	**37 203**	**37 989**	**41 634**
Motpost avskrivningar	-18 077	-18 113	-18 377	-18 637	-19 132	-19 575	-19 930
Netto driftsresultat	**5 237**	**-13 890**	**-11 998**	**-4 640**	**-12 917**	**-6 271**	**-8 091**
Overføring til investering		8 000	5 232	0	0	0	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	1 984	61	3	3	3	3	3
Bruk av bundne driftsfond	-1 361	-414	-314	-783	0	0	0
Avsetjingar til disposisjonsfond		6 243	7 077	5 420	12 914	6 268	8 088
Bruk av disposisjonsfond	-5 860			0	0	0	0
Dekking av tidlegare års meirforbruk				0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	**-5 237**	**13 890**	**11 998**	**4 640**	**12 917**	**6 271**	**8 091**
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	**0**	**0**	**-0**	**0**	**-0**	**0**	**0**

Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Pensjonsforpliktingar						
KLP	411 035	427 476	444 575	462 358	480 852	500 087
SPK	40 499	42 118	43 803	45 555	47 378	49 273
Sum pensjonsforpliktingar	**451 533**	**469 595**	**488 378**	**507 914**	**528 230**	**549 359**
Lån						
Lån ekskl. VA	287 988	333 448	373 938	377 893	391 014	461 413
% av driftsinntekter	**66 %**	**74 %**	**83 %**	**79 %**	**78 %**	**88 %**
Rentebytteavtalar						
Nordea	10 000	0	0	0	0	0
Sparebanken Vest	27 500	27 500	27 500	27 500	0	0
Sum rentebytteavtalar	**37 500**	**27 500**	**27 500**	**27 500**	**0**	**0**
Alle rentebytteavtalar betalar Fitjar kommune fastrente og mottek flytande rente						

Kommunen sine tenesteområde

Sentraladministrasjon

Innleiing

Sentraladministrasjonen i Fitjar kommune består av to område: Politisk leiing og Administrasjonen.

Politisk leiing i Fitjar kommune har ansvar for å vedta budsjett for økonomiplanperioden 2026-2029 med mål om å sikre forsvarlege rammer for den folkevalde styringa av kommunen. Det omfattar kostnadar knytt til kommunestyret, formannskapet, politiske utval og kontrollutvalet. Budsjettet legg til rette for effektiv og ansvarleg politisk verksemd, og skal støtta opp under strategisk styring og demokratisk forvaltning..

Administrasjonen har som hovudoppgåve å sikre god styring, effektiv drift og strategisk utvikling av kommunen. I budsjettarbeidet for 2027 har me lagt vekt på å vidareføre eit ansvarleg økonomisk rammeverk, samtidig som me tilpassar oss nye krav og forventningar frå innbyggjarar, politiske organ og nasjonale føringar.

Økonomifunksjonen vert leiar av økonomisjef, administrasjon vert leia av personal og organisasjonssjef. Begge rollene inngår i kommunen si strategiske leiing, personal og organisasjonssjef har også rolla som assisterande kommunedirektør. Personal og organisasjonssjef har ansvar for IT, personal og kundetorg i si eining, i tillegg litt det nær eitt årsverk som er knytt til tillitsvalde som har fri-kjøp etter Hovudavtalen for KS og hovudverneombod som har frikjøp etter arbeidsmiljølova. Tal på årsverk er redusert samanlikna med foregåande år, dette er knytt til at kommunen arbeider med å gå inn i samarbeid med IKT Nordhordland. Fram til no har kommunen hatt ein eigen driftsorganisasjon på IKT med 3,5 årsverk (inkl. lærling)

Omlag 51 % av samla kostnader er knytt til løn, andre kostnader utgjer 48,9 % medan inntekter utgjer omlag 7,4 % av kostnadsbasen.



	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Politisk leiing	5 506	12 096	5 480	5 921	5 764	5 889	5 889
Administrasjon	23 631	23 300	23 928	24 929	25 849	25 829	25 829
Sum sentraladministrasjon	**29 137**	**35 396**	**29 408**	**30 850**	**31 613**	**31 718**	**31 718**

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Flytte festetomtar til 9000 (- 109)

Kommunen sine inntekter og utgifter til festetomtar har tidlegare vore ført på ansvar 1100, flytting til hovudkapittel for økonomisk forvaltning gjev betre grunnlag for økonomisk styring og rapportering.

Val (130)

Gjennomføring av kommune- og fylkesval i 2027.

Innsparingstiltak

Innsparing lisensar ol. (- 100)

Det er lagt inn ein auke i lisenskostnader for 2027 på kr. 320` som følgje av manglande gjennomføring av investeringsprosjekt å IKT i 2026, deler av auken er reversert tilsvarande kr. 100`.

Prosjektarbeid (- 200)

Avsluttande arbeid med nytt ERP-system.

Nye tiltak

Flytte tilleggsløyvingspost (- 6 730)

Dette gjeld tilleggsløyving for å dekke kostnader til lønsoppgjeret for 2027. Flytting til hovudkapitel for økonomisk forvaltning gjev betre grunnlag for økonomisk rapportering og styring.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Tilskot til Fitjar sokn (221)	1	221	221	221	221
Sum		**221**	**221**	**221**	**221**

Nye tiltak

Tilskot til Fitjar sokn (221)

Fitjar sokn har søkt om tilskot på til saman 3 768 500,-, medan budsjettert tilskot er 3 547 800,-.

Politisk leiing

Innleiing

Budsjettet for politisk leiing i Fitjar kommune for 2027 er utarbeida med mål om å sikre forsvarlege rammer for den folkevalde styringa av kommunen. Det omfattar kostnadar knytt til kommunestyret, formannskapet, politiske utval og kontrollutvalet si verksemd. I tillegg ligg næringsutvikling og støtte til reiseliv under dette ansvarsområde.

Beskriving av verksemda i dag

Løn og godtgjersle er tilpassa til gjeldande forskrift for godtgjersle til folkevalde i Fitjar kommune, det vert føresett at det politiske aktivitetsnivået er omlag på same nivå som i 2026.

I høve til tenester som ligg under ansvar for politisk leiing er det mindre justeringar. Tilskot til reiselivskoordinator er vidareført på same nivå som i 2026 med kr. 100 000,- Tilrettelegging for næringslivet er vidareført med vidare samarbeid med Atheo knytt til etablerar-rettleiing, i høve til deltaking i Invest in Sunnhordland er det vidareført på same nivå som i 2026.

Den største veksten under ansvar 1000 er knytt til kontroll og revisjon. Auken her er på omlag 78 % samanlikna med budsjett for 2026, kommunedirektøren vurderer ikkje dette budsjettansvaret og viser til særutskrift frå Kontrollutvalet.

Det er kommuneval i 2027, det er sett av kr. 165` til gjennomføring..

.

Utfordringar og strategi

Prioriteringar i 2027:

- Gjennomføring av kommune- og fylkesval
- Vidareføring av samarbeid med Invest in Sunnhordland og Atheno
- Vidareføring av tilskot til reiselivskoordinator
- For kontrollutvalet sine prioriteringar vert det vist til særutskrift frå kontrollutvalet.

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Val (130)

Gjennomføring av kommune- og fylkesval i 2027.

Nye tiltak

Flytte tilleggsløyvingspost (- 6 730)

Dette gjeld tilleggsløyving for å dekke kostnader til lønsoppgjeret for 2027. Flytting til hovudkapitel for økonomisk forvaltning gjev betre grunnlag for økonomisk rapportering og styring.

Administrasjon

Innleiing

Administrasjonen har som hovudoppgåve å sikre god styring, effektiv drift og strategisk utvikling av kommunen. Fitjar kommunestyre har vedteke ei rekkje politiske prioriteringar som legg føringar for administrasjonen sitt arbeid i planperioden.

Administrasjonen skal gjennom målretta ressursbruk og kontinuerleg forbetringsarbeid støtte opp under desse prioriteringane, følgja opp etatane og bidra til at kommunen når sine strategiske mål.

Overføring til kyrkja ligg også under dette ansvarsområde, overføring til kyrkjeleg administrasjon og kyrkjegardar er heimla til trusamfunnslova og gravplasslova.

Under administrasjon vert det også ført utgifter til frikjøp av tillitsvalde etter Hovudavtalen, frikjøp av hovudverneombod og kostnader til personvernombod.

Beskriving av verksemda i dag

Administrasjon er sitt arbeid er å tilretteleggja for politisk styring og elles leggja til rette for at andre deler av verksemda kan nå sine mål. Administrasjonen har slik organisering



Økonomikontoret

Økonomikontoret vert leia av økonomisjefen som også er del av kommunen si strategiske leiing.

Økonomikontoret har ansvar for budsjettering, rapportering, økonomisk planlegging og styring av kommunen. I 2026 er det arbeidd med å leggja til rette for implementering av nytt ERP system, dette vert sett i drift frå januar 2027. Det er føresett at det også skal førast interne lønskostnader til prosjektet i 2027 om enn i eit mindre omfang.

Økonomikontoret følgjer også opp kommunen sin lønsfunksjon der me kjøper tenester frå Stord kommune. Oppfølging av kommunale fordringar og krav ligg også til økonomikontroet

Adminstrasjon

Administrasjonen vert leia av personal og organisasjonssjef som også er ass. rådmann, funkskjonen er ein del av kommunen si strategiske leiing. Til administrasjonen ligg oppfølging av følgjande hovudfunksjonar: Personalforvaltning - HR, post og kundetenester og IKT

Personalavdelinga jobbar tett saman med einingane i kommunen og har ei nøkkelrolle for å sikre ein god peronalforvaltning. Ei effektiv og rett personalforvaltning er ein føresetnad både for å sikra at kommunen når sine overordna mål og økonomiske resultat. Frikjøp av hovudverneombod, personvernombod og tillitsvalde vert kostnadsført under administrasjon. Frikjøp utgjer omlag 1 årsverk av dei samla årsverka sett av til administrasjon

Post/arkivtenesta driv kommunen sitt kundemottak og har mellom anna ansvar for postmottak, arkivering og kommunen si nettside. I tillegg så har dei et koordineringsansvar for mellom anna parkeringsløyve, sal og skjenkeløyve og sekretariatsanvsar for miljøretta helsevern overført til denne tenesta.. Sekretariatfunksjonen for politiske utval er lagt til denne tenesta. Tenesta sikrar også at politiske val vert gjennomført på ein trygg og god måte. Funksjon som personvernombod vert ivareteke av arkivleiar.

IKT avdelinga sikrar ein fungerande IKT infrastruktur, gjennomfører innkjøp av hardware og software og driv opplæring i datasikkerheit for tilsette. Denne tenesta har også ansvar for digitale låsessystem i kommunale bygg. Kompleksiteten og riskioar i digitale tenester er stadig aukande. Me har til ei kvar tid stor fokus på å prøva å vere tidleg nok ute med å ha dei beste løysningane for å sikre oss mot angrep på nettet.

Beredskap

20 % stilling som beredskapsleiar ligg til sentraladministrasjonen, stillinga rapporterer til kommunedirektør. Beredskapsleiar har ansvar for å samordna og sikra kommunen sitt arbeid innan beredskapsområde. Dette er blitt eit stadig viktigare tenesteområde og forventningar frå omgjevnadane er blitt skjerpa. Kommunen sitt ansvar er forankra i sivilbeskyttelsesloven.

Kommuneoverlege

Funksjonen som kommuneoverlege er sektorovergripande og er lagt til kommunedirektøren, Kommuneoverlegefunksjonen er ei 50 % stilling og er kommunen sin medisinsfaglege rådgjevar med ansvar for mellom anna folkehelseoversikt, tiltak for å betra folkehelse, miljøretta helsevern, oppfølging av medisinsk forsvarlegheit i kommunale tenester, overordna helseberedskap med vidare.

Kyrkjeleg administrasjon

Kommunen har ansvar for å gje tilskot til kyrkja på Fitjar etter trusamfunnslova § 14. Kommunen sitt finansieringsansvar omfattar mellom anna drift og vedlikehald av kyrkjebygga, investeringar,

tilstrekkeleg bemanning til kyrkjelege handlingar og støtte til kyrkjeleg administrasjon. Tilskotet vert gjeve etter at kommunen har vurdert budsjettframlegget frå kyrkje.

Kommunen har det økonomiske hovudansvaret for gravplassforvaltninga etter gravplasslova § 3. Kommunen skal dekka utgifter til gravplassar, drift og vedlikehald og sikre at det finnes nok kapasitet. I Fitjar kommune er det kyrkjeleg fellesråd som fungerer som lokal gravplassmynde.

Utfordringar og strategi

Digitalisering - nytt ERP (Enterprise Resource Planning) styringssystem

Eit ERP-system er kommunen sitt felles system for å handtere økonomi, personell, innkjøp og andre administrative oppgåver på ein samordna og effektiv måte. Målet er at systemet skal hjelpa kommunen med å planleggje, styre og følgje opp prosessar i ei felles løysing. Implementeringa vil skje over fleire trinn der rekneskap og løn vert sett i drift frå januar, nytt HR system vert venteleg sett i drift i løpet av andre kvartal. Det ligg også moglegheiter for prosjektstyring og eigedomsforvaltning.

Prioriteringar i 2027:

- Innføringa av nytt ERP system.
- Gevinstrealiseringar og organisasjonsutvikling.

Personalforvaltning

Ei god personalforvaltning er ein føresetnad for at Fitjar kommune skal nå sine mål. I løpet av 2026 har det vore arbeidd med å tilpassa ulike rutiner og prosessar til nytt ERP system. Det er trong for å vri ressursane mot strategisk arbeid og oppfølging av krevjande personalsaker, per idag arbeider avdelinga for mykje med enklare oppgåver som med nytt ERP system må leggjast ut til linjeorganisasjonen.

Prioriteringar i 2027

- Sikre ein personalpolitikk som over tid bidrar til å halde på arbeidstakarar og rekruttere nye når det er naudsynt.
- Strategisk arbeid for inkludering og reduksjon av sjukefråvær i samarbeid med NAV.
- Styrking av samarbeidet mellom arbeidsgjevar, arbeidstakarorganisasjonar og vernetenesta.
- Organisasjonsutvikling og tilpassingar til meir digital arbeidsflyt med fokus på nytt ERP system

Post og arkiv

Prioriteringar i 2027

- I 2027 skal det arbeidast vidare med digitalisering av byggesaksarkivet, arbeidet skjer i samarbeid med Interkommunalt Arkiv i Hordaland.
- Vidare utvikling av saks- og arkivsystemet
- Utvikling av IK system for GDPR og informasjonstryggleik

IKT

Det vert arbeida med at Fitjar kommune skal gå inn i felles driftsorganisasjon gjennom IKT Nordhordland, det er ikkje realistisk å få ei ny drift på plass før i 2028. I praksis betyr dette at 2027 er eit år der me vil arbeide med å tilpasse oss ny driftsorganisasjon på dei områda me kan samstundes som me må klare å oppretthalde dagens drift. Det er lagt inn ein føresetnad om at Fitjar i 2027 må kjøpa monaleg meir konsulenthjelp gjennom året. Det er både operasjonelle og økonomiske risikoar for denne tenesta i 2027.

Fitjar kommune har over tid bygd opp gode system for digital informasjonstryggleik og personvern, men arbeidet med eit IK system for desse viktige områda må ha høgare prioritet frametter.

Beredskap

Krava til samfunnstryggleik og beredskap er aukande. Dette er ikkje minst knytt til ein situasjon med større geopolitisk uro. I 2027 vert det lagt opp til at det må gjerast ein ny overordna ROS analyse. I tillegg har kommuneoverlegen sett igang eit arbeid for å oppdatera og etablera naudsynt planverk i høve til helseberedskap

Det er krevjande å møta dei forventningane som vert stilt til kommunen med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap. Det vil verta gjennomført tilsyn med kommunen sitt beredskapsarbeid i 2027.

Prioriteringar i 2027

- Revidere kommunen si overordna ROS analyse
- Vurdere anna planverk og kommunen si organisering av beredskap i ljos av ny ROS analyse.

Kommuneoverlege

Kommuneoverlegefunksjonen er ein sentral funksjon i kommunen si samla utvikling. Utfordringa her er også å løyse det omfattande samfunnsansvaret innanfor ei 50 % stilling.

Prioriteringar i 2027:

- Ein samla gjennomgang av kommunen si arbeid med helseberedskap
- Delta i prosjekt for gjennomgang av driftsmodellar innan helse og omsorg
- Gjennomføra og følgja opp tilsyn innan miljøretta helsevern

Kommuneoverlege er knytt til sentraladministrasjonen.I 2027 er det gjennomført ein rekke tilsyn innan miljøretta helsevern, dette arbeidet vil følgjast opp vidare i 2027. Kommuneoverlege vil elles ha ei sentral rolle i høve til framtidig organisering av helse og omsorgstenester og elles i kvalitetsarbied for å sikra god kvalitiet i kommunal tenesteyting og oppfølging av kommunen sitt folkehelsearbeid. Oppfølging av kommunen sitt ansvar for helseberedskap vil vera eit hovudfokus i 2027.

Kyrkjeleg administrasjon

Kommunedirektøren viser til budsjettframlegg frå kyrkjeleg fellesråd. Det kan nemnast at løyvinga som kommunedirektøren har tilrådd er auka tilsvarande deflator med tillegg av auka kostnader til leige av kontor.

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Flytte festetomtar til 9000 (- 109)

Kommunen sine inntekter og utgifter til festetomtar har tidlegare vore ført på ansvar 1100, flytting til hovudkapittel for økonomisk forvaltning gjev betre grunnlag for økonomisk styring og rapportering.

Innsparingstiltak

Innsparing lisensar ol. (- 100)

Det er lagt inn ein auke i lisenskostnader for 2027 på kr. 320` som følgje av manglande gjennomføring av investeringsprosjekt å IKT i 2026, deler av auken er reversert tilsvarande kr. 100`.

Prosjektarbeid (- 200)

Avsluttande arbeid med nytt ERP-system.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Tilskot til Fitjar sokn (221)	1	221	221	221	221
Sum		**221**	**221**	**221**	**221**

Nye tiltak

Tilskot til Fitjar sokn (221)

Fitjar sokn har søkt om tilskot på til saman 3 768 500,-, medan budsjettert tilskot er 3 547 800,-.

Oppvekst og kultur

Innleiing

Etaten for oppvekst og kultur har ansvar for tenester til barn, unge og familiar, og for å leggja til rette for eit aktivt og inkluderande kulturliv i Fitjar. Gjennom planperioden skal etaten vidareutvikla kvaliteten i tenestene, styrkja tidleg innsats og førebygging, og skapa gode oppvekstvilkår for alle.

Kommunen står i ei tid med omstilling, der lågare elevtal og endra føresetnader krev effektiv ressursbruk og tilpassing av strukturar. Digitalisering, kompetanseheving og tverrfagleg samarbeid skal bidra til meir berekraftige, brukarvenlege og nyskapande tenester.

Etaten vil leggja særleg vekt på tidleg innsats i skulen, implementering av ny leseplan, vidareutvikling av førebyggjande helsetenester og tett samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om kompetanseutvikling. Kulturfeltet skal styrkjast gjennom samarbeid med frivillige og vidareutvikling av møteplassar som e-sportsenteret.

Økonomiplanen skal bidra til å sikra tenester med høg kvalitet, god ressursutnytting og utvikling av framtidas oppvekst- og kulturtilbod i Fitjar kommune.

Figuren under viser overordna administrativ organisering av etaten i 2026.



Omlag 76 % av etaten sine kostnader er knytt til løn, inntekter utgjer 9,3 % av kostnadsbasen.



	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Skule og oppvekstadministrasjon	23 822	20 544	20 159	20 248	17 676	16 969	16 969
Helsestasjon		4 416	4 001	4 397	4 253	4 253	4 253
Rimbareid skule	53 564	51 004	52 470	50 836	49 717	48 637	48 637
Øvrebygda skule	8 462	7 650	7 855	7 960	7 960	7 960	7 960
Selevik skule	4 441	4 462	4 472	4 608	4 608	4 608	4 608
Svingen barnehage	19 436	11 804	12 064	11 229	11 229	11 229	11 229
Fitjar barnehage		5 529	6 788	10 185	10 185	10 185	10 185
Dåfjorden barnehage		1 331	1 538				
Kultur	4 102	4 649	4 742	3 977	3 977	3 977	3 977
Musikk- og kulturskule				1 974	1 974	1 974	1 974
Sum Oppvekst og kultur	**113 828**	**111 390**	**114 089**	**115 414**	**111 579**	**109 792**	**109 792**

Beskriving av verksemda i dag

Etaten for oppvekst og kultur har eit breitt samfunnsoppdrag som omfattar tenester til barn, unge og familiar, i tillegg til å leggja til rette for eit rikt kulturliv i Fitjar. Gjennom planperioden skal etaten arbeida målretta for å vidareutvikla kvaliteten i tenestene, sikra tidleg innsats og førebygging, og skapa gode oppvekstvilkår for alle barn og unge i kommunen. Samstundes skal me ta del i kommunen sin vidare omstillingsprosess, der effektiv ressursbruk, digitalisering, kompetanseutvikling og samarbeid på tvers av fagfelt er sentrale verkemiddel for å nå både faglege og økonomiske mål.

Fitjar kommune er inne i ei tid med omstilling og endra føresetnader. Færre fødslar og lågare elevtal gjev behov for tilpassing av ressursar og strukturar, samstundes som det vert stilt høge krav til kvalitet, fagleg utvikling og inkluderande fellesskap. Målet er å nytta ressursane best mogleg, slik at kommunen kan tilby tenester som både er berekraftige og tilpassa innbyggjarane sine behov.

Digitalisering står framleis sentralt i utviklingsarbeidet. Gjennom målretta bruk av digitale løysingar skal kommunen både effektivisera drifta og skapa meir brukarvenlege tenester. Arbeidet med eit nytt digitalt forsystem for barnehage og skule er mellombels sett på vent som følgje av overgangen til IKT Nordhordland. Behovet for ei samla løysing er framleis stort, og kommunen vil arbeida vidare med å finna framtidsretta løysingar som styrkjer samhandling, personvern og effektiv ressursbruk.

Kompetanse er ein nøkkelfaktor for kvalitet i tenestene. Etaten vil vidareføra satsinga på kompetanseheving gjennom vidareutdanning, faglege nettverk og samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og NLA Høgskolen. Gjennom Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) deltek kommunen i fleire regionale utviklingsprosjekt som skal styrkja profesjonsfellesskapa og utvikla meir inkluderande praksis i barnehage og skule.

På oppvekstområdet ligg hovudvekta på tidleg innsats, gode overgangar mellom barnehage, skule og SFO, og vidare utvikling av inkluderande læringsmiljø. Heile oppvekstsektoren deltek i Læringsmiljøprosjektet, der målet er å styrkja relasjonar, inkludering og førebygging av utanforskap. Gjennom det sektorovergripande samarbeidsprosjektet *Inkluderande fellesskap i barnehage og skule* arbeider kommunane i Sunnhordland saman med Høgskulen på Vestlandet for å utvikla meir inkluderande praksis, sterkare profesjonsfellesskap og betre pedagogisk tilpassing i fellesskapet.

Kommunen har òg vidareført samarbeidet med Friluftsrådet Vest. Gjennom dette arbeidet vert det lagt til rette for meir praktiske, varierte og aktive læringsformer som kan styrkja motivasjon, meistring og læringsutbyte for fleire elevar. Satsinga heng tett saman med arbeidet for inkluderande fellesskap og utvikling av framtidas oppvekstttenester.

Lovpålagt intensiv opplæring, arbeid med leseplanen og systematisk oppfølging av elevar i risikosona skal bidra til at fleire elevar opplever meistring innanfor fellesskapet. Samstundes vil kommunen arbeida vidare for å halda omfanget av individuelt tilrettelagd opplæring på eit berekraftig nivå gjennom styrking av den ordinære opplæringa og gode læringsmiljø.

Gjennom samarbeid mellom helsestasjon, skulehelseteneste, barnehage og skule skal kommunen styrkja innsatsen overfor gravide, barn og familiar som treng støtte. Ressursane må samstundes tilpassast utviklinga i barnetal og fødselstal for å sikra berekraftige tenester over tid. Forvaltningsrevisjonen frå 2025 peika på behov for sterkare samarbeid mellom tenestene og ei tydelegare oversikt over roller og ansvar i arbeidet rundt barn og unge. Som oppfølging av dette har kommunen fått eksterne prosjektmidlar til ein samhandlingskoordinator. Målet er å styrkja samarbeidet mellom oppvekst, helse og andre relevante tenester, utvikla meir heilskaplege arbeidsmåtar og sikra betre koordinering rundt barn, unge og familiar med samansette behov.

Kultursektoren er eit viktig bidrag til livskvalitet, inkludering og fellesskap. Sjølv om sektoren har avgrensa ressursar, skal kulturkontoret leggja til rette for samarbeid mellom frivillige, lag og organisasjonar og vidareutvikla kommunen sine kulturtilbod. I planperioden vil det vera særleg fokus på utvikling av kulturplan, kulturminneplan, bibliotekutvikling, museumsarbeid og samarbeid med frivillig sektor. Dette skal bidra til å styrkja kultursektoren si rolle som utviklingsaktør og møteplass i lokalsamfunnet.

Gjennom heile planperioden skal etaten ha eit kontinuerleg fokus på forbetring, læring og berekraft. Arbeidet med kompetanseutvikling, samhandling, digitalisering og inkluderande fellesskap skal ikkje berre effektivisera tenestene, men òg bidra til større trivsel, meistring og medverknad blant barn, unge, familiar og tilsette.

Økonomiplanen for oppvekst og kultur er såleis meir enn eit styringsverktøy for ressursbruk. Han er eit reiskap for å utvikla framtidas tenester i Fitjar kommune, bygd på verdiane om fellesskap, læring, inkludering og livskvalitet.

Utfordringar og strategi

Målsetjingar for etaten

Digitalisering

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester.
- Utvikla samspelet i læringsarenaen. Tydelege pedagogiske val som bevisst brukar digitale løysingar som gir ein vinst i læringsarbeidet.
- Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheiter og gje tilsette fleire verktøy for tilpassa opplæring. Digitaliseringa skal bidra til meir effektiv kommunikasjon og samhandling.
- Arbeida vidare med å få på plass eit samla digitalt forsystem for barnehage og skule når overgangen til IKT Nordhordland er avklart.

Kompetanse og måloppnåing

- Fitjar kommune skal ha kompetente og engasjerte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.
- Nytta fagkompetanse og ulike yrkesgrupper på ein måte som gir best mogleg tenester innanfor dei økonomiske rammene.

Skule og oppvekst

- Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i Meld. St. 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1.-4. trinn er målet å halda omfanget av individuelt tilrettelagd opplæring og personleg assistanse under nivået i samanliknbare kommunar.
- Gjennomføra planane for utviklingsarbeid i barnehage og skular i nært samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.
- Høgt læringsutbyte. Verdiane bør liggja over eller rundt nasjonalt nivå målt på nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn.
- Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit nivå som ligg over eller rundt nasjonalt snitt.
- Vidareutvikla BTI-arbeidet og dei tverrfaglege tenestene rundt barn og unge.
- Vidareføra arbeidet med leseplanen for Fitjar kommune.
- Sikra gode overgangar mellom barnehage, SFO og skule.
- Vidareføra arbeidet med tidleg innsats, gode læringsmiljø og førebyggjande tiltak gjennom heile oppvekstløpet.

Førebyggjande helse

- Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov.
- Styrkja og utvikla tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule på både system- og individnivå.
- Ha fokus på førebyggjande arbeid gjennom helseundersøkingar, vaksinasjon, støtte og rettleiing til gravide, barn, unge og familiar.
- Tilpassa tenestene til endringar i barnetal og fødselstal samstundes som kvaliteten vert ivareteken.

Kultur

- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag og organisasjonar og kommunale tenester.
- Utvikla kulturtilboda som arena for meistring, oppleving og sosial deltaking.
- Gjennomføra arbeidet med kulturplan, kulturminneplan og andre strategiske planar for sektoren.
- Leggja til rette for vidare utvikling av bibliotek, museum og kulturarenaer i kommunen.

Overordna vurdering

Evne til omstilling vil prega innhaldet i budsjettet gjennom heile planperioden. Kommunen er framleis i ein omstillingsfase, og denne vil halda fram gjennom heile økonomiplanperioden. Målsetjingane for planperioden ber preg av målretta endringar som skal tilpassa tenestene til endringar i folketal, økonomiske rammer og nye krav til kvalitet og effektivitet.

Alle einingar arbeider kontinuerleg med å finna gode løysingar innan digitalisering, tverrfagleg samarbeid, kompetanseutvikling, tidleg innsats og sosial utjamning. Målet er å styrkja læringsutbyte, trivsel, motivasjon og medverknad for barn og unge.

Fokuset på kompetanseutvikling for tilsette i skule, kulturskule og barnehage held fram. Gjennom Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) deltek Fitjar kommune i fleire regionale utviklingsprosjekt. Det sektorovergripande prosjektet *Inkluderande fellesskap i barnehage og skule* skal styrkja profesjonsfellesskapa og utvikla meir inkluderande praksis gjennom betre pedagogisk tilpassing, tilrettelegging og meir praktiske og varierte arbeidsmåtar. Kommunen deltek òg i eit interkommunalt fagnettverk for førebygging og handtering av vald og truslar i skulen. Desse satsingane må sjåast i samanheng med Læringsmiljøprosjektet og samarbeidet med Friluftsrådet Vest, og skal samla bidra til sterkare fagmiljø, meir inkluderande læringsarenaer og auka meistring for barn og unge.

Det er ei målsetjing å styrkja læringsutbytet gjennom vidare arbeid med leseplanen, leseglede, gode overgangar og tidleg innsats. Med ei styrkt ordinær opplæring og lovpålagt intensiv opplæring på 1.–4. trinn er målet å halda omfanget av individuelt tilrettelagd opplæring og personleg assistanse på eit moderat nivå samanlikna med tilsvarande kommunar.

Talet på elevar i grunnskulen er framleis fallande, og fødselstala dei siste åra har vore lågare enn det som tidlegare vart lagt til grunn i økonomiplanen. Dette påverkar organiseringa av tenestene. I planperioden er det lagt inn ytterlegare reduksjonar i lærarressursane ved Rimbareid skule som følgje av færre elevar og færre klassar. Fleire av innsparingstiltaka i budsjettet får berre effekt delar av året, og heilårseffekten vil vera større i dei komande åra.

Arbeidet med eit nytt digitalt forsystem for barnehage og skule er mellombels sett på vent som følgje av overgangen til IKT Nordhordland. Behovet for ei samla løysing er framleis stort, og kommunen vil arbeida vidare for å finna ei framtidsretta løysing som kan styrkja samhandling, personvern og effektiv ressursbruk.

Inntektsgradert foreldrebetaling gjeld framleis både i barnehage og SFO. Kommunen legg stor vekt på at økonomi ikkje skal vera til hinder for deltaking i viktige oppvekstarenaer. Ferieopen SFO vart opphavleg etablert som eit prøveprosjekt, men kommunestyret vedtok i 2026 å utvida tilbodet frå tre til fire veker. Samla årleg kostnad er berekna til om lag kr 200 000 frå 2027.

Kostnadene til skuleskyss er reduserte samanlikna med tidlegare budsjett som følgje av lågare elevtal og mindre bruk av drosjeskyss. Det er lagt inn ei årleg innsparing på om lag kr 150 000, med ein halvårseffekt på om lag kr 68 000 i 2027.

Barnehagesektoren opplever samstundes auka behov for spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelegging. Det er derfor lagt inn auka ressursar på området. Oppdaterte prognosar viser samtidig ein reduksjon i barnetalet, noko som gir grunnlag for eit noko lågare kostnadsnivå frå barnehageåret 2027/28. Innsparingseffekten er berekna til om lag kr 445 000 frå august 2027, med heilårseffekt frå 2028.

Førebyggjande helse har dei siste åra vorte styrkt gjennom ulike prosjekt- og tilskotsordningar. Samstundes viser utviklinga i barnetal og fødselstal at tenestene må tilpassast framtidige behov. I budsjettet for 2027 er det lagt inn ein reduksjon på 50 prosent stilling ved helsestasjonen. Kjøp av psykologtenester vert vidareført på eit lågare nivå gjennom ein intensjonsavtale med ei økonomisk ramme på kr 100 000 årleg.

Forvaltningsrevisjonen frå 2025 peika på behov for betre samhandling mellom tenestene som arbeider med barn og unge, og ei tydelegare avklaring av ansvar og roller. Som oppfølging av dette fekk Fitjar kommune i 2026 tildelt kr 310 412 gjennom Bufdir sitt kommunale førebyggingsprogram for barn og unge. Midlane vert nytta til ei prosjektstilling som samhandlingskoordinator i om lag 30 prosent stilling fram til sommaren 2027. Stillinga skal styrkja samhandlinga mellom tenestene, bidra til betre oversikt over det samla tenestetilbodet og leggja til rette for meir heilskaplege og samordna tenester for barn, unge og familiar.

Kultursektoren har ei omfattande oppgåvemengd sett opp mot ressursane som er tilførte, og sektoren ligg framleis lågt samanlikna med både nabokommunar og andre kommunar i KOSTRA-gruppe 5. Samstundes står sektoren framfor fleire store plan- og utviklingsoppgåver knytt til kulturplan, kulturminneplan, bibliotekutvikling, museumsarbeid og samarbeid med frivillig sektor. For å kunna gjennomføra dette arbeidet er det foreslått å auka kulturstillinga til 100 prosent og samtidig fjerna inntektskravet på kr 100 000.

Kulturskulen opplever framleis auka etterspurnad etter tenestene sine. Budsjettet er styrkt for å møta veksten i elevtal og aktivitet, samstundes som om lag 26 prosent av stillingsressursen vert halden vakant. Auka elevtal vil òg gi noko høgare brukarinntekter. Frå august 2027 vert brukarbetalinga regulert i tråd med lønsutviklinga, då lønskostnader er den viktigaste kostnadsdrivaren for kulturskulen.

Samla sett skal oppvekst- og kultursektoren halda fram arbeidet med å tilby trygge, inkluderande og framtidsretta tenester til innbyggjarane i Fitjar kommune, samstundes som tenestene vert tilpassa den demografiske utviklinga og dei økonomiske rammene kommunen har til disposisjon.

Innsparingstiltak

Innsparing lærar (- 361)

For å oppnå innsparing vert det vurdert å redusere lærarressursen på mellomsteget med om lag eitt årsverk. Tiltaket vert sett i verk frå skuleåret 2027/2028 og har 5 månaders effekt i 2027, heilårseffekt i påfølgjande år. Skulen vurderer dette som meir føremålstenleg enn reduksjon i støttefunksjonar og miljørettleiartenesta, som har viktige oppgåver knytt til oppfølging av elevar og skulemiljø.

Innsparing psykolog (- 117)

I budsjett for 2026 var det lagt ein føresetnad om kjøp av psykologtenester tilsvarande kr. 200`. Kjøp av psykologtenester for 2027 er justert til kr. 100`

Kjøp av private tenester (- 100)

Innsparingstiltak når kommunen ikkje tar i mot flyktningar . Tenesta har mindre behov for tolketenester

Redusera 50% stilling på helsestasjonen (- 286)

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vert det vurdert å redusere stillingsressursen ved helsestasjonen frå 100 % til 50 % stilling. Tiltaket føreset at lovpålagde oppgåver og krav til fagleg forsvarleg drift framleis kan ivaretakast, og vil gi reduserte løns- og personalkostnader. Endring frå 1. april.

Nye tiltak

§ 37 Styrka tilbod førskulebarn Bakken (1 180)

Vedtak etter barnehageloven §37 for å sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får eit eigna og individuelt tilrettelagt barnhagetilbod. Vedtak om 45 timar per veke er iverksatt frå haust 2026.Tiltaket gjeld Bakken kystbarnehage.

§ 37 Styrka tilbod førskulebarn Fitjar natur (1 180)

Vedtak etter barnehageloven §37 for å sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får eit eigna og individuelt tilrettelagt barnhagetilbod. Vedtak om 45 timar per veke er iverksatt frå haust 2026.

Auka inntekt i 2027 ved å opprettholde stillingsprosent pr. 01.08.26 (- 50)

Det vert lagt inn ei auka inntekt i forma av elevbetaling. Auken føreset at stillingsnivået vert vidareført som ved inngangen til nytt kulturskuleår.

Politisk vedtak

Ferieopen SFO (200)

Ferieopen SFO vart opphavleg innført som eit prøveprosjekt. I juni 2026 vedtok kommunestyret å utvide tilbodet frå tre til fire veker. Utvidinga medfører ein meirkostnad på om lag 50 000 kroner årleg, og samla kostnad for ferieopen SFO er estimert til om lag 200 000 kroner årleg frå 2027.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Auka bokbudsjett	3	25	25	25	25
Auka kultursjefstilling til 100%	1	106	106	106	106
Auke 20% stilling i samla stillingsressurs 2027.	1	182	182	182	182
Auke med 50 % stilling i Helsestasjonstenesta	1	410	410	410	410
Avvikle innteningskravet på kr. 100 000,- for kultursjefstilling	1	100	100	100	100
Forlenging av prosjekt skulebibliotek	1	75	0	0	0
Leige av Friluftsrådet Vest og Fitjar kommune sin båt til registreing av kulturminne i øyane	1	50	0	0	0
Maling av gardshuset og løeveggen på Årskog museum	1	100	0	0	0
Maling og vedlikehald Galleri Losjen	1	150	50	0	0
Nasjonal nettsideløysing for bibliotek	1	17	17	17	17
Noklus	2	15	15	15	15
Redusera styrarstilling	1	-178	-426	-426	-426
Sunnhordland museum - auke tilskot	1	136	136	136	136
Sum		**1 187**	**614**	**564**	**564**

Nye tiltak

Auka bokbudsjett

Auke i bokbudsjettet

Med satsing på lesing i Fitjar kommune hjå barnehagar og skular er det naudsynt med eit godt og interessant utval av bøker. Pris pr bok har auka, me treng fleire bøker som freistar dei unge. For 30000,- kan me byggje opp ei god samling av manga-litteratur og kjøpe inn fleire bøker til barnehagebiblioteket.

Me skal satse på leseglede i Fitjar. Då må me ha tilgjengeleg litteratur!

Auke i bokbudsjettet til 180 000,-. Tiltak 25 000,-

Auka kultursjefstilling til 100%

Auke kultursjefstillinga til 100 %

I 2019 vart kultursjefstillinga skoren ned frå 100 % til 80 % grunna svært stram kommuneøkonomi. Dei resterande 20 % vart kultursjef sett til undervisning i 20%. I 2024 vart 8,7 %. tilbakeført til kultursjefstillinga (11% til Rimbareid). Arbeidsmengda i dag står ikkje i samsvar med noverande stillingsprosent. I tillegg til dagleg drift med svært mange oppgåver ligg det omfattande planarbeid til stillinga i åra framover, mellom anna arbeid med frivilligplan, kulturmiljøplan og kulturplan. Det er difor naudsynt med auka kapasitet ved kulturkontoret gjennom tilbakeføring av kultursjefstillinga til 100 %. Dette er det aller viktigaste tiltaket på kultur i 2027 og utover for å komma i mål med alle faste arbeidsoppgåver og i tillegg alt planarbeid som ligg føre.

Desse midlane ligg innafor ramma for kulturbudsjettet 2027.

Økonomisk konsekvens: Tiltaket vil koste kr 106 000 per år, inkludert 30 % sosiale kostnader.

Auke 20% stilling i samla stillingsressurs 2027.

Budsjett 2027 syner eit avvik på 181301,-. Dette skuldast ei vikarstilling på 15% som vart formalisert våren/sumaren 2026, og anna stilling auka med 5% frå hausten 2026 grunna auke i elevtal. Dette i samråd med kommunedirektør.

Kulturskulen har ein vedteke samla ressurs på 2,67 årsverk. Grunna midlertidig omplassering av tilsett, fall 40% av samla ressurs ut av kulturskulen sitt budsjett. Vedkomande er no fast tilsett i anna eining i kommunen, og den ynskja auken på 20% stilling i 2027 er ein del av den 40% stillinga som forsvann. Målsetjinga er sjølvsagt å få tilbakeført politisk vedteken samla ressurs i kulturskulen, men i 2026 nyttar me oss av 2,4 årsverk. Viktig å presisere at konsekvens ved bortfall av denne ressursen på 20%, som er godkjent inneverande år, er oppseiing av lærar og elevplassar.

Resterande ressurs som er teken ut av rammene utan politisk vedtak på 26,7% ligg i stillingsoversikt vakant med 0,- i utgifter p.t.

Det er eit behov for tilbakeføring av kulturskulen sin politisk vedtekne samla ressurs, då ein negativ trend i samband med pandemi har snudd, og me ser auke i elevtal dei to-tre siste åra.

Auke med 50 % stilling i Helsestasjonstenesta

Det er behov for å auke opp 50% til 100 % stilling i Helsestasjonstenesta. Dette er viktig for å beholde helsesjukepleiar kompetanse , fremje heiltidskultur, og fagleg tyngde i oppfølging av barn og unge . Det har og vore ein jevn auke med administrative oppgåver de siste åra som einingsleiar. Med auke i stilling på helsestasjonen vil einingsleiar ha tid til å arbeid med sine leiaroppgåver, og sikre fagleg forsvarleg drift i tenesta.

Avvikle innteningskravet på kr. 100 000,- for kultursjefstilling

Inntening av lønns-midlar via tilskotsordningar har vist seg å ikkje fungere særleg godt. Det er ikkje enkelt å skaffe midlar til drift, som er den einaste måten ein kan finansiere lønn på denne måten. Det endar med at ein må “ta det ein får” og det fører til at ein må jobbe med ting som ikkje har med fagfeltet innan kultur å gjera. Eksempel på dette er når kulturkontoret fann 40 000 til å universelt utforme sentrum og brukte dagane til å måle fortogskantar og liknande. Det er også store krav til raportering. Kulturkontoret har mange vikte oppgåver som heller bør fokuserast på.

Leige av Friluftsrådet Vest og Fitjar kommune sin båt til registreing av kulturminne i øyane

I samband med arbeid med kulturmiljøplan er ein avhengig av båtskyss for å komme rundt i Fitjarøyane for å registrere kulturminne. Den einast mogelege kommunale transportmogeleghet er med Friluftsrådet Vest og Fitjar kommune sin felleseigde båt som kostar kr 2000,- å leige per time.

Maling av gardshuset og løeveggen på Årskog museum

Løe, hovedhus og stabbur treng målast

Maling og vedlikehald Galleri Losjen

Galleri Losjen treng målast utvendig og innvendig og det står att ein god del utvendig vedlekhaldsarbeid.

Nasjonal nettsideløysing for bibliotek

Frå 2027 blir dagens nettsideløysing for bibliotek avvikla og erstatta av ei ny felles nasjonal løysing. For Fitjar kommune vil årskostnaden vere om lag kr 17000. Det vil sei at for å ta i bruk den nye løysinga må biblioteket sitt budsjett aukast med kr 17 000 frå 2027.

Noklus

Helsestasjonstenesta har inngått avtale med Noklus som sikrer kvalitetskontroll på laboratorieprøver, og internkontroll på laboratorierprøver og arbeid

Redusera styrarstilling

Barnehagen vil ha 32 barn våren 2027 og oppfyller bemannings- og pedagognorm. Samstundes har barnehagen ressursar knytt til § 37-vedtak som krev oppfølging og koordinering. Det er derfor behov for ein viss leiingskapasitet. Etter ei samla vurdering framstår å redusera til ein styrarressurs på 60 % som forsvarleg. Det låg på dette før me låg ned Dåfjorden bhg. Ei reduksjon under dette vil kunne påverke kapasiteten til personalleiing, kvalitetsutvikling og oppfølging av særskilde tiltak.

Sunnhordland museum - auke tilskot

Sunnhordland ber om auke i tilskotet til kr 50,- per innbyggjar.

Skule og oppvekstadministrasjon

Innleiing

Skule- og oppvekstadministrasjonen har ansvar for planlegging, samordning og oppfølging av tenestene innan barnehage, grunnskule, PPT, vaksenopplæring, førebyggjande helse og kulturskule. Administrasjonen gir fagleg og administrativ støtte til einingane, og skal sikra at lovverk, nasjonale føringar og politiske vedtak vert følgde opp.

Arbeidet omfattar mellom anna budsjett- og personaloppfølging, kvalitetsutvikling, digitalisering, analyse- og utviklingsarbeid, samt samarbeid med andre kommunar om felles tenester og utviklingsprosjekt. Gjennom Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) deltek kommunen i regionale satsingar innan kompetanseutvikling, læringsmiljø og inkludering.

I planperioden vil administrasjonen ha særleg fokus på tidleg innsats, samhandling mellom tenestene, utvikling av inkluderande fellesskap og tilpassing av tenestene til endringar i barne- og elevtal. Det vert òg arbeidd med å styrkja styringsinformasjon, samordna ressursbruken og leggja til rette for framtidige digitale løysingar innan barnehage- og skuleområdet.

Beskriving av verksemda i dag

Skule- og oppvekstadministrasjonen i Fitjar kommune har ansvar for koordinering, planlegging og fagleg utvikling innan grunnskule, barnehage, kulturskule, vaksenopplæring, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og førebyggjande tenester for barn og unge. Administrasjonen legg til rette for god drift og utvikling av tenestene, og arbeider for å sikra kvalitet, samanheng og effektiv ressursbruk på tvers av oppvekstsektoren.

Administrasjonen har ei sentral rolle i arbeidet med tidleg innsats, inkluderande fellesskap og samhandling mellom tenestene. Gjennom oppvekstreforma, BTI-arbeidet og oppfølging av forvaltningsrevisjonen frå 2025 er det særleg fokus på å styrkja samarbeidet rundt barn, unge og familiar. Prosjektstillinga som samhandlingskoordinator skal bidra til betre koordinering, tydelegare ansvarsdeling og meir heilskaplege tenester.

Fitjar kommune samarbeider med Stord og Tysnes om PPT-tenesta og kjøper logopedtenester etter behov. Kommunen har også avtale med Stord kommune om vaksenopplæring. Gjennom Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) deltek kommunen i regionale utviklings- og kompetanseprosjekt i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og NLA Høgskolen.

Fokuset på kompetanseutvikling held fram gjennom deltaking i det sektorovergripande prosjektet *Inkluderande fellesskap i barnehage og skule*, Læringsmiljøprosjektet og det regionale fagnettverket for førebygging og handtering av vald og truslar i skulen. Samla skal desse satsingane styrkja profesjonsfellesskapa, utvikla meir inkluderande praksis og gi betre læringsmiljø for barn og unge.

Kulturskulen er ein viktig del av oppvekstilbodet i kommunen og har dei siste åra opplevd auka etterspurnad. Skulen tilbyr eit breitt undervisningstilbod og samarbeider med både barnehagar og skular. Samstundes vert det arbeidd for å utvikla tilbodet innanfor dei økonomiske rammene kommunen har til disposisjon.

Arbeidet med digitalisering er framleis viktig for sektoren. Innføringa av eit nytt digitalt forsystem for barnehage og skule er sett på vent som følgje av overgangen til IKT Nordhordland, men behovet for ei samla løysing er framleis stort. Målet er å utvikla meir effektive arbeidsprosessar, betre styringsinformasjon og enklare samhandling mellom heim og kommune.

Gjennom desse arbeidsområda har skule- og oppvekstadministrasjonen ei sentral rolle i å utvikla framtidsretta, inkluderande og berekraftige oppveksttenester i Fitjar kommune.

Utfordringar og strategi

Skule- og oppvekstadministrasjonen står framleis i eit krevjande spenn mellom aukande forventningar til kvalitet og strammare økonomiske rammer. Samstundes som talet på barn og elevar er fallande, ser kommunen framleis eit aukande behov for tverrfagleg oppfølging, førebyggjande arbeid og tilrettelegging for barn og unge med samansette behov. Dette stiller høge krav til prioritering, samhandling og effektiv ressursbruk.

Nedgangen i barne- og elevtal gir grunnlag for gradvise reduksjonar i delar av drifta, men medfører ikkje tilsvarande reduksjon i oppgåvemengda. Særleg gjeld dette utviklingsarbeid, samordning av tenester, kompetanseutvikling og oppfølging av barn og unge med behov for samansette tiltak. Samstundes må kommunen sikra berekraftige løysingar innan både barnehage- og skulesektoren.

Forvaltningsrevisjonen frå 2025 peika på behov for sterkare samhandling mellom tenestene og tydelegare avklaringar av ansvar og roller. Som oppfølging av dette har kommunen etablert ei prosjektstilling som samhandlingskoordinator med tilskot frå Bufdir. Arbeidet skal bidra til meir heilskaplege tenester og betre koordinering rundt barn, unge og familiar.

Gjennom Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) deltek kommunen i fleire regionale utviklingsprosjekt. Særleg viktig er satsinga *Inkluderande fellesskap i barnehage og skule*, som skal styrkja profesjonsfellesskapa og vidareutvikla arbeidet med tilpassing, inkludering og praktiske og varierte arbeidsmåtar. Kommunen deltek også i eit regionalt fagnettverk for førebygging og handtering av vald og truslar i skulen.

Arbeidet med digital utvikling held fram, men innføringa av nytt digitalt forsystem for barnehage og skule er mellombels sett på vent som følgje av overgangen til IKT Nordhordland. Målet er framleis å etablera ei meir samla og framtidsretta digital løysing når rammevilkåra for dette er avklarte.

Kulturskulen opplever framleis god søking og auka aktivitet. Samstundes må tilbodet utviklast innanfor dei økonomiske rammene kommunen har til disposisjon. Målet er å ta vare på det breie tilbodet, leggja til rette for vekst der det er mogleg, og sikra eit godt samarbeid med resten av oppvekstsektoren.

Administrasjonen vil i planperioden ha særleg fokus på tidleg innsats, samhandling, kompetanseutvikling, digitalisering og effektiv ressursbruk. Målet er å utvikla berekraftige tenester med høg kvalitet som møter behova til barn, unge og familiar i Fitjar kommune.

Nye tiltak

§ 37 Styrka tilbod førskulebarn Bakken (1 180)

Vedtak etter barnehageloven §37 for å sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får eit eigna og individuelt tilrettelagt barnhagetilbod. Vedtak om 45 timar per veke er iverksatt frå haust 2026.Tiltaket gjeld Bakken kystbarnehage.

Helsestasjon

Innleiing

Helsestasjonstenesta i Fitjar kommune er ei sentral førebyggjande og helsefremjande teneste for barn, unge og familiar. Tenesta omfattar svangerskapsomsorg, helsestasjon for barn og ungdom, skulehelseteneste, familierettleiing og oppfølging av flyktningar. Gjennom tverrfagleg samarbeid skal tenesta bidra til tidleg innsats, førebygging og styrking av barn og unge si helse, utvikling og meistring.

Helsestasjonen er ein viktig del av kommunen sitt arbeid med oppvekstreforma og «laget rundt barnet», og samarbeider tett med barnehagar, skular, PPT, barnevern, psykisk helse, fastlegar og andre relevante tenester. Tenesta har ei sentral rolle i å fanga opp utfordringar tidleg og leggja til rette for samordna oppfølging av barn, unge og familiar.

I planperioden vil det vera særleg fokus på førebyggjande arbeid, psykisk helse, tverrfagleg samhandling og utvikling av heilskaplege tenester for barn og unge. Dette omfattar mellom anna samarbeid gjennom BTI, oppfølging av oppvekstreforma og vidare utvikling av samhandling mellom tenestene i kommunen.

Beskriving av verksemda i dag

Helsestasjonstenesta i Fitjar kommune er ei førebyggjande og helsefremjande teneste for barn, unge og familiar. Tenesta omfattar svangerskapsomsorg, helsestasjon for barn og ungdom, skulehelseteneste, familierettleiing og oppfølging av flyktningar. Tenesta er tverrfagleg samansett med jordmor, helsesjukepleiarar, familierettleiar, helsestasjonslege, fysioterapeut og samarbeid med psykisk helse.

Tenesta har ei sentral rolle i kommunen sitt arbeid med oppvekstreforma, BTI og «laget rundt barnet». Gjennom tett samarbeid med barnehage, skule, PPT, barnevern, psykisk helse, NAV og spesialisthelsetenesta skal tenesta bidra til tidleg innsats og samordna oppfølging av barn, unge og familiar.

Dei siste åra har tenesta opplevd eit aukande behov for oppfølging knytt til psykisk helse, skulefråvær, samansette utfordringar hos barn og unge, samt rettleiing og støtte til familiar. Helsestasjonen og skulehelsetenesta er viktige lågterskeltilbod som fangar opp utfordringar tidleg og bidreg til førebygging og meistring.

Tenesta deltek aktivt i ulike tverrfaglege samarbeidsarenaer og utviklingsarbeid både lokalt og regionalt. Særleg viktig er samarbeidet rundt oppvekstreforma, førebygging, psykisk helse og utvikling av meir heilskaplege tenester for barn og unge. Som oppfølging av forvaltningsrevisjonen frå 2025 er det også etablert ei prosjektstilling som samhandlingskoordinator for å styrkja koordineringa mellom tenestene.

Digitalisering er ein del av tenesteutviklinga, og helsestasjonen nyttar DigiHelsestasjon gjennom Helsenorge for å styrkja dialogen med innbyggjarane og gjera tenestene meir tilgjengelege.

Gjennom sitt førebyggjande arbeid er helsestasjonstenesta ein viktig bidragsytar til å fremja god fysisk og psykisk helse, trivsel og livsmeistring hos barn og unge i Fitjar kommune.

Utfordringar og strategi

Helsestasjonstenesta står framfor ei omstilling i planperioden. Dei siste åra har tenesta vorte styrkt gjennom fleire statlege tilskotsordningar knytt til oppvekstreforma, psykisk helse og førebyggjande arbeid. Fleire av desse ordningane er no avslutta, og kommunen må i større grad finansiera tenestene innanfor eigne rammer.

Samstundes ser kommunen framleis eit aukande behov for oppfølging knytt til psykisk helse, skulefråvær, samansette familieutfordringar og behov for tettare tverrfagleg samarbeid rundt barn og unge. Oppgåvene har vorte meir komplekse, og tenesta opplever eit stadig større behov for førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

I budsjettet for 2027 er det lagt inn ein reduksjon på 50 prosent stilling ved helsestasjonen. Vurderinga byggjer på utviklinga i fødselstal og barnetal, som over tid har vore fallande. Sjølv om tenesta etter reduksjonen framleis ligg på eit nivå som er forsvarleg samanlikna med nasjonale anbefalingar, vil reduserte ressursar kunne påverka omfanget av det utadretta arbeidet i barnehagar og skular. Det kan òg bli mindre kapasitet til førebyggjande gruppetiltak, prosjektarbeid og tverrfagleg utviklingsarbeid.

Kommunen ønskjer derfor å prioritera dei lovpålagde oppgåvene og samstundes halda oppe innsatsen innan tidleg innsats og førebygging. God samhandling mellom tenestene blir avgjerande for å lukkast med dette. Oppfølginga av oppvekstreforma, BTI-arbeidet og etableringa av samhandlingskoordinator skal bidra til meir heilskaplege tenester og betre koordinering rundt barn, unge og familiar.

Kjøp av psykologtenester vert vidareført, men på eit lågare nivå enn tidlegare. Kommunen legg opp til å inngå ein intensjonsavtale med ei økonomisk ramme på om lag kr 100 000 årleg. Psykologressursen skal primært nyttast til rettleiing av tilsette, systemarbeid og bistand i særleg komplekse saker.

Strategien for planperioden er å nytta ressursane mest mogleg målretta gjennom styrkt samhandling, tidleg innsats og betre koordinering mellom tenestene. Målet er å oppretthalda kvaliteten i tenestene og sikra at barn, unge og familiar får rett hjelp til rett tid, trass i strammare økonomiske rammer.

Innsparingstiltak

Innsparing psykolog (- 117)

I budsjett for 2026 var det lagt ein føresetnad om kjøp av psykologtenester tilsvarande kr. 200`. Kjøp av psykologtenester for 2027 er justert til kr. 100`

Kjøp av private tenester (- 100)

Innsparingstiltak når kommunen ikkje tar i mot flyktningar . Tenesta har mindre behov for tolketenester

Redusera 50% stilling på helsestasjonen (- 286)

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vert det vurdert å redusere stillingsressursen ved helsestasjonen frå 100 % til 50 % stilling. Tiltaket føreset at lovpålagde oppgåver og krav til fagleg forsvarleg drift framleis kan ivaretakast, og vil gi reduserte løns- og personalkostnader. Endring frå 1. april.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Auke med 50 % stilling i Helsestasjonstenesta	1	410	410	410	410
Noklus	2	15	15	15	15
Sum		**425**	**425**	**425**	**425**

Nye tiltak

Auke med 50 % stilling i Helsestasjonstenesta

Det er behov for å auke opp 50% til 100 % stilling i Helsestasjonstenesta. Dette er viktig for å beholde helsesjukepleiar kompetanse , fremje heiltidskultur, og fagleg tyngde i oppfølging av barn og unge . Det har og vore ein jevn auke med administrative oppgåver de siste åra som einingsleiar. Med auke i stilling på helsestasjonen vil einingsleiar ha tid til å arbeid med sine leiaroppgåver, og sikre fagleg forsvarleg drift i tenesta.

Noklus

Helsestasjonstenesta har inngått avtale med Noklus som sikrer kvalitetskontroll på laboratorieprøver, og internkontroll på laboratorierprøver og arbeid

Rimbareid skule

Innleiing

Rimbareid barne- og ungdomsskule er ein kombinert skule med elevar frå 1. til 10. trinn og er den største skulen i Fitjar kommune. Skulen har som visjon å fremja *kunnskap og venskap hand i hand*, og arbeider målretta for å skapa eit trygt, inkluderande og utviklande læringsmiljø for alle elevar. Verksemda er prega av høg fagleg kvalitet, systematisk utviklingsarbeid og tett samarbeid mellom heim og skule.

Skulen har ei sentral rolle i kommunen sitt arbeid med tidleg innsats, læringsmiljø og inkluderande fellesskap. Gjennom deltaking i Læringsmiljøprosjektet, satsinga på lesing og leseplanen, samt samarbeid med andre kommunale tenester, arbeider skulen for å styrkja læring, trivsel og meistring for alle elevar. Skulen er òg ein viktig arena for tverrfagleg samarbeid gjennom oppvekstreforma og arbeidet med laget rundt barnet.

Som den einaste ungdomsskulen i kommunen har Rimbareid eit særleg ansvar for å sikra gode overgangar gjennom opplæringsløpet og leggja til rette for eit variert og framtidsretta læringstilbod tilpassa elevane sine behov.

Beskriving av verksemda i dag

Rimbareid barne- og ungdomsskule er den største skulen i Fitjar kommune og har elevar frå 1. til 10. trinn. Skulen har ei sentral rolle i kommunen sitt oppvekstarbeid og omfattar størstedelen av elevane i grunnskulen. Verksemda er prega av systematisk kvalitetsutvikling, tett samarbeid med føresette og eit kontinuerleg arbeid for å sikra eit trygt og inkluderande læringsmiljø.

Skulen arbeider målretta med læringsmiljø, trivsel og førebygging av utanforskap gjennom deltaking i Læringsmiljøprosjektet. Arbeidet omfattar relasjonsbygging, inkludering, sosial kompetanse og utvikling av gode læringsfellesskap for både elevar og tilsette. Elevundersøkinga viser generelt gode resultat innan trivsel og motivasjon, sjølv om skulen framleis arbeider aktivt med utfordringar knytt til læringsmiljø og nærvær.

Lesing er framleis eit prioritert satsingsområde. Skulen arbeider systematisk med implementering av kommunen sin leseplan og utvikling av leseglede gjennom heile opplæringsløpet. Arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning står sentralt i både undervisning og utviklingsarbeid.

Gjennom samarbeidet med Friluftsrådet Vest arbeider skulen med å vidareutvikla meir praktiske, varierte og aktive læringsformer. Bruk av nærmiljøet som læringsarena, fysisk aktiv læring og utforskande arbeidsmåtar skal bidra til auka motivasjon, meistring og læringsutbyte for elevane.

Resultata frå nasjonale prøver og andre kartleggingar vert nytta aktivt i skulen sitt kvalitetsarbeid. Skulen har over tid hatt resultat som ligg på eller over nasjonalt nivå på fleire område, samstundes som resultata vert analyserte og nytta som grunnlag for vidare utvikling av opplæringa.

Rimbareid skule har ein stabil og kompetent personalstab bestående av lærarar, fagarbeidarar, assistentar og miljørettleiarar. Skulen legg stor vekt på kompetanseutvikling og deltaking i kommunale og regionale utviklingsprosjekt for å sikra eit best mogleg opplæringstilbod til elevane.

Utfordringar og strategi

Rimbareid skule står framfor ei utvikling der det samla elevtalet gradvis går ned. Skulen har no 351 elevar, men samstundes ser ein eit aukande behov for tilrettelegging og oppfølging av enkelte elevar og mindre elevgrupper. Skulen har dei siste åra opplevd fleire elevar med omfattande behov knytt til individuelt tilrettelagd opplæring, personleg assistanse, sosial fungering og psykisk helse. Dette krev både høg kompetanse, tett samarbeid mellom ulike faggrupper og ei fleksibel organisering av ressursane.

Sjølv om det ligg forventningar om effektivisering som følgje av lågare elevtal, fører ikkje nødvendigvis færre elevar til tilsvarande reduksjon i talet på klassar eller behovet for bemanning. Klasseinndeling, samansetjing av elevgrupper og lovpålagde krav til opplæringa gjer at ressursbehovet i stor grad vert påverka av elevane sine behov, ikkje berre elevtalet.

Skulen har dei siste åra styrkt arbeidet rundt elevmiljø og førebygging gjennom miljørettleiarar, skulemiljøteam og LOS-funksjon. Desse funksjonane har bidrege til å avlasta lærarane, styrkja oppfølginga av elevar med samansette utfordringar og leggja til rette for betre læringsmiljø og auka nærvær. Tilskotet til LOS-funksjonen er vidareført med om lag kr 310 000 årleg, og skulen har òg fått vidareført tilskot til arbeid gjennom skulemiljøteamet.

Gjennom deltaking i Læringsmiljøprosjektet, arbeidet med leseplanen og samarbeidet med Friluftsrådet Vest vil skulen halda fram arbeidet med å utvikla inkluderande læringsmiljø, styrkja grunnleggjande ferdigheiter og skapa meir praktiske og varierte læringsarenaer. Målet er at fleire elevar skal oppleva meistring innanfor fellesskapet og få eit godt læringsutbyte av den ordinære opplæringa.

SFO har dei siste åra hatt auka aktivitet som følgje av ordninga med gratis SFO for dei lågaste trinna. Dette har ført til auka deltaking og større behov for bemanning. Kommunestyret vedtok i juni 2026 å gjera ferieopen SFO til ei permanent ordning og samstundes utvida tilbodet frå tre til fire veker. Tilbodet er eit viktig bidrag for familiar med behov for omsorgstilbod i skuleferiane og støttar opp under målet om eit meir fleksibelt og heilskapleg oppvekstilbod. Utvidinga medfører auka kostnader og krav til bemanning, men vert vurdert som eit viktig velferdstilbod for familiar i kommunen.

Frå august 2027 vert brukarbetalinga regulert i tråd med lønsutviklinga. Lønskostnader utgjer den største delen av kostnadene ved SFO-tilbodet, og reguleringa er nødvendig for å kompensera for auka driftskostnader.

Innsparingstiltak

Innsparing lærar (- 361)

For å oppnå innsparing vert det vurdert å redusere lærarressursen på mellomsteget med om lag eitt årsverk. Tiltaket vert sett i verk frå skuleåret 2027/2028 og har 5 månaders effekt i 2027, heilårseffekt i påfølgjande år. Skulen vurderer dette som meir føremålstenleg enn reduksjon i støttefunksjonar og miljørettleiartenesta, som har viktige oppgåver knytt til oppfølging av elevar og skulemiljø.

Politisk vedtak

Ferieopen SFO (200)

Ferieopen SFO vart opphavleg innført som eit prøveprosjekt. I juni 2026 vedtok kommunestyret å utvide tilbodet frå tre til fire veker. Utvidinga medfører ein meirkostnad på om lag 50 000 kroner årleg, og samla kostnad for ferieopen SFO er estimert til om lag 200 000 kroner årleg frå 2027.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Forlenging av prosjekt skulebibliotek	1	75	0	0	0
Sum		**75**	**0**	**0**	**0**

Øvrebygda skule

Innleiing

Øvrebygda skule er ein fådelt barneskule med lang tradisjon for å skapa eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Skulen er frå skuleåret 2025/26 organisert som ein 1.–4. trinnsskule og samarbeider tett med Fitjar naturbarnehage. Det er ei forventning i økonomiplanperioden at nytt oppvekstsentun i Øvrebygda står ferdig i tråd med politiske vedtak og framdriftsplanar. Oppvekstsentunet skal samla skule og barnehage i eit felles lærings- og utviklingsmiljø med friluftsprofil, der nærmiljøet og naturen vert nytta aktivt i det pedagogiske arbeidet.

Skulen held fast ved visjonen:

«Øvrebygda skule skal vera trygg og god for alle og gi faglege utfordringar. Alle har sin naturlege plass i det faglege og sosiale fellesskapet.»

Verksemda er prega av nærleik mellom elevar, tilsette og føresette, og legg vekt på læring, trivsel, inkludering og gode overgangar gjennom heile oppvekstløpet.

Beskriving av verksemda i dag

Øvrebygda skule er ein fådelt barneskule med små elevgrupper og tett oppfølging av den enkelte elev. Nærleik mellom elevar, tilsette og føresette er ein viktig styrke ved skulen, og legg til rette for eit trygt og inkluderande læringsmiljø.

Skulen arbeider systematisk med læringsmiljø, trivsel og inkludering gjennom deltaking i Læringsmiljøprosjektet. Prosjektet vert gjennomført i tett samarbeid med Selevik skule, noko som gir høve til felles kompetanseutvikling, erfaringsdeling og utvikling av læringsmiljøarbeidet på tvers av dei to fådelte skulane. Arbeidet omfattar relasjonsbygging, inkludering, sosial kompetanse og utvikling av gode læringsfellesskap for både elevar og tilsette.

Lesing er framleis eit prioritert satsingsområde. Skulen arbeider aktivt med implementering av kommunen sin leseplan og med å utvikla leseglede og gode lesevanar hos elevane. Arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning står sentralt i opplæringa.

Gjennom samarbeid med Friluftsrådet Vest vidareutviklar skulen meir praktiske, varierte og aktive arbeidsmåtar. Bruk av naturen og nærmiljøet som læringsarena er ein naturleg del av opplæringa og samsvarer godt med den planlagde friluftsprofilen ved oppvekstsentunet.

Skulen nyttar nasjonale prøver, kartleggingar og lokale undersøkingar aktivt i kvalitetsarbeidet. Resultata vert vurderte og nytta som grunnlag for vidare utvikling av undervisninga og læringsmiljøet.

SFO-tilbodet har hatt auka oppslutning etter innføringa av gratis SFO for dei lågaste trinna. Tilbodet er tilpassa elevane sine behov og legg vekt på leik, aktivitet og sosial utvikling i tråd med rammeplanen for SFO.

Personalet er stabilt og har brei erfaring frå arbeid i fådelte skular. Samtidig er det behov for langsiktig planlegging av kompetanse og bemanning i lys av framtidige pensjonsavgangar og utviklinga av oppvekstsentunet i Øvrebygda.

Utfordringar og strategi

Elevtalet ved Øvrebygda skule har dei siste åra gått ned i takt med utviklinga i barnetalet. Skulen har no 27 elevar og er organisert som ein 1.–4. trinnsskule etter at 5.–7. trinn vart flytta til Rimbareid skule. Kommunestyret har vedteke etablering av oppveksttun i Øvrebygda, der skule og barnehage skal samlokaliserast i eit felles oppvekstmiljø med friluftsprofil. Det er venta at anlegget står ferdig i planperioden.

Overgangen til oppveksttun gir både moglegheiter og utfordringar. Samanslåinga av skule og barnehage krev utvikling av nye samarbeidsformer, felles kultur og gode løysingar for drift og organisering. Samstundes vil eit samla oppveksttun gi større fagmiljø, tettare samarbeid mellom tilsette og betre føresetnader for å arbeida heilskapleg med barn si læring, utvikling og trivsel frå barnehage til skule.

Friluftsprofilen som er vedteken for oppveksttunet vil leggja til rette for meir aktiv bruk av naturen og nærmiljøet som læringsarena. Dette byggjer vidare på dagens arbeid med praktiske og varierte arbeidsmåtar og samarbeidet med Friluftsrådet Vest.

SFO-tilbodet har dei siste åra hatt auka oppslutning som følgje av ordninga med gratis SFO for dei lågaste trinna. Auka deltaking har òg ført til behov for auka bemanning. Kommunestyret har vedteke å gjera ferieopen SFO til ei permanent ordning og samstundes utvida tilbodet frå tre til fire veker. Tilbodet vert organisert ved Rimbareid skule, men er òg tilgjengeleg for elevar frå Øvrebygda skule. Ordninga styrkjer tenestetilbodet til familiar i kommunen, men medfører òg auka kostnader og ressursbehov.

Frå august 2027 vert brukarbetalinga regulert i tråd med lønsutviklinga. Lønskostnader utgjer den største delen av kostnadene ved SFO-tilbodet, og reguleringa er nødvendig for å kompensera for auka driftskostnader.

Strategien i planperioden er å leggja til rette for ein god overgang til oppveksttunet, vidareutvikla den planlagde friluftsprofilen og ta vare på fordelane som ligg i små og oversiktlege læringsmiljø, samstundes som ein byggjer sterkare faglege fellesskap mellom skule og barnehage.

Selevik skule

Innleiing

Selevik skule er ein fådelt barneskule med 15 elevar frå 1. til 7. trinn. Skulen har ein tydeleg friluftsprofil og legg stor vekt på læring gjennom aktivitet, nærleik til naturen og bruk av lokalmiljøet som læringsarena. Dei små elevgruppene gir gode høve til tett oppfølging, sterke relasjonar og eit trygt og inkluderande læringsmiljø.

Skulen deltek saman med Øvrebygda skule i Læringsmiljøprosjektet, der målet er å styrkja læringsmiljø, inkludering og fellesskap for alle elevar. Gjennom samarbeid på tvers av dei fådelte skulane får tilsette høve til felles kompetanseutvikling og erfaringsdeling, samstundes som skulen tek vare på dei styrkane som ligg i eit lite og oversiktleg læringsmiljø.

Verksemda er prega av nær kontakt mellom elevar, tilsette og føresette, og skulen arbeider målretta for å leggja til rette for trivsel, meistring og fagleg utvikling for alle elevar.

Beskriving av verksemda i dag

Selevik skule er ein liten nærmiljøskule med 15 elevar frå 1. til 7. trinn. Dei små elevgruppene gir gode høve til tett oppfølging, sterke relasjonar og eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Skulen har ein tydeleg friluftsprofil og nyttar naturen og nærmiljøet aktivt som læringsarena gjennom heile skuleåret.

Skulen arbeider systematisk med læringsmiljø, trivsel og inkludering gjennom deltaking i Læringsmiljøprosjektet. Arbeidet skjer i samarbeid med Øvrebygda skule og omfattar utvikling av relasjonar, sosial kompetanse, inkludering og gode læringsfellesskap. Samarbeidet gir høve til felles kompetanseutvikling og erfaringsdeling mellom dei to fådelte skulane.

Lesing er framleis eit prioritert satsingsområde. Skulen arbeider aktivt med implementering av kommunen sin leseplan, leseopplæring og leseglede, samstundes som skriving og grunnleggjande ferdigheiter vert vektlagt i alle fag. Resultat frå nasjonale prøver, kartleggingar og lokale undersøkingar vert nytta aktivt i det pedagogiske utviklingsarbeidet.

Praktiske og varierte arbeidsmåtar står sentralt i verksemda. Uteskule, fysisk aktiv læring, bruk av skulehagen og aktivitetar i nærområdet gir elevane høve til utforskande læring, meistring og samarbeid. Skulen legg stor vekt på å kombinera fagleg læring med aktivitet, naturopplevingar og sosial utvikling.

Skulen vidarefører tradisjonar og aktivitetar som styrkjer fellesskapet mellom elevar, føresette og lokalmiljø. Sosiale samlingar, kulturaktivitetar og ulike arrangement gjennom skuleåret bidreg til å skapa tilhøyrsle og identitet i skulemiljøet.

SFO-tilbodet er tett integrert i skulen si verksemd og legg vekt på leik, aktivitet og sosial utvikling i tråd med rammeplanen for SFO. Tilbodet er tilpassa elevane sine behov og byggjer på dei same verdiane om nærleik, inkludering og meistring som skulen elles. Kommunestyret vedtok i 2026 å gjera ferieopen SFO til ei permanent ordning og samstundes utvida tilbodet frå tre til fire veker. Tilbodet vert organisert ved Rimbareid skule, men er tilgjengeleg for elevar frå heile kommunen, inkludert Selevik skule.

Personalet er stabilt og engasjert, med brei erfaring frå arbeid i fådelt skule. Skulen legg vekt på kompetanseutvikling og deltaking i kommunale utviklingsprosjekt for å sikra eit best mogleg lærings- og oppvekstilbod for elevane.

Utfordringar og strategi

Selevik skule har 15 elevar frå 1.–7. trinn. Sjølv om elevtalet er lågt, har skulen dei siste åra hatt relativt stabile elevtal. Små elevgrupper gir gode høve for tett oppfølging og tilpassa opplæring, men gjer samstundes skulen sårbar både pedagogisk og økonomisk. Med få elevar kan små endringar i elevtal eller elevsamansetjing få stor innverknad på ressursbehov og organisering.

Skulen vil halda fram arbeidet med læringsmiljø, leseopplæring og praktiske arbeidsmåtar gjennom deltaking i Læringsmiljøprosjektet saman med Øvrebygda skule. Samarbeidet gir høve til felles kompetanseutvikling og erfaringsdeling, samstundes som skulen vidareutviklar den etablerte friluftsprofilen sin. Bruk av nærmiljøet som læringsarena og tett samarbeid mellom trinna er viktige styrkar ved skulen.

SFO-tilbodet er tett integrert i skulen si verksemd og legg vekt på leik, aktivitet og sosial utvikling i tråd med rammeplanen for SFO. Kommunestyret vedtok i 2026 å gjera ferieopen SFO til ei permanent ordning og samstundes utvida tilbodet frå tre til fire veker. Tilbodet vert organisert ved Rimbareid skule, men er tilgjengeleg for elevar frå heile kommunen, inkludert Selevik skule.

Frå august 2027 vert brukarbetalinga regulert i tråd med lønsutviklinga. Lønskostnader utgjer den største delen av kostnadene ved SFO-tilbodet, og reguleringa er nødvendig for å kompensera for auka driftskostnader.

Strategien i planperioden er å vidareutvikla kvalitetane som ligg i eit lite og oversiktleg læringsmiljø, samstundes som skulen tek del i kommunale utviklingsprosjekt og samarbeider tett med dei andre skulane i kommunen om kompetanseutvikling, læringsmiljø og kvalitetsarbeid. Målet er å vidareføra eit trygt, inkluderande og framtidsretta opplæringstilbod for elevane ved Selevik skule.

Svingen barnehage

Innleiing

Svingen barnehage er den største kommunale barnehagen i Fitjar kommune og ein sentral del av kommunen sitt oppvekstilbod. Barnehagen har fire avdelingar og moderne, funksjonelle lokale med gode uteområde som legg til rette for leik, læring, utforsking og fysisk aktivitet gjennom heile året.

Barnehagen arbeider målretta for å skapa eit trygt, inkluderande og utviklande miljø for alle barn. Gjennom systematisk arbeid med relasjonar, leik, språk, sosial kompetanse og tidleg innsats vert det lagt til rette for trivsel, meistring og læring. Svingen deltek i Læringsmiljøprosjektet saman med resten av oppvekstsektoren i Fitjar kommune, med særleg fokus på inkluderande fellesskap, gode relasjonar og førebygging av utanforskap.

Med eit stort og variert fagmiljø har barnehagen gode føresetnader for utviklingsarbeid, samarbeid på tvers av avdelingane og oppfølging av barn med ulike behov. Samarbeidet med føresette og andre tenester rundt barnet står sentralt i arbeidet med å sikra gode oppvekstvilkår for alle barn i Fitjar kommune.

Beskriving av verksemda i dag

Svingen barnehage er den største kommunale barnehagen i Fitjar kommune og har eit stort og variert fagmiljø. Barnehagen held til i moderne og funksjonelle lokale med gode uteområde som legg til rette for leik, læring, utforsking og fysisk aktivitet gjennom heile året. Verksemda er prega av fokus på tryggleik, relasjonar, inkludering og fagleg utvikling.

Barnehagen deltek i Læringsmiljøprosjektet saman med resten av oppvekstsektoren i kommunen. Gjennom prosjektet arbeider ein systematisk med relasjonar, inkludering, leik, sosial kompetanse og utvikling av gode fellesskap for alle barn. Målet er å skapa eit trygt og utviklande læringsmiljø som fremjar trivsel, meistring og deltaking.

Lesing, språk og kommunikasjon er viktige satsingsområde. Barnehagen arbeider målretta med språkstimulering og førebuing til skulestart gjennom leik, samspel og varierte læringsaktivitetar. Gode overgangar mellom barnehage og skule står sentralt i arbeidet.

Barnehagen vidarefører arbeidet med berekraft og naturglede gjennom prosjekt som «Frå jord til bord», der barna får erfaring med dyrking, matproduksjon og utforsking av naturen. Uteområdet og nærmiljøet vert aktivt nytta som læringsarena, og barna får rike høve til fysisk aktivitet og naturopplevingar.

Barnehagen legg stor vekt på samarbeid med føresette og andre tenester rundt barnet. Gjennom tett samarbeid med PPT, helsestasjon og andre fagmiljø arbeider ein for tidleg innsats og god oppfølging av barn med ulike behov.

Arbeidsmiljøet er prega av stabilitet, fagleg engasjement og utviklingsorienterte medarbeidarar. Barnehagen deltek aktivt i kompetanseutvikling innan mellom anna inkluderande praksis, læringsmiljø og førebyggjande arbeid for å sikra eit best mogleg tilbod til barna.

Gjennom sitt arbeid skal Svingen barnehage leggja til rette for at alle barn opplever tryggleik, meistring, vennskap og lærelyst i ein framtidsretta og inkluderande barnehage.

Utfordringar og strategi

Svingen barnehage er den største barnehagen i Fitjar kommune med 62 barn (83 einingar). Barnehagen har eit stort fagmiljø og gode føresetnader for å arbeida systematisk med kvalitet, utvikling og inkluderande praksis.

I planperioden er det venta at barnetalet i kommunen gradvis vil gå noko ned. Samstundes ser barnehagen eit aukande behov for individuell tilrettelegging og tett oppfølging av enkelte barn. Dette krev god kompetanse, fleksibel organisering og tett samarbeid mellom barnehage, føresette og støtteapparatet rundt barnet.

Barnehagen deltek i Læringsmiljøprosjektet saman med resten av oppvekstsektoren i kommunen. Arbeidet med relasjonar, leik, inkludering og sosial kompetanse skal bidra til at alle barn opplever tryggleik, tilhøyrsle og meistring i fellesskapet. Målet er å leggja til rette for at barn med ulike føresetnader kan delta aktivt i det ordinære barnehagetilbodet.

Svingen barnehage har moderne lokale og gode uteområde som gir gode moglegheiter for leik, utforsking og fysisk aktivitet. Strategien i planperioden er å vidareutvikla dei sterke fagmiljøa, leggja til rette for tidleg innsats og nytta dei fysiske rammene aktivt for å skapa gode lærings- og utviklingsmiljø for barna.

Samstundes må ressursbruken tilpassast utviklinga i barnetal og dei økonomiske rammene kommunen har til disposisjon. Målet er å oppretthalda høg kvalitet i tilbodet, samstundes som barnehagen er rusta til å møta endra behov i åra som kjem.

Fitjar Naturbarnehage

Innleiing

Fitjar naturbarnehage er ein kommunal barnehage med tydeleg friluftsprofil og lange tradisjonar for å nytta naturen som arena for leik, læring og utvikling. Barnehagen legg stor vekt på tryggleik, inkludering, meistring og naturglede, og nyttar nærmiljøet aktivt gjennom heile året.

Barnehagen samarbeider tett med Øvrebygda skule og vil i planperioden vera ein sentral del av etableringa av det framtidige oppveksttunet i Øvrebygda. I tråd med kommunestyret sitt vedtak skal oppveksttunet samla barnehage og skule i eit felles lærings- og utviklingsmiljø med friluftsprofil. Dette gir gode moglegheiter for styrkte overgangar, tettare samarbeid mellom tilsette og eit meir heilskapleg oppvekstløp for barna.

Verksemda er prega av eit sterkt engasjement for natur, uteaktivitetar og utforskande læring. Gjennom leik, rørsle og bruk av naturen som pedagogisk ressurs arbeider barnehagen for å leggja grunnlaget for livsmeistring, berekraft og lærelyst hos barna.

Beskriving av verksemda i dag

Fitjar naturbarnehage er ein kommunal barnehage med tydeleg friluftsprofil og stort fokus på tryggleik, inkludering og tidleg innsats. Naturen er ein viktig del av det pedagogiske arbeidet, og barnehagen nyttar nærmiljøet aktivt som arena for leik, læring, utforsking og fysisk aktivitet gjennom heile året.

Barnehagen deltek i Læringsmiljøprosjektet saman med resten av oppvekstsektoren i kommunen. Arbeidet har særleg fokus på relasjonar, inkludering, leik og utvikling av gode fellesskap for alle barn. Målet er å leggja til rette for tryggleik, meistring og deltaking gjennom eit inkluderande læringsmiljø.

Friluftsprofilen står framleis sentralt i verksemda. Barna får rike naturopplevingar gjennom turar, friluftsaktivitetar, utforskande leik og bruk av naturen som læringsarena. Arbeidet med berekraft og naturforståing vert vidareført mellom anna gjennom aktivitetar knytt til dyrking, matlaging ute og utforsking av natur og miljø.

Språk, kommunikasjon og leseglede er viktige satsingsområde. Barnehagen arbeider målretta med språkstimulering gjennom leik, samspel, høgtlesing og samarbeid med biblioteket. Samstundes vert det arbeidd systematisk med gode overgangar mellom heim, barnehage og skule.

Barnehagen nyttar BTI-strukturen aktivt i arbeidet med tidleg innsats og samarbeider tett med føresette, PPT, helsestasjon og andre relevante tenester for å sikra god oppfølging av barn som treng ekstra tilrettelegging eller støtte.

Arbeidsmiljøet er stabilt og prega av høg fagleg kompetanse og stort engasjement. Personalet deltek aktivt i kommunen sitt utviklingsarbeid innan læringsmiljø, inkluderande praksis og kompetanseheving.

Fitjar naturbarnehage samarbeider med Øvrebygda skule, og det vert arbeidd vidare med utviklinga av det framtidige oppveksttunet i Øvrebygda. Målet er å skapa eit samla lærings- og utviklingsmiljø med friluftsprofil, der barnehage og skule kan dra nytte av kvarandre sin kompetanse og leggja til rette for gode overgangar gjennom heile oppvekstløpet.

Utfordringar og strategi

Fitjar naturbarnehage står framfor ei spennande utvikling i planperioden. Eit sentralt mål er å vidareutvikla samarbeidet med Øvrebygda skule fram mot etableringa av det nye oppvekstsstunet i Øvrebygda. Samlokalisering av barnehage og skule vil gje nye moglegheiter for samarbeid, kompetansedeling og gode overgangar gjennom oppvekstløpet, samstundes som det krev planlegging og utvikling av felles kultur, rutinar og pedagogiske arbeidsmåtar.

Barnehagen har ein tydeleg friluftsprofil, og det framtidige oppvekstsstunet skal byggja vidare på denne retninga. Aktiv bruk av naturen, nærmiljøet og uteområda skal framleis vera ein viktig del av kvardagen, og leggja til rette for læring, leik, fysisk aktivitet og berekraftig utvikling. Friluftsprofilen gir også gode moglegheiter for samarbeid mellom barnehage og skule.

Som i resten av barnehagesektoren ser ein eit aukande behov for individuell tilrettelegging og oppfølging av enkelte barn. Fleire barn har behov for ekstra støtte knytt til språk, sosial utvikling, regulering eller spesialpedagogisk hjelp. Dette krev høg kompetanse hos personalet og tett samarbeid med føresette, PPT og andre støttefunksjonar.

Samstundes viser prognosane at barnetalet i kommunen er venta å gå noko ned i åra som kjem. Dette gir behov for god planlegging av kapasitet, bemanning og ressursbruk ved det framtidige oppvekstsstunet. Målet er å sikra eit robust og berekraftig tilbod samstundes som kvaliteten i tenestene vert vidareutvikla.

Barnehagen deltek i Læringsmiljøprosjektet saman med resten av oppvekstsektoren i kommunen. Arbeidet med relasjonar, leik, inkludering og gode fellesskap skal bidra til at alle barna opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsle. Målet er å leggja til rette for at flest mogleg barn kan utvikla seg og læra innanfor det ordinære fellesskapet.

Strategien i planperioden er å vidareutvikla barnehagen sin sterke friluftsprofil, styrkja samarbeidet med skulen fram mot oppvekstsstunet og leggja til rette for tidleg innsats gjennom inkluderande praksis og gode læringsmiljø. Samstundes skal barnehagen vera rusta til å møta framtidige endringar i barnetal og behov hos barna.

Nye tiltak

§ 37 Styrka tilbod førskulebarn Fitjar natur (1 180)

Vedtak etter barnehageloven §37 for å sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får eit eigna og individuelt tilrettelagt barnhagetilbod. Vedtak om 45 timar per veke er iverksatt frå haust 2026.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Redusera styrarstilling	1	-178	-426	-426	-426
Sum		**-178**	**-426**	**-426**	**-426**

Nye tiltak

Redusera styrarstilling

Barnehagen vil ha 32 barn våren 2027 og oppfyller bemannings- og pedagognorm. Samstundes har barnehagen ressursar knytt til § 37-vedtak som krev oppfølging og koordinering. Det er derfor behov for ein viss leiingskapasitet. Etter ei samla vurdering framstår å redusera til ein styrarressurs på 60 % som forsvarleg. Det låg på dette før me låg ned Dåfjorden bhg. Ei reduksjon under dette vil kunne påverke kapasiteten til personalleiing, kvalitetsutvikling og oppfølging av særskilde tiltak.

Kultur

Innleiing

Kultursektoren i Fitjar kommune arbeider for å fremja eit levande, inkluderande og aktivt kulturliv for innbyggjarar i alle aldrar. Eininga omfattar kulturkontoret, biblioteket, ungdomsarbeid, kulturminneforvaltning og samarbeid med frivillig sektor. Gjennom tett samarbeid med lag, organisasjonar, frivillige og andre kommunale tenester legg kultursektoren til rette for aktivitet, deltaking, opplevingar og fellesskap i lokalsamfunnet.

Kultursektoren har ei viktig rolle både som tenesteytar, tilretteleggjar og utviklingsaktør. Arbeidet omfattar mellom anna støtte til frivillig aktivitet, utvikling av kulturarenaer, oppfølging av kulturminne, bibliotektenester og tiltak for barn og unge. Samstundes står sektoren framfor fleire viktige utviklingsoppgåver knytt til kulturplan, kulturminneplan, museumsarbeid og vidare utvikling av kommunen sine møteplassar og kulturtilbod.

Gjennom aktiv samhandling med frivillig sektor og lokale samarbeidspartnarar skal kultursektoren bidra til å styrkja folkehelse, inkludering, identitet og trivsel i Fitjar kommune.

Beskriving av verksemda i dag

Kultursektoren i Fitjar kommune arbeider for å fremja eit mangfaldig, inkluderande og aktivt kulturliv som er tilgjengeleg for alle innbyggjarar. Eininga omfattar kulturkontoret, biblioteket, ungdomsarbeid, kulturminneforvaltning og samarbeid med frivillig sektor. Gjennom tett samarbeid med lag, organisasjonar og frivillige legg kultursektoren til rette for aktivitet, deltaking, opplevingar og fellesskap i lokalsamfunnet.

Kulturkontoret har ei sentral rolle som tilretteleggjar og utviklingsaktør. Arbeidet omfattar mellom anna støtte til frivillig aktivitet, tilskotsforvaltning, kulturarrangement og utvikling av kulturarenaer. E-sportsenteret har etablert seg som ein viktig møteplass for ungdom og har hatt gode besøkstal sidan oppstarten.

Kulturminneforvaltning er eit viktig arbeidsområde. Sektoren arbeider med oppfølging av kulturminne, rådgjeving, søknadsarbeid og utvikling av ny kulturminneplan i samarbeid med landbrukskontoret, frivillige og andre relevante aktørar. Arbeidet omfattar også oppfølging av bygningsmassen ved Årskog museum og andre kulturhistoriske verdiar i kommunen.

Biblioteket er ein sentral møteplass og formidlingsarena for innbyggjarane. Gjennom samarbeid med barnehagar, skular og helsestasjon bidreg biblioteket aktivt i arbeidet med leseglede og språkstimulering. Biblioteket spelar ei viktig rolle i oppfølginga av kommunen sin leseplan og arbeider målretta med litteraturformidling, arrangement og aktivitetar for ulike aldersgrupper.

Kulturhuset er ein viktig arena for kultur- og samfunnsliv i kommunen og vert nytta til arrangement, møteverksemd, ungdomstiltak og aktivitetar i regi av både frivillige lag og kommunen. Gjennom samarbeidet mellom kommune og frivillig sektor fungerer kulturhuset som ein sentral møteplass for innbyggjarane.

Kultursektoren har dei siste åra hatt stor aktivitet sett opp mot tilgjengelege ressursar. Verksemda arbeider kontinuerleg med å styrkja samarbeidet med frivillig sektor, leggja til rette for deltaking og bidra til trivsel, inkludering og livskvalitet for innbyggjarane i Fitjar kommune.

Utfordringar og strategi

Kultursektoren har ei brei oppgåveportefølje og eit høgt aktivitetsnivå sett opp mot ressursane som er tilgjengelege. Samanlikna med både nabokommunar og kommunar i same KOSTRA-gruppe ligg ressursbruken innan kulturfeltet lågt. Dette gjer det nødvendig å prioritera mellom drift, utviklingsarbeid og støtte til frivillig sektor.

Frivillige lag og organisasjonar er ein avgjerande ressurs for kulturlivet i Fitjar. For å kunna utvikla og vidareføra dette samarbeidet er det behov for administrativ kapasitet til oppfølging, koordinering og utvikling av frivillig innsats. Kultursektoren har over tid vist at ein gjennom godt samarbeid med frivillige kan skapa aktivitet og verdiar som går langt utover det den kommunale ressursbruken aleine skulle tilseia.

Kultursektoren står framfor fleire viktige plan- og utviklingsoppgåver i planperioden. Dette omfattar arbeid med ny kulturplan, kulturminneplan og vidare utvikling av kommunen sine kulturarenaer. Arbeidet med kulturminneforvaltning omfattar både planarbeid, rådgjeving og oppfølging av kulturhistoriske verdiar, mellom anna ved Årskog museum. Samstundes er det behov for vedlikehald og oppgradering av delar av bygningsmassen, og kommunen må pårekna auka eigne bidrag etter kvart som tilgjengelege fondsmidlar vert reduserte.

E-sportsenteret har utvikla seg til å bli ein viktig møteplass for ungdom og er no overført til frivillig drift. Det vidare arbeidet vil ha fokus på å sikra berekraftig drift, vidareutvikla samarbeidet mellom kommune og frivillig sektor og leggja til rette for aktivitetstilbod som kombinerer sosialt fellesskap og deltaking.

Biblioteket har ei viktig rolle i kommunen sitt arbeid med leselyst, språkstimulering og livslang læring. Gjennom samarbeid med barnehagar, skular og andre lokale aktørar skal biblioteket vidareutvikla arbeidet med leseglede, litteraturformidling og møteplassfunksjonen for alle aldersgrupper.

Strategien i planperioden er å styrkja kultursektoren si rolle som samfunnsutviklar, møteplass og tilretteleggjar for frivillig aktivitet. For å kunna gjennomføra dei planlagde utviklingsoppgåvene har fagetaten foreslått å auka kulturstillinga til 100 prosent og samstundes fjerna inntektskravet på kr 100 000. Målet er å sikra tilstrekkeleg kapasitet til planarbeid, frivilligheit, kulturminneforvaltning, bibliotekutvikling og vidareutvikling av kulturtilbodet i Fitjar kommune. Kommunedirektøren har desverre ikkje funne rom for denne satsinga.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Auka bokbudsjett	3	25	25	25	25
Auka kultursjefstilling til 100%	1	106	106	106	106
Avvikle innteningskravet på kr. 100 000,- for kultursjefstilling	1	100	100	100	100
Leige av Friluftsrådet Vest og Fitjar kommune sin båt til registreing av kulturminne i øyane	1	50	0	0	0
Maling av gardshuset og løeveggen på Årskog museum	1	100	0	0	0
Maling og vedlikehald Galleri Losjen	1	150	50	0	0

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Nasjonal nettsideløysing for bibliotek	1	17	17	17	17
Sunnhordland museum - auke tilskot	1	136	136	136	136
Sum		**684**	**434**	**384**	**384**

Nye tiltak

Auka bokbudsjett

Auke i bokbudsjettet

Med satsing på lesing i Fitjar kommune hjå barnehagar og skular er det naudsynt med eit godt og interessant utval av bøker. Pris pr bok har auka, me treng fleire bøker som freistar dei unge. For 30000,- kan me byggje opp ei god samling av manga-litteratur og kjøpe inn fleire bøker til barnehagebiblioteket.

Me skal satse på leseglede i Fitjar. Då må me ha tilgjengeleg litteratur!

Auke i bokbudsjettet til 180 000,-. Tiltak 25 000,-

Auka kultursjefstilling til 100%

Auke kultursjefstillinga til 100 %

I 2019 vart kultursjefstillinga skoren ned frå 100 % til 80 % grunna svært stram kommuneøkonomi. Dei resterande 20 % vart kultursjef sett til undervisning i 20%. I 2024 vart 8,7 %. tilbakeført til kultursjefstillinga (11% til Rimbareid). Arbeidsmengda i dag står ikkje i samsvar med noverande stillingsprosent. I tillegg til dagleg drift med svært mange oppgåver ligg det omfattande planarbeid til stillinga i åra framover, mellom anna arbeid med frivilligplan, kulturmiljøplan og kulturplan. Det er difor naudsynt med auka kapasitet ved kulturkontoret gjennom tilbakeføring av kultursjefstillinga til 100 %. Dette er det aller viktigaste tiltaket på kultur i 2027 og utover for å komma i mål med alle faste arbeidsoppgåver og i tillegg alt planarbeid som ligg føre.

Desse midlane ligg innafor ramma for kulturbudsjettet 2027.

Økonomisk konsekvens: Tiltaket vil koste kr 106 000 per år, inkludert 30 % sosiale kostnader.

Avvikle innteningskravet på kr. 100 000,- for kultursjefstilling

Inntening av lønns-midlar via tilskotsordningar har vist seg å ikkje fungere særleg godt. Det er ikkje enkelt å skaffe midlar til drift, som er den einaste måten ein kan finansiere lønn på denne måten. Det endar med at ein må "ta det ein får" og det fører til at ein må jobbe med ting som ikkje har med fagfeltet innan kultur å gjera. Eksempel på dette er når kulturkontoret fann 40 000 til å universelt utforme sentrum og brukte dagane til å måle fortogskantar og liknande. Det er også store krav til raportering. Kulturkontoret har mange vikte oppgåver som heller bør fokuserast på.

Leige av Friluftsrådet Vest og Fitjar kommune sin båt til registreing av kulturminne i øyane

I samband med arbeid med kulturmiljøplan er ein avhengig av båtskyss for å komme rundt i Fitjarøyane for å registrere kulturminne. Den einast mogelege kommunale transportmogeleghet er med Friluftsrådet Vest og Fitjar kommune sin felleseigde båt som kostar kr 2000,- å leige per time.

Maling av gardshuset og løeveggen på Årskog museum

Løe, hovedhus og stabbur treng målast

Maling og vedlikehald Galleri Losjen

Galleri Losjen treng målast utvendig og innvendig og det står att ein god del utvendig vedlekhaldsarbeid.

Nasjonal nettsideløysing for bibliotek

Frå 2027 blir dagens nettsideløysing for bibliotek avvikla og erstatta av ei ny felles nasjonal løysing. For Fitjar kommune vil årskostnaden vere om lag kr 17000. Det vil sei at for å ta i bruk den nye løysinga må biblioteket sitt budsjett aukast med kr 17 000 frå 2027.

Sunnhordland museum - auke tilskot

Sunnhordland ber om auke i tilskotet til kr 50,- per innbyggjar.

Musikk- og kulturskule

Innleiing

Fitjar musikk- og kulturskule er ein viktig del av kommunen sitt oppvekst- og kulturtilbod og bidreg til å gje barn og unge moglegheit for kreativ utfalding, meistring og læring. Kulturskulen tilbyr opplæring innan musikk, dans og andre kulturfag, og har ei viktig rolle i å styrkja barn og unge si deltaking i kulturlivet. Gjennom samarbeid med grunnskulen, barnehagane, kultursektoren og frivillige organisasjonar bidreg kulturskulen til å skapa eit levande og inkluderande kulturliv i Fitjar kommune.

Beskriving av verksemda i dag

Fitjar musikk- og kulturskule opplever framleis god oppslutning og aukande etterspurnad etter tenestene sine. Ved utgangen av 2025 hadde kulturskulen 101 elevar fordelt på 123 elevplassar, noko som utgjer om lag ein fjerdedel av elevmassen i grunnskulen. Særleg innan dans har det vore historisk høg deltaking dei siste åra.

Kulturskulen tilbyr undervisning innan fleire kunst- og kulturuttrykk og legg stor vekt på å skapa meistring, skaparglede og kulturell deltaking for elevane. Gjennom konsertar, framsyningar og ulike kulturarrangement får elevane høve til å utvikla ferdigheitene sine og bidra aktivt i lokalsamfunnet.

Kulturskulen samarbeider tett med grunnskulen, barnehagane og det lokale kulturlivet. Mellom anna vert det ytt dirigenttenester til skulekorpset, og kulturskulen er ein viktig samarbeidspart i gjennomføringa av kulturaktivitetar og arrangement i kommunen.

Verksemda har 2,67 årsverk fordelt på administrasjon og pedagogisk personale. Trass i avgrensa ressursar har kulturskulen oppretthalde eit breitt tilbod og arbeider kontinuerleg med kvalitetsutvikling, rekruttering og tilpassing av undervisningstilbodet til elevane sine behov.

Utfordringar og strategi

Kulturskulen opplever framleis aukande etterspurnad etter plass i fleire av tilboda sine. Dette er ei positiv utvikling, men skaper samstundes utfordringar knytt til kapasitet, organisering og ressursbruk. For å møte utviklinga er det lagt inn ei styrking på 20 prosent stilling i økonomiplanen. Samstundes vert om lag 26 prosent av stillingsressursen halden vakant for å balansera behovet for vekst opp mot dei økonomiske rammene.

Auka elevtal medfører òg høgare brukarinntekter. Det er berekna ein inntektsauke på om lag kr 50 000. Frå august 2027 vert brukarbetalinga regulert i tråd med lønsutviklinga, då lønskostnader utgjer den klart største delen av driftskostnadene i kulturskulen.

Kulturskulen har behov for moderate investeringar innan instrument, teknisk utstyr, lagringsløysingar og IKT-utstyr for tilsette. Det er òg ønskje om å vidareutvikla undervisningslokala slik at dei i større grad støttar aktivitetane ved skulen.

Strategien i planperioden er å vidareutvikla eit breitt og attraktivt kulturskuletilbod samstundes som ressursane vert nytta på ein berekraftig måte. Kulturskulen skal framleis vera ein viktig arena for kulturutøving, meistring og inkludering, og leggja til rette for at flest mogleg barn og unge får moglegheit til å delta i kulturlivet i Fitjar kommune.

Nye tiltak

Auka inntekt i 2027 ved å opprettholde stillingsprosent pr. 01.08.26 (- 50)

Det vert lagt inn ei auka inntekt i forma av elevbetaling. Auken føreset at stillingsnivået vert vidareført som ved inngangen til nytt kulturskuleår.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Auke 20% stilling i samla stillingsressurs 2027.	1	182	182	182	182
Sum		**182**	**182**	**182**	**182**

Nye tiltak

Auke 20% stilling i samla stillingsressurs 2027.

Budsjett 2027 syner eit avvik på 181301,-. Dette skuldast ei vikarstilling på 15% som vart formalisert våren/sumaren 2026, og anna stilling auka med 5% frå hausten 2026 grunna auke i elevtal. Dette i samråd med kommunedirektør.

Kulturskulen har ein vedteke samla ressurs på 2,67 årsverk. Grunna midlertidig omplassering av tilsett, fall 40% av samla ressurs ut av kulturskulen sitt budsjett. Vedkomande er no fast tilsett i anna eining i kommunen, og den ynskja auken på 20% stilling i 2027 er ein del av den 40% stillinga som forsvann. Målsetjinga er sjølvsagt å få tilbakeført politisk vedteken samla ressurs i kulturskulen, men i 2026 nyttar me oss av 2,4 årsverk. Viktig å presisere at konsekvens ved bortfall av denne ressursen på 20%, som er godkjent inneverande år, er oppseiing av lærar og elevplassar.

Resterande ressurs som er teken ut av rammene utan politisk vedtak på 26,7% ligg i stillingsoversikt vakant med 0,- i utgifter p.t.

Det er eit behov for tilbakeføring av kulturskulen sin politisk vedtekne samla ressurs, då ein negativ trend i samband med pandemi har snudd, og me ser auke i elevtal dei to-tre siste åra.

Samfunnsutvikling og drift

Innleiing

Etaten for Samfunnsutvikling og drift har ansvar for oppgåver knytt til plan, byggesakshandsaming, kart og oppmåling, landbruk, drift av kommunale eigedomar og kommunal infrastruktur, i tillegg til brann og redningstenesta . Fleire av oppgåvene til etaten er underlagt prinsipp om sjølvkost, slik som plan, byggjesak og vatn og avlaup. Fleire av tenestene som er lagt til etaten er særskilt viktige for å sikra at kommunen og Fitjarsamfunnet kan utvikla seg vidare. Drift av kommunale eigedomar og føremålsbygg set viktige rammevilkår for overlevering av tenester både innanfor oppvekst og helse og omsorg.

Etaten sine tenester er i liten grad fanga opp gjennom kostnadsnøklar i det kommunale inntektssystemet.

Økonomiplanen skal bidra til å sikra tenester med høg kvalitet, god ressursutnytting og utvikling av gode tenester i Fitjar kommune.

Figuren under viser overordna administrativ organisering av etaten i 2026.



	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Forvaltning	3 775	4 480	4 650	2 438	2 438	2 438	2 438
Drift og vedlikehald	27 293	32 340	34 006	30 462	30 442	30 442	30 442
VAR	-2 989	-31	-2 881	-4 403	-4 964	-4 964	-4 964
Brann og beredskap	7 775	8 346	7 791	8 643	8 643	8 643	8 643
Sum Samfunnsutvikling og drift	**35 854**	**45 135**	**43 567**	**37 140**	**36 559**	**36 559**	**36 559**

Beskriving av verksemda i dag

Etaten for Samfunnsutvikling og drift har eit breitt samfunnsoppdrag som omfattar tenester til både einskildpersonar og føretak i Fitjar kommune. Etaten skal leggja til rette for ei god utvikling og skal sikra ei god og rettvis handsaming av alle typar saker innanfor plan, byggjesak og oppmåling. Etaten har også eit viktig ansvar med omsyn til å leggja til rette for næringsutvikling. Dette skjer delvis gjennom måten etaten ivarek sine forvaltningsoppgåver, men etaten har også eit særskilt ansvar for å leggja til rette for landbruksnæringa.

Samfunnsutvikling og drift har gjennom Fitjar brann og redning eit ansvar for tryggleiken til dei som bur i kommunen. Dette skjer dels gjennom førebyggjande arbeid og tilsyn, og dels gjennom det utrykkingstenesta innan brann, redning, men også i stadig større grad mot helseoppdrag.

Samfunnsutvikling og drift har også eit ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg og infrastruktur, og har også hovuoppfølginga av kommunen si investeringsportefølje.

Utfordringar og strategi

Måla for etaten byggjer mellom anna på kommuneplanen sin samfunnsdel, kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar for vatn og avlaup, plan for trafikktryggleik med vidare.

Mål for etaten:

Digitalisering

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester.

- Etaten har seinare år lagt vekt på digitalisering av planar
- Sikre eit godt kartgrunnlag
- Tilretteleggje for god informasjon og rettleiing gjennom kommunen sine nettsider
- Bruk av nettportal for innmelding av saker til drift
- Det må arbeidast med å få eit samordna system for byggstyring og drift.

Plan og strategiar

- Det bør etablerast ein eigedomsstrategi som sikrar at kommunen opptrer som ein god eigar av eigne bygg.
- Kommuneplanen sin arealdel må følgjast vidare opp i budsjettåret 2027.
- Ny hovudplan for vatn må følgjast opp
- Sikra at private planinitiativ kjem til avslutning.

Andre mål

- Etablera betre IK-system knytt til ulike driftsfunksjonar
- Gå gjennom retningslinjer for tilkoplingar til VA
- Iverksetja meir eigna gebyrregulativ innan VA
- Arbeide med lekkasjesøk og retting i vassnettet
- Kunna gjera reelt vedlikehald på kommunen sine bygg

Utfordringar

Ramma for ansvar 3100 (drift og vedlikehald) i 2027 er knapp.Fitjar kommune har normalt prioritert eitt årige tiltak i drift framfor å budsjettere med ein fast sum til ubunde vedlikehald, dette gjer at det er vanskeleg å nå ramma utan å finna midler utover det som er avsett på andre område.

Drift til vedlikehald må finansierast av kommunen sine frie inntekter og når mykje er bunde opp i tenesteproduksjon er desse frie midlane vanskeleg å finna. Den har ved ein feil vore redusert med 1,2MNOK to gongar frå 2026 til 2027. Det er flytta 0,8MNOK frå ansvar 3000 (forvaltning) i samband med at me set ei stilling vakant i 2027, og er føreslått flytta ytterlegare 0,5 MNOK frå ansvar 3000. Desse 0,5 MNOK er avsett til arbeid med kommuneplanen sin arealdel, og administrasjonen føreslår at me baserer oss på at arbeidet vert utført av eigne ressursar framfor å kjøpa konsulenttenester.

Med så låg budsjettramme som no er føreslått for ansvar 3100, kan ikkje kommunen leggja opp til planlagd vedlikehald av noko betydning. Det er heller ikkje midlar til vegvedlikehald. Fagetaten tilrår at ramma vert auka monaleg, kommunedirektøren har ikkje funne rom for ein slik auke. Kommunen er ikkje tent med å budsjettera så lågt at byggvedlikehald vert forsømt over tid.

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Reversert vakanse (210)

I 2026 var ei rådgjevarstilling sett vakant i fyrste kvartal. Denne vakansen var mellombels. Det er tilsett i alle stillingar.

Nye tiltak

Korrigering av dobbelt nedtrekk frå 2026 (1 200)

Ved ein feil er ramma til ansvar 31 redusert med 1,2MNOK to gongar frå 2026 til 2027. Driftsramma har ikkje rom for særlege uføresette kostnader.

Skifta vindauge SFO + vaska og mala + byta rømningsdører (500)

Det var lagt til ekstra kr 500 000 i driftsmidlar i 2026 for utskifting av vindauge. Dette vert reversert i 2027.

Sommarvikarar drift (150)

Det vert sett av kr. 150 000 til å ta inn sommarvikarar på drift og vedlikehald. Bruk av sommarvikarar kan vera nyttig for å få gjort turvande arbeid på kommunen sine grøntanlegg og sesongverdlikehald slik som mellom anna maling. Nedtrekket i 2027 gjeld berre samanlikna med ramma i 2026, der det var lagt inn ekstra 150 000 til ferievikarar.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Auka ramme til vedlikehaldstiltak	1	3 500	2 500	3 500	2 500
Flytte midlar frå KPA til driftsmidlar på ansv 3100	1	-500	0	0	0
Vaska og impregnera tak Øvrebygda skule	1	260	0	0	0
Vedlikehald utleigebygg	1	350	0	0	0
Sum		**3 610**	**2 500**	**3 500**	**2 500**

Nye tiltak

Auka ramme til vedlikehaldstiltak

Ramma for vedlikehaldstiltak bør aukast monaleg for å kunna handtera vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg og anlegg. Ramma for ansvar 31 er så knapp at det ikkje er rom for planlagde vedlikehaldstiltak. Ramma for ansvar 31 har vore teke ned til kunstig lågt nivå. Etter at den faste investeringsposten for vegtiltak utgjekk, fall dessutan alle vedlikehaldsmidlar for veg bort, og ligg att med kring kr 170 000,-. Det inneber at det ikkje vert mogleg å asfaltera eller gjennomføra andre vedlikehaldstiltak på veg i åra som kjem. Ved nyasfaltering av veg må det leggjast inn minimum 1MNOK, helst 2MNOK, for at det skal monna.

Flytte midlar frå KPA til driftsmidlar på ansv 3100

Tiltaket inneber å flytta 0,5MNOK frå ansv 30 til ansv 31 for 2027.

Summen er i ansv 3000 knytt til plankonsulenttenester for KPA. I ansv 3100 skal beløpet dekkja opp for delar av feil i budsjettramma, der det har vore trekt ned 1,2 MNOK for mykje frå 2026. Det er ikkje mogleg å få budsjettet til ansv 3100 til å gå opp utan å tilføra fleire midlar, med mindre det vert kutta ei stilling eller at vedlikehaldsmidlane vert så få at det i realiteten ikkje er mogleg å halda budsjettramma. Sjølv utan nye tiltak eller planlagd vedlikehald må me reparera det som vert øydelagd. På grunn av manglande vedlikehald over lang tid er mykje av driftsavdelinga sitt arbeid knytt til å reparera det som går i stykker løpande gjennom året. Ei så knapp budsjettramme som det no - altså ved ein feil - er lagt opp til for ansv 3100 er ikkje mogleg å basera drifta på viss det er forventa at budsjettramma skal kunna haldast. Difor føreslår me å flytta 0,5 MNOK frå ansv 3000, og sjølv handtera arbeidet med KPA som gjenstår etter høyring.

Forvaltning

Innleiing

Tenesteområde forvaltning omfattar landbruk, miljø og forureining, vilt, skogforvaltning, plan, byggjesak, kart og oppmåling. Gjennom desse tenestene legg kommunen viktige rammevilkår for samfunnsutviklinga, for eigne innbyggjarar og næringsdrivande. Mange av oppgåvene som eininga utfører legg premissar for at Fitjar skal vera ein god stad å bu og arbeide både no og i framtida.

Beskriving av verksemda i dag

Forvaltningseininga har ansvaret for planarbeid, byggjesaker og eigarseksjonering, kart og oppmåling, matrikkelføring, miljø- og forureiningssaker, viltsaker og landbrukssaker.

Eininga har seks årsverk, det eitt vert sett vakant i 2027. Dette vert evaluert ved årets slutt.

Utfordringar og strategi

Mål for eininga

- Saker skal handsamast på ein effektiv og god måte og i samsvar med dei gjeldande regelverka som kommunen forvaltar.
- Me skal overhalda dei lovbestemte fristane som gjeld for sakshandsaminga.
- Me skal levera gode tenester til eigne innbyggjarar og til Austevoll kommune innan landbruks- og miljøområdet
- Me vil prioritera arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Utfordringar

Budsjettet tek høgde for lågare inntening enn tidlegare år, spesielt innan sjølvkostområda byggjesak og plan. Dette skuldast at reelle inntekter dei siste åra, og forventa inntekter for 2027 er sett på nivå med 2026. Det er naudsynt å budsjettera mest mogleg reelt. Å føresjå tal søknadar som kjem inn i løpet av eit år er vanskeleg. Dermed er budsjetterte inntekter basert på reelle inntekter frå dei siste åra. Utgiftene knytt til eininga er relativt små. Eitt av årsverka tilknytt eininga vert sett som vakant. Me ser føre oss å kunna handsama oppgåvene innanfor dei fem gjenverande årsverka, men den sjette stillinga vert ikkje fjerna før me ser korleis arbeidsmengda vert for dei andre fem årsverka.

Gebyrregulativet for 2027 vert lagt fram i eiga sak for kommunestyret frå formannskapet.

Strategi:

- Vurdere innkjøp av Elements planmodul
- Ferdigstille kommuneplanen sin arealdel for sikra eit meir oppdatert plangrunnlag og færre dispensasjonar
- Samarbeid med landbruksnæringa

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Reversert vakanse (210)

I 2026 var ei rådgjevarstilling sett vakant i fyrste kvartal. Denne vakansen var mellombels. Det er tilsett i alle stillingar.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Flytte midlar frå KPA til driftsmidlar på ansv 3100	1	-500	0	0	0
Sum		**-500**	**0**	**0**	**0**

Nye tiltak

Flytte midlar frå KPA til driftsmidlar på ansv 3100

Tiltaket inneber å flytta 0,5MNOK frå ansv 30 til ansv 31 for 2027.

Summen er i ansv 3000 knytt til plankonsulenttenester for KPA. I ansv 3100 skal beløpet dekkja opp for delar av feil i budsjettramma, der det har vore trekt ned 1,2 MNOK for mykje frå 2026. Det er ikkje mogleg å få budsjettet til ansv 3100 til å gå opp utan å tilføra fleire midlar, med mindre det vert kutta ei stilling eller at vedlikehaldsmidlane vert så få at det i realiteten ikkje er mogleg å halda budsjettramma. Sjølv utan nye tiltak eller planlagd vedlikehald må me reparera det som vert øydelagd. På grunn av manglande vedlikehald over lang tid er mykje av driftsavdelinga sitt arbeid knytt til å reparera det som går i stykker løpande gjennom året. Ei så knapp budsjettramme som det no - altså ved ein feil - er lagt opp til for ansv 3100 er ikkje mogleg å basera drifta på viss det er forventa at budsjettramma skal kunna haldast. Difor føreslår me å flytta 0,5 MNOK frå ansv 3000, og sjølv handtera arbeidet med KPA som gjenstår etter høyring.

Drift og vedlikehald

Innleiing

Ansvar 3100 Drift og vedlikehald omfattar eigedomsdrift av kommunen sine føremålebygg, andre bustader, grøntanlegg og vegar. I tillegg er reinhald av dei fleste kommunale bygg ført på dette ansvarsområdet: Unntaket er nokre bygg innan sektorområdet til helse og omsorg. Kulturbygga til kommunen, slik som garden i Årskog og galleri Losjen høyrer til under oppvekstetaten.

Beskriving av verksemda i dag

Drift og vedlikehaldsavdelinga har ansvaret for den kommunale eigedomsdrifta og høyrer til under eining for tekniske tenester. Ansvarsområdet til avdelinga omfattar drift av kommunen sine eigedomar, bygningsmasse, vegar og parkeringsplassar, kaier og bruer, gatelys, grøntområde og andre uteareal. I tillegg omfattar det reinhaldstenester, vaktmeistertenester og visse oppgåver for andre kommunale einingar.

Det er totalt 13,4 årsverk som vert ført under drift og vedlikehald, av desse er omlag 6 årsverk knytt til reinhald, elles er det i hovudsak knytt til driftetenester innan eigedom og infrastruktur. I 2026 har omorganiseringa av eining for tekniske tenester vorte gjennomført, slik at VA og drift og vedlikehald no er samle under ein einingsleiar.

Utfordringar og strategi

Mål for avdelinga

- Me skal levera så gode tenester som rammevilkåra tillet. Rammevilkåra er både økonomiske (kroner) og menneskelege (tid).
- Alle tenester skal som eit minimum tilfredsstilla krav sett i lov og forskrift.
- Me skal ikkje ha arbeidsulykker som fører til sjukefråver.
- Me skal arbeida for å redusera sjukefråver.
- Me skal gjennomføra dei kursa som er naudsynte for dei oppgåvene me har.
- Me skal utarbeida vedlikehaldsplan og eigedomsstrategi slik at me får eit grunnlag til å planleggja og prioritera naudsynt vedlikehald og nybyggsprosjekt for framtida. Vedlikehaldsetterslepet er i dag stort.
- Me skal arbeida med kunnskapsoverføring og digitalisering. I dag er det mykje kunnskap som ikkje er skriftleggjort eller systematisert, noko som gjer drifta utfordrande.

Utfordringar

I 2024 vart det utarbeidd ein tilstandsrapport som viser eit stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Det ligg idag oppfølging av tilsyn mellom anna innanfor miljøretta helsevern der det ikkje er tilstrekkelege midlar til å sikra god oppfølging. Manglande vedlikehald av bygningsmassen vil til slutt gå ut over brukarane av bygga. Me ser i dag at forventningane frå brukarane er større enn me klarer å møta med driftsmidla som er tilgjengelege. Fleire bygg har avvik frå lovkrav, men det er ikkje avsett midlar i budsjettet til å retta dette. Fordi vedlikehald ikkje vert gjort i stor nok grad, ser me at spesielt fleire tekniske anlegg eller delar av desse vert øydelagde, og me må kjøpa nytt utan plan eller budsjett.

Dette er ein ugunstig måte å driva på over tid, og det hindrar at me kan driva førebyggjande vedlikehald framfor brannsløkking.

Det er ikkje budsjettert med inntekter på Årskog kai i 2027. Slik kaia står i dag leiger me ut sporadisk for kortare anløp, men det kan ikkje reknast med inntekter i særleg grad.

Prioriteringar innan området må tydeleggjerast: Prioritet 1 er alle tiltak som er naudsynte for å ivareta omsyn til helse og tryggleik for tilsette og tenestemottakarar eller for å unngå skader på ytre miljø. Prioritet 2 er alle tiltak som er naudsynte for å sikra økonomisk forsvarleg drift og forvaltning av kommunen sine eigedomar. Prioritet 3 er andre tiltak som er kjekt å ha.

Strategi

- Det bør sikrast midlar til vedlikehald.
- Det bør kjøpast og innførast eit FDV-system (forvaltning, drift og vedlikehald) for å sikra betre internkontroll og ressursstyring.
- I større grad ta inn sommarvikarar for å avhjelpa med sesongbasert vedlikehald, dersom det er budsjettmidlar til dette.
- Det bør inngåast rammeavtaler på relevante fag for å forenkla prosessar kring innkjøp.
- Det må søkjast samarbeid saman med andre der det er mogleg.

Nye tiltak

Korrigering av dobbelt nedtrekk frå 2026 (1 200)

Ved ein feil er ramma til ansvar 31 redusert med 1,2MNOK to gongar frå 2026 til 2027. Driftsramma har ikkje rom for særlege uføresette kostnader.

Skifta vindauge SFO + vaska og mala + byta rømningsdører (500)

Det var lagt til ekstra kr 500 000 i driftsmidlar i 2026 for utskifting av vindauge. Dette vert reversert i 2027.

Sommarvikarar drift (150)

Det vert sett av kr. 150 000 til å ta inn sommarvikarar på drift og vedlikehald. Bruk av sommarvikarar kan vera nyttig for å få gjort turvande arbeid på kommunen sine grøntanlegg og sesongverdlikehald slik som mellom anna maling. Nedtrekket i 2027 gjeld berre samanlikna med ramma i 2026, der det var lagt inn ekstra 150 000 til ferievikarar.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Auka ramme til vedlikehaldstiltak	1	3 500	2 500	3 500	2 500
Vaska og impregnera tak Øvrebygda skule	1	260	0	0	0
Vedlikehald utleigebygg	1	350	0	0	0
Sum		**4 110**	**2 500**	**3 500**	**2 500**

Nye tiltak

Auka ramme til vedlikehaldstiltak

Ramma for vedlikehaldstiltak bør aukast monaleg for å kunna handtera vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg og anlegg. Ramma for ansvar 31 er så knapp at det ikkje er rom for planlagde vedlikehaldstiltak. Ramma for ansvar 31 har vore teke ned til kunstig lågt nivå. Etter at den faste investeringsposten for vegtiltak utgjekk, fall dessutan alle vedlikehaldsmidlar for veg bort, og ligg att med kring kr 170 000,-. Det inneber at det ikkje vert mogleg å asfaltera eller gjennomføra andre vedlikehaldstiltak på veg i åra som kjem. Ved nyasfaltering av veg må det leggjast inn minimum 1MNOK, helst 2MNOK, for at det skal monna.

VAR

Innleiing

Fitjar kommune har ansvar for grunnleggjande infrastruktur slik som vatn, avlaup og renovasjon. Renovasjon vert løyst gjennom Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS. Vatn og avlaup vert løyst i eigen regi, per tidspunkt er det 3,6 årsverk knytt til VA.

Beskriving av verksemda i dag

Avdelinga har ansvaret for drift av dei kommunale vass- og avlaupsanlegga.

Avdelinga har fire faste årsverk. I 2026 vart avdelinga del av ny teknisk eining saman med drift og vedlikehald. Det er tilsett einingsleiar.

Utfordringar og strategi

Mål for avdelinga:

- Me skal levera både nok og trygt drikkevatn til alle.
- Vassleidningsnettet skal vera robust og dimensjonert med tilstrekkeleg kapasitet både for vanleg forbruk og brannvatn.
- Me skal redusera lekkasjar
- Avlaupsnettet skal ikkje ha lekkasjar.
- Anlegga våre skal tilfredsstilla alle aktuelle krav til utslepp til ytre miljø.
- Me skal syta for at naudsynte oppgraderingar og utskiftingar vert gjort før det vert manglande kapasitet eller driftsavbrot.
- Me skal planleggja og tilretteleggja for samling av avlaupsvatn og avlaupsreinsing i tråd med framtidige og forventa innskjerpa krav til utslepp.

Utfordringar

Lekkasjeprosenten i vassnettet er høg. Over fleire år har utskiftingstakta i VA-nettet vore svært låg. Det er behov for omfattande arbeid over fleire år for å handtera dette, og for å sikra at kommunen oppnår måla nemnd over. Det er vedteke ny hovudplan for vatn som ligg til grunn for budsjetta framover. I samsvar med føreslege ny hovudplan for vatn skulle rammene for driftsbudsjettet auka som fylgjer:

- Plan for naudvassforsyning: kr 100 000,-
- Tilbakeslagssikring for private: kr 50 000,-
- Oppdatering av kartverk: kr. 100 000,-
- Samanfatting av driftsdokumentasjon kr 100 000,-
- Oppdatering av nettmodell: kr. 100 000,-
- I tillegg ny stilling og internopplæring på til sammen 515 000,-. (Stillinga er vidareført frå 2026, og vedkommande er tilsett)

Gjennom den tilsettinga som er gjort, skal det vera mogleg å løysa mykje av det som er sett opp over utan å tilføra ytterlegare midlar. Innan sjølvkostområdet for vatn vert det no planlagd for ei normal utskiftingstakt for leidningsanlegg, og reparasjon av lekkasjar. Det er også planlagd større ombyggingar

og nybygg spesielt innan vatn. Dette er alle tiltak som skjer gjennom investeringsbudsjettet. Gjennomføring av slike naudsynte investeringar medfører likevel auka behov knytt til drift, t.d. auka rentekostnadar. I 2027 slår rentekostnadar for investeringsprosjektet på vassverket inn, noko som får fylgjer for gebyra. Rentenivået går i tillegg opp, noko som i seg sjølv og bidreg til å driva VA-gebyra oppover. Me skal i tillegg driva og vedlikehalda det som vert bygd nytt. Det er lagt opp til bruk av fondsmidlar på kring 280 000,- i 2027 til kursing av driftspersonell. Nytt oppsett i ny gebyrforskrift skal i seg sjølv ikkje medføra auke i gebyra.

På bakgrunn av ovennemnde vert driftsbudsjettet for vatn føreslege auka med 36 % for 2027.

For avlaup er ikkje lagt opp til større endringar i 2027 i ljos av dei endringane som vert gjort innan sjølvkostområdet for vatn. Det er lagt inn fondsbruk på kring 500 000,- i 2027, der delar går til vedlikehald og delar til kurs av driftspersonell.

For avlaup føreslår me å auka årsgebyret for avlaup med 1,1% i 2027, som er godt i underkant av kommunal deflator.

Brann og beredskap

Innleiing

Fitjar brann og redning har ansvar for kommunen sin brann- og redningsberedskap og førebyggjande arbeid innan branntryggleik. Beredskapen omfattar mellom anna innsats ved brann, trafikkulykker, akutt forureining, drukningsulykker og andre akutte hendingar. Feiing og branntilsyn høyrer òg til dei førebyggjande oppgåvene.

Eininga har to dagtilsette stillingar (brannsjef 80 % og varabrannsjef 100 %), og 16 konstablar og utrykkingsleiarar i 2-3 % stilling.

Brannsjef og varabrannsjef inngår i overordna vakt og sikrar leiing ved større og komplekse hendingar.

Beskriving av verksemda i dag

I 2024 vart ny brannordning for Fitjar kommune vedteken. Ordninga er då i tråd med gjeldande lov og forskriftsverk. I ny brannordning var bemanninga styrkt ved at det vart vedteke å tilsetja ein varabrannsjef i 100 % stilling, i tillegg vart det lagt opp til å styrka utrykkingsstyrken med to konstablar. Brannsjef og varabrannsjef inngår i overordna vakt og sikrar leiing ved større og komplekse hendingar. Det er ikkje lukkast med å etablera ei tilfresstillande vaktordning.

Fitjar kommune har framleis avtale med Stord kommune om kjøp av tenester knytt til tilsyn og feiing for bustader og fritidshus. Dette vert gjennomført som behovsprøvd feiing og tilsyn etter gjeldande forskrift. Stord kommune har også hatt ansvar for gjennomføring av tilsyn for særskilte brannobjekt, men dette vert gjennomført av eigne ressursar i Fitjar fra 2026.

Fitjar kommune hatt eit prosjekt saman med kommunane Stord, Bømlo og Kvinnherad der det er sett på utrykkingar til helseoppdrag. Slike utrykkingar har auka i omfang dei seinare åra og det er trong for vidare dialog med Helse Fonna knytt til forventningar og ansvar for denne type hendingar.

Utfordringar og strategi

Mål for eininga

- Me skal jobba systematisk for å førebyggja brann og ulykker i kommunen, spesielt mot definerte risikogrupper.
- Me skal gjennomføra risikobasert tilsynsaktivitet.
- Me skal jobba med kontinuerleg forbetring gjennom blant anna øvingar, evalueringar og bruk av avvikssystem.
- Me skal ha ein god og robust beredskap til å handtera alle typar hendingar.
- Me skal inneha den kompetansen som er naudsynt for å løysa oppdraga våre.
- Me skal sikra god rekruttering til brannvesenet.

Utfordringar

Dei økonomiske rammene for brann- og redningstenesta er oppdaterte for å ta høgde for faktisk aktivitets- og lønsnivå. Budsjettet er i samsvar med kommunestyrevedtak om drift av brannvesenet. Ei forventa inntekt er refusjon frå helseføretaket for utgifter knytt til helseoppdrag. Utfordringa er at det i

dag ikkje er semje mellom kommunane og helseføretaket om dette, og kommunen vil jobba vidare med dette.

Strategi

- Avklara potensiale for inntektsauke/kostnadsreduksjon gjennom meir bruk av interne ressursar
- Vidare dialog med Helse Fonna om utrykkingar i samband med helse.
- Etablera ei vaktordning for overordna vakt
- Arbeid med internkontrollsystem og risikovurdering

Helse og omsorg

Innleiing

Helse- og omsorgsetaten omfattar tenesteområda helse og sosial, institusjon, heimebaserte tenester, habilitering, legetenesta og NAV. Etaten har 202 tilsette fordelt på 130,47 årsverk og har ansvar for eit breitt spekter av lovpålagde helse- og omsorgstenester.

Etaten har og ansvar for oppfølging av fleire interkommunale samarbeid; Sunnhordland Interkommunale Legevakt (SIL), Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB) og Krisesenteret Vest IKS

Overordna administrativ organisering for 2027 går fram av organisasjonskartet. Det er lagt opp til ei endring i einings helsespesialistane. Legetenesta vert etablert som eiga eining med eigen einingsleiar. Heile stillinga til helserådgjevar vert samstundes flytta til stab, med vidare ansvar for leiing og fagleg oppfølging av psykisk helse og fysio- og ergoterapeut tenesta.

Dei budsjettmessige konsekvensane av organisasjonsendringa vert innarbeidde hausten 2027. Som følgje av innføring av nytt økonomisystem er det ikkje mogleg å tilpasse budsjettstrukturen til den nye organiseringa frå starten av budsjettåret.



Helse- og omsorgsetaten er den største tenesteeininga i Fitjar kommune og har ansvar for eit breitt spekter av lovpålagde tenester til innbyggjarar i alle livsfasar. Etaten skal sikre heilskaplege, forsvarlege og berekraftige helse- og omsorgstenester som fremjar tryggleik, meistring, deltaking og livskvalitet.

Planperioden vil vere prega av betydelege demografiske endringar, med vekst i talet på eldre innbyggjarar og auka behov for helse- og omsorgstenester. Samstundes aukar behovet for habiliterings-, avlastings- og psykiske helsetenester. Utviklinga skjer i ei tid med avgrensa tilgang på arbeidskraft og strammare økonomiske rammer, noko som stiller auka krav til prioritering, omstilling og effektiv ressursutnytting.

God økonomistyring, systematisk kvalitetsutvikling og målretta bruk av kompetanse skal leggje grunnlaget for vidare utvikling av helse- og omsorgstenestene. Økonomiplanen skal bidra til at kommunen kan møte framtidige behov gjennom berekraftige prioriteringar og ei gradvis omstilling av tenestetilbodet innanfor dei økonomiske rammene som er tilgjengelege.

	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Helse og sosial	22 357	19 914	22 426	23 333	21 536	21 536	21 536
Institusjon	39 579	35 600	36 801	35 824	36 052	36 052	36 052
Heimebaserte tenester	24 367	24 530	24 273	22 398	22 651	22 651	22 651
Habilitering	39 330	33 358	36 604	37 338	37 519	37 519	37 519
Helsespesialistar	13 067	13 783	14 858	14 862	14 957	14 957	14 957
NAV	13 510	14 011	13 009	12 501	12 118	12 118	12 118
Sum Helse, sosial og omsorg	**152 211**	**141 197**	**147 970**	**146 256**	**144 833**	**144 833**	**144 833**

Beskriving av verksemda i dag

Helse- og omsorgssektoren står overfor store demografiske endringar i planperioden. Talet på eldre vil auke vesentleg, samstundes som kommunen ser vekst i talet på yngre tenestemottakarar med samansette og omfattande behov, både innan habilitering, psykisk helse og avlastning til barn. Dette medfører auka etterspurnad etter helse- og omsorgstenester og stiller større krav til kapasitet, kompetanse og økonomisk berekraft.

Framtidig struktur i helsesektoren, utarbeidd av HRP i 2026, viser at framtidige utfordringar ikkje kan møtast gjennom vidareføring av dagens struktur. Rapporten peikar på behovet for meir robuste fagmiljø, betre utnytting av tilgjengeleg arbeidskraft og langsiktig planlegging av kapasitet, bustadløysingar og institusjonstilbod. Tilrådingane understøttar behovet for omstilling og bemanningstilpassingar i planperioden, og vil vere eit viktig grunnlag for framtidige investerings- og driftsmessige prioriteringar.

I 2027 skal kommunen jobbe med bustadsosial handlingsplan. Planen skal konkretisere framtidige behov og prioriteringar knytt til omsorgsbustader, bufellesskap og andre tilrettelagde bustadløysingar, og leggje grunnlag for framtidige investerings- og driftsprioriteringar i helse- og omsorgssektoren

Omsorgstrappa ligg til grunn for utvikling og dimensjonering av helse- og omsorgstenestene. Prinsippet om lågaste effektive omsorgsnivå skal sikre rett teneste på rett nivå og ei berekraftig ressursutnytting. I tråd med tilrådingane i Framtidig struktur i helsesektoren skal omsorgstrappa nyttast som eit styringsverktøy for prioritering av tenester, kapasitetsutvikling, kompetanseplanlegging og bemanningstilpassingar. Dette er ein viktig føresetnad for å møte framtidig vekst i tenestebehovet innanfor kommunen sine økonomiske rammer



Digitalisering, velferdsteknologi og kompetanseutvikling er sentrale verkemiddel for å realisere prinsippa i omsorgstrappa og sikre rett teneste på rett nivå. Teknologiske løysingar skal bidra til auka eigenmeistring, utsetje behovet for meir omfattande tenester og gi brukarane høve til å bu lengre i eigen heim. Samstundes skal ressursane nyttast meir målretta mot dei med størst behov.

I planperioden vert det prioritert vidare innføring av velferdsteknologi og systematisk arbeid med gevinstrealisering. Dette er i tråd med målet om å styrkje dei lågaste trinna i omsorgstrappa og redusere behovet for meir ressurskrevjande tenester. Rekruttering, kompetanseutvikling og stabil bemanning vert òg prioriterte for å sikre rett kompetanse på rett nivå i tenestene.

Satsinga på velferdsteknologi, kompetanse og bemanningstilpassingar skal bidra til å møte framtidig vekst i tenestebehova innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Utfordringar og strategi

Måla for etaten byggjer på: Kommuneplanen sin samfunnsdel, Helse og omsorgsplan 2022-20232, Plan for implementering av omsorgs-teknologi og Tenestestandardar for helse- og omsorgstenester.

Mål for etaten:

Digitalisering

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester.

- Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til å trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu lenger i eigen heim.

Kompetanse og måloppnåing

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

Helse- og omsorg

- Auka innsats på førebygging, eigenmeistring og aktivitet for å motverkar passivitet og einsemd, og slik bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester.
- Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanna omsorgsbustad – institusjon, dette vil gje reduserte kostnadar i helse- og omsorgstenestene.

NAV

- Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge og hindre utanforskap.

Samandrag på overordna nivå:

Den demografiske utviklinga med fleire eldre vil gi auka press på helse- og omsorgstenestene i åra som kjem. Samstundes er det venta eit aukande behov for omsorgsbustader og tilrettelagde bu- og tenestetilbod til yngre personar med langvarige og samansette behov og personar med psykisk uhelse og rus utfordringar. Dette krev langsiktig planlegging av kapasitet, bemanning, bustadløysingar og investeringar.

Helse- og omsorgstenestene opplever eit aukande press som følgje av oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta. Pasientar som vert skrivne ut til kommunen har ofte samansette og alvorlege helseutfordringar, og behov for avansert medisinsk oppfølging og høg fagkompetanse. Samstundes er delar av tenestene sårbare for endringar i brukargrunnlaget, der einskilde ressurskrevjande tenestemottakarar kan få store økonomiske konsekvensar.

Framtidig struktur i helsesektoren, utarbeidd av HRP i 2026, viser at framtidige utfordringar ikkje kan møtast gjennom vidareføring av dagens struktur. Rapporten peikar på behovet for meir robuste fagmiljø, betre utnytting av tilgjengeleg arbeidskraft og langsiktig planlegging av kapasitet, bustadløysingar og institusjonstilbod. Tilrådingane understøttar behovet for omstilling og bemanningstilpassingar i planperioden, og vil vere eit viktig grunnlag for framtidige investerings- og driftsmessige prioriteringar.

For å jobbe vidare med tilrådingane i rapporten skal kommunen utarbeide ein bustadsosial handlingsplan i 2027. Planen skal konkretisere framtidige behov og prioriteringar knytt til omsorgsbustader, bufellesskap og andre tilrettelagde bustadløysingar, og leggje grunnlag for framtidige investerings- og driftsprioriteringar i helse- og omsorgssektoren.

Omsorgstrappa skal liggje til grunn for utvikling og dimensjonering av helse- og omsorgstenestene. Prinsippet om lågaste effektive omsorgsnivå skal sikre rett teneste på rett nivå og ei berekraftig ressursutnytting. Omsorgstrappa skal vere eit sentralt styringsverktøy for tenesteutvikling, kapasitetsplanlegging, kompetanseprioritering og bemanningstilpassingar.

Digitalisering og velferdsteknologi er viktige verkemiddel for å møte framtidige utfordringar. Teknologiske løysingar skal bidra til auka meistring og tryggleik for brukarane, betre ressursutnytting og meir berekraftige tenester.

Arbeidet i økonomiplanperioden vil vere prega av aukande behov for helse- og omsorgstenester, samstundes som tilgangen på arbeidskraft og dei økonomiske rammene vert meir utfordrande. Det vert difor lagt vekt på berekraftig tenesteutvikling gjennom målretta prioriteringar, god ressursutnytting, oppgåvedeling og omstilling for å sikre forsvarlege tenester innanfor dei vedtekne økonomiske rammene

Strategiar:

- vidareføre arbeidet med bemanningstilpassingar og organisasjonsutvikling for å møte veksten i tenestebehovet innanfor vedtekne økonomiske rammer
- prioritere tidleg innsats, rehabilitering og kvardagsmeistring for å redusere behovet for meir ressurskrevjande tenester
- styrke målretta rehabilitering og tverrfagleg oppfølging som tiltak for å auke meistring og utsetje behov for heildøgns omsorg
- følgje opp prinsippa i omsorgstrappa ved tildeling, dimensjonering og utvikling av tenestene
- vidareføre implementering av velferdsteknologi og digitale løysingar med dokumentert gevinst innan ressursutnytting, kvalitet og brukarmeistring
- gjennomføre anskaffing og innføring av nytt pasientjournalsystem
- prioritere rekruttering, kompetanseutvikling og heiltidskultur for å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft
- utarbeide bustadsosial handlingsplan i 2027 som grunnlag for framtidige investeringar i omsorgsbustader, bufellesskap og andre tilrettelagde bustadløysingar
- leggje til grunn tilrådingane i Framtidig struktur i helsesektoren ved framtidige investerings- og driftsprioriteringar innan helse- og omsorgssektoren
- prioritere tiltak som reduserer sårbarheit i tenestene og styrkjer robuste fagmiljø
- synleggjere konsekvensane av demografisk vekst og auka tenestebehov i årlege budsjett- og økonomiplanprosessar

Innsparingstiltak

Bemanningstilpasning i Habilitering (- 659)

Det vert lagt til grunn eit innsparinstiltak knytt til bemanningstilpassing habilitering tilsvarande kr 569 000,-,

Bemanningstilpasning i heimebaserte tenester (- 659)

Helse- og omsorgstenestene står overfor ein betydeleg vekst i talet på eldre og personar med samansette hjelpebehov i planperioden. Samstundes viser nasjonale framskrivingar at tilgangen på kvalifisert arbeidskraft vil verte ei aukande utfordring. For å sikre berekraftige tenester må kommunen tilpasse organisering, bemanning og arbeidsprosessar til framtidige rammevilkår.

Bemanningstilpasningar på Fitjar Bu og Behandlingssenter (- 659)

Helse- og omsorgstenestene står overfor ein betydeleg vekst i talet på eldre og personar med samansette hjelpebehov i planperioden. Samstundes viser nasjonale framskrivingar at tilgangen på kvalifisert arbeidskraft vil verte ei aukande utfordring. For å sikre berekraftige tenester må kommunen tilpasse organisering, bemanning og arbeidsprosessar til framtidige rammevilkår.

Innsparing Helsespesialistane - tillitsvald (- 95)

Frikjøp tillitsvald psykisk helse /NSF 10% ressurs, utgiftene for frikjøp er ført på ansvar 1100 - administrasjon.

Mindre lønsutgifter til lærlingar i 2027 (- 495)

Det er lagt til grunn fem lærlingar i 2027. Mindreforbruket skuldast at fleire av lærlingane er tidleg i utdanningsløpet og difor har lågare lønskostnader i 2027.

Organisasjonsendring i heimebaserte tenester (- 1 025)

Som ledd i omorganisering av pleie- og omsorgstenesta vert ei avdelingsleiarstilling avvikla. Tenesta vert organisert med ein einingsleiar og ein avdelingsleiar, noko som gir reduserte kostnadar til leiing.

Redusere antall plasser på skjermet avdeling med 4 plasser (- 1 735)

Lågt belegg ved demensavdelinga over tid og høg institusjonsdekning tilseier at framtidig vekst i tenestebehovet i større grad må møtast gjennom tenester på lågare omsorgsnivå i tråd med omsorgstrappa.

Frå 2027 vert talet på plassar ved demensavdelinga redusert frå 11 til 7. Tiltaket inneber ein reduksjon på 3 årsverk og skal sikre betre samsvar mellom kapasitet og behov, samstundes som kommunen opprettheld eit forsvarleg tilbod til personar med demenssjukdom. Utviklinga i belegg og behov vil bli følgt tett.

Styrking av dagtilbod for personar med demens sjukdom (1 296)

For å styrkje det førebyggjande arbeidet innan demensomsorga og leggje til rette for at fleire kan bu lenger heime, vert dagtilbodet for personar med demens styrkt med 1,35 årsverk frå 1. april 2027.

Eit styrkt dagtilbod vil gi auka aktivitet, sosial deltaking og oppfølging for brukarane, samstundes som det avlastar pårørande og kan utsetje behovet for institusjonsplass. Tiltaket er ein del av omstillinga innan demensomsorga, der kommunen reduserer talet på langtidsplassar ved skjerma avdeling frå 11 til 7.

Økonomisk effekt: Styrkinga av dagtilbodet vert finansiert gjennom innsparing knytt til reduksjon av fire langtidsplassar ved demensavdelinga. Reduksjonen i institusjonsdrifta gir ein bemanningsgevinst på 3 årsverk, medan dagtilbodet vert styrkt med 1,35 årsverk. Tiltaket gir dermed ein netto reduksjon på 1,65 årsverk, samstundes som ressursane vert flytta frå institusjonsbaserte til meir førebyggjande tenester.

Vidareføre 85 % Flyktningekonsulent/rettleiar sosialhjelp og kvalifisering (- 662)

Oppretthalde 85 % Flyktningekonsulent/rettleiar sosialhjelp og kvalifisering

Flyktningtenesta vart frå 2022 styrka med 1,25 årsverk for å handtere auka busetting og oppfølging av flyktningar. I tillegg har NAV disponert ei 60 % stilling knytt til flyktningarbeid og sosialrettleiing. I budsjett 2025 og økonomiplanen for 2025-2028 vart det vedteke ein plan for gradvis nedtrapping av flyktningtenesta med reduksjon på 60 % stilling frå 1. juli 2026, 100 % stilling frå 1. juli 2027 og dei siste 25 % frå 1. januar 2028.

Sjølv om Fitjar kommune ikkje planlegg å ta imot nye flyktningar i 2027, har NAV Fitjar per i dag ansvar for oppfølging av 46 deltakarar i introduksjonsprogrammet. Dette er personar som framleis er i integreringsfasen og som har behov for tett oppfølging, kvalifisering, språkstøtte og rettleiing for å kunne kome inn i arbeidslivet og bli sjølvstendige deltakarar i samfunnet. God og langsiktig oppfølging er avgjerande for å lukkast med integreringa og for å få fleire over i arbeid eller utdanning.

Kommunen måtte i 2025 forskyve mottaket av ni flyktningar grunna manglande ressursar til oppfølging. Dette synleggjer at tenesta allereie er sårbar og har avgrensa kapasitet til å handtere både oppfølging av eksisterande deltakarar og eventuelle nye oppgåver.

Flyktningekonsulenten har ei sentral rolle i oppfølginga av flyktningar og deira familiar, inkludert koordinering av tenester, rettleiing, bistand i møte med offentlege instansar og oppfølging knytt til integrering, kvalifisering og deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Stillinga ivaretek òg viktige oppgåver innan økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsarbeid, med rettleiing og oppfølging av personar som står utanfor arbeidslivet.

På bakgrunn av omfanget av oppgåver og behovet for vidare oppfølging av deltakarane i introduksjonsprogrammet, vert det foreslått å vidareføre 85 % stilling som flyktningekonsulent. Dette vil bidra til å sikre forsvarleg oppfølging, kontinuitet i tenestene og oppfylling av kommunen sine lovpålagde oppgåver innan integrering, kvalifisering og sosialtenester.

Omfang av tiltaket

- Vidareføring av flyktningekonsulent i 85 % stilling.
- Oppfølging av 46 deltakarar i introduksjonsprogrammet.
- Rettleiing, kvalifisering og integreringsarbeid.
- Sakshandsaming og oppfølging innan økonomisk sosialhjelp.
- Samhandling med NAV, arbeidsgjevarar og andre kommunale tenester.
- Oppretthalding av ei sårbar teneste med avgrensa ressursar.

Økonomisk konsekvens

- Vidareføring av 85 % stilling i økonomiplanperioden.
- Delvis finansiering gjennom integreringstilskot så lenge deltakarane er i integreringsløpet.
- Utset eller reduserer tidlegare vedteken nedtrapping av flyktningtenesta.

Nye tiltak

Auke i innslagspunkt til toppfinansieringa av særlig ressurskrevjande helse og omsorgstenester -utover lønsvekst (537)

Auka innslagspunkt i toppfinansiering av særskilt ressurkrevjande brukarar får ein estimert netto effekt for 2027 på kr. 537`

Styrking av dagtilbod for personar med demens sjukdom (1 296)

For å styrkje det førebyggjande arbeidet innan demensomsorga og leggje til rette for at fleire kan bu lenger heime, vert dagtilbodet for personar med demens styrkt med 1,35 årsverk frå 1. april 2027.

Eit styrkt dagtilbod vil gi auka aktivitet, sosial deltaking og oppfølging for brukarane, samstundes som det avlastar pårørande og kan utsetje behovet for institusjonsplass. Tiltaket er ein del av omstillinga innan demensomsorga, der kommunen reduserer talet på langtidsplassar ved skjerma avdeling frå 11 til 7.

Økonomisk effekt: Styrkinga av dagtilbodet vert finansiert gjennom innsparing knytt til reduksjon av fire langtidsplassar ved demensavdelinga. Reduksjonen i institusjonsdrifta gir ein bemanningsgevinst på 3 årsverk, medan dagtilbodet vert styrkt med 1,35 årsverk. Tiltaket gir dermed ein netto reduksjon på 1,65 årsverk, samstundes som ressursane vert flytta frå institusjonsbaserte til meir førebyggjande tenester.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Avdelingsleder nytt bufelleskap	1	0	710	710	710
Kommunalt bufellesskap psykiatri	1	330	3 330	3 330	3 330
Koordinator til arbeid kring avlastning/barnebolig	1	350	350	350	710
Revisere innsparingstiltak frå 2018	1	178	178	178	178
Video konsultasjon - legesenteret	2	50	50	50	50
Sum		**908**	**4 618**	**4 618**	**4 978**

Nye tiltak

Avdelingsleder nytt bufelleskap

Bufelleskap for menneske med behov for døgnbemanna tenester

Det er i 2026 starta opp ein prosess av bygging av nytt bufelleskap til 6 unge tenestemottakere i Fitjar kommune. Dette er unge vaksne med psykisk utviklignshemming som pr no bur hos foreldra sine, og er klar til å flytte inn i eigen bustad. Det er behov for ei avdelingsleiar stilling til å følge organisering og oppstart, og seinare drift av dette bufelleskapet.

Kommunalt bufellesskap psykiatri

Bakgrunn:

Fitjar kommune har 4-5 personar som har behov for langvarig koordinerte tenester, og som treng bustad. Bebuarane bur i dag hjå pårørande og/eller i instutusjon.

Fitjar kommune ved tildelingskontor og psykisk helsetenesta har jamt henvending frå slitne og fortvila pårørande, samt sak som vert prøvd hjå statsforvaltar. Aldersgruppa mellom 25-50 år, og det er påtrengane behov for helsetenester **og** bustad.

Koordinator til arbeid kring avlastning/barnebolig

Avlastning for born og unge

Fitjar kommune har eit aukande behov for avlastningstenester til barn og unge med omfattande hjelpebehov. For å sikre oppfølging av lovpålagde tenester og møte venta vekst i talet på brukarar, vert det foreslått å etablere ein dedikert ressurs til koordinering og oppfølging av avlastningstilbodet.

Styrkt oppfølging vil bidra til tidleg innsats, betre kvalitet i tenestene og redusert risiko for meir omfattande og kostnadskrevjande tenestebehov på sikt.

Revisere innsparingstiltak frå 2018

I 2018 vart det iverksett eit innsparingstiltak på rådhuset. 3 stillingar fekk krav om at deler av stillingane skulle vera arbeid på eksternt finansierte prosjekt. Dette er stillingane helserådgjevar, rådgjevar på skulekontoret og kultursjef. I tillegg vart kundetorget redusert med 0,5 stilling. Arbeidsmengda som ligg til desse stillingane / tenestene er aukande, og me ser det som svært krevjande å vidareføra desse kutta. Me har likevel ikkje lagt inn desse som aktivt tiltak. Dei bør likevel vurderast om dei skal reverserast

Video konsultasjon - legesenteret

Innføre videokonsultasjon ved legesenteret for eigna konsultasjonar. Tiltaket skal auke tilgjengelegheita for pasientane, redusere reisebehov og bidra til meir effektiv utnytting av legekapasiteten.

Helse og sosial

Innleiing

Eining Helse og sosial omfattar administrasjon, helserådgjevarfunksjonen, psykisk helse, fysio- og ergoterapitenesta, tildelingskontor, støttekontaktordninga, omsorgsløn og avlasting til barn. Eininga har fem tilsette fordelt på 9,2 årsverk.

Eininga har ansvar for planlegging, koordinering og forvaltning av helse- og omsorgstenestene, og skal sikre god økonomistyring, berekraftig ressursbruk og etterleving av lovpålagde krav.

I økonomiplanperioden vil det vere særleg merksemd på tildelingsforvaltning, førebyggjande arbeid, digitalisering og samordning av tenester. Auka behov og knappare ressursar krev prioritering, omstilling og effektiv ressursutnytting for å sikre gode tenester til innbyggjarane.

Beskriving av verksemda i dag

Tenestetontoret

Tenestekontoret har ansvar for tildeling og koordinering av helse- og omsorgstenester etter gjeldande lovverk, og fungerer som kommunen si koordinerande eining. Kontoret behandlar og søknader om startlån og bidreg til samordning av tenester på tvers av fagområde og forvaltningsnivå.

Kontoret er bemanna med 2,2 årsverk. I økonomiplanperioden vil auka behov for koordinering, samansette brukarforløp og demografiske endringar stille større krav til effektiv saksbehandling og god ressursutnytting. Tenestekontoret skal bidra til at tenestene vert tildelte etter behov og lovkrav, og til at kommunen nyttar ressursane på ein målretta og berekraftig måte.

Avlastning, omsorgsløn og støttekontakt

Avlastning, omsorgsløn og støttekontakt er viktige tiltak som skal støtte personar og familiar med særleg tyngande omsorgsoppgåver, samtidig som dei legg til rette for aktivitet, deltaking og meistring for tenestemottakarane.

Dei siste åra har det vore ein betydeleg vekst i behovet for desse tenestene, særleg innan avlastning og støttekontakt for barn og unge med samansette behov. Utviklinga er venta å halde fram i økonomiplanperioden. Fitjar kommune har ikkje eige kommunalt avlastningstilbod, og er difor avhengig av kjøp av plassar frå andre kommunar for å sikre nødvendige og forsvarlege tenester.

Utgiftsnivået til avlastningstenester auka vesentleg i 2025 og 2026 som følge av fleire brukarar og meir omfattande behov. Samstundes er dette tiltak som kan bidra til å førebyggje meir omfattande og kostnadskrevjande tenester på sikt. Kostnadsveksten for kjøp av avlastningstilbod er styrka med 1.259 mill. frå 2026 til 2027.

Frå 2026 er fagleg oppfølging av avlastning organisert under habiliteringstenesta for å styrkje koordinering, kvalitet og heilskaplege tenesteforløp.

Psykisk helse

Tenesta for psykisk helse gir oppfølging og behandling til vaksne over 18 år med psykiske helseutfordringar. I tillegg er det sett av 20 % stilling til oppfølging av barn og unge. Målgruppa er personar som har behov for støtte og oppfølging for å meistre kvardagen og kunne bu og leve sjølvstendig.

Dei siste åra har kommunen fått eit større ansvar for oppfølging og behandling innan psykisk helse og rus som følgje av oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta. Dette gjeld særleg personar med alvorlege og langvarige psykiske lidingar og samansette behov, som krev tett oppfølging frå kommunen.

Utviklinga har ført til auka etterspurnad etter tenester, fleire brukarar og behov for meir omfattande oppfølging. Per oktober følgjer tenesta opp 60 vaksne brukarar. Samstundes ser kommunen ein auke i talet på brukarar med behov for tettare oppfølging i eigen bustad og meir omfattande butenester. Dette stiller større krav til samhandling mellom psykisk helse, habilitering, heimetenester og bustadtilbod.

Det er venta at behovet for psykisk helse- og rustenester vil auke i økonomiplanperioden. Kommunen må difor leggje til rette for tenester som kan møte veksten innanfor tilgjengelege ressursar, med vekt på tidleg innsats, førebygging, meistring, bustadoppfølging og tverrfagleg samarbeid. Tenesta består av 2 stillingar, fordelt på to psykiatriske sjukepleiarar.

Fysio- og ergoterapitenesta

Fysio- og ergoterapitenesta i Fitjar kommune yter tenester til innbyggjarar i alle aldersgrupper med ulike diagnosar og funksjonsnivå. Kommunefysioterapeuten har hovudansvar for oppfølging av barn, personar med funksjonsnedsetjing og eldre. Målet med tenesta er å bidra til best mogleg funksjon, meistring og livskvalitet ut frå den enkelte sine føresetnader.

Ergoterapitenesta arbeider med å betre eller vedlikehalde funksjonsevne og legg til rette for at innbyggjarane kan vere mest mogleg sjølvhjelpne i kvardagen. Tenesta har ei viktig rolle innan førebygging, rehabilitering, hjelpemiddelformidling og tilrettelegging.

Tenesta vart styrka med 1 årsverk i 2026, og består av 2 årsverk med kommunal fysioterapeut og 1 årsverk med ergoterapeut. I tillegg har kommunen fysioterapeutar med driftstilskot tilsvarande 2,2 årsverk, fordelt på tre personar. Desse driv i hovudsak med kurativ behandling.

Fysioterapi og ergoterapi er viktige verkemiddel for å styrkje førebygging, rehabilitering og tidleg innsats, og slik bidra til å utsetje eller redusere behovet for meir omfattande helse- og omsorgstenester seinare i livsløpet.

I økonomiplanperioden bør det vurderast korleis den samla fysioterapikapasiteten i kommunen kan nyttast best mogleg. Målet er å sikre ei best mogleg fordeling av ressursar mellom ulike brukargrupper og styrkje kommunen si evne til å møte framtidige behov innan førebygging, rehabilitering og meistring.

Krisesenteret Vest IKS

Fitjar kommune er ein av 16 eigarkommunar i Krisesenteret Vest IKS, som tilbyr krisehjelp, vern og oppfølging til personar som vert utsett for vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep og andre former for vald. Tenesta er eit lovpålagt lågterskeltilbod for kvinner, menn og barn.

Krisesenteret driv i dag tilbod frå Haugesund og Stord. Det er planlagt nytt felles krisesenterbygg i Tysvær kommune med ferdigstilling i 2028. Samling av tenesta i eitt bygg vil kunne gi meir moderne og føremålstenlege lokale.

I økonomiplanperioden må det påreknast årlege kostnadsaukar som følgje av pris- og lønsvekst, i tillegg til framtidige kostnadsaukar knytt til nytt krisesenterbygg. Kommunen må difor ta høgd for auka utgifter til krisesentertenesta i komande planperiode.

Sunnhordaland interkommunale legevakt IKS

Fitjar kommune deltek i Sunnhordland interkommunale legevakt IKS saman med Stord og Bømlo. Selskapet har ansvar for legevaktstenester til innbyggjarane i eigarkommunane og drift av ni institusjonsplassar, inkludert fire kommunale øyeblikkeleg hjelp-døgnsenger.

Legevakta har over fleire år opplevd auka aktivitet og fleire henvendingar, samstundes som verksemda står overfor utfordringar knytt til bemanning, rekruttering og krav til beredskap. For å vurdere framtidig drift og berekraft vart det sett ned ei arbeidsgruppe i 2025. Som oppfølging av arbeidet vart tenesta styrkt med sjukepleiar på natt i 2026. Det er framleis identifisert behov for styrkt legebemanning, og i økonomiplanen er det lagt til grunn etablering av ei midtvakt for lege på helg frå 2027.

Selskapet vert styrka med kr 355 300, som del av økonomiplanen.

Sunnhordland interkommunale barnevern

Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB) er barnevernstenesta for kommunane Bømlo, Stord og Fitjar, med Stord som vertskommune. Tenesta er regulert av lov om barnevern med tilhøyrande forskrifter, og har som hovudoppgåve å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal også bidra til gode og trygge oppvekstkår.

Einiga har tre avdelingar; «Undersøking og hjelpetiltak», «Omsorg og tiltak» og «MST-CAN». I tillegg har einiga ein stab.

Den nye barnevernslova skal bidra til betre fagleg kvalitet, styrka rettstryggleik for barn og foreldre, og auka fokus på førebygging og tidleg innsats. Tenesta er lovpålagt å søka etter fosterheimar i barnet sitt slekts- og nettverk, men ønskjer også å rekruttera fosterheimar i barna sitt nærmiljø. I 2025 inngjekk SIB samarbeid med Bufetat gjennom Zipteam-modellen, ein ny samarbeidsmodell for rekruttering og opplæring av fosterheimar i geografisk nærleik. Målet er å utvikla nye arbeidsmetodar for å få fleire fosterheimar i eigne kommunar.

Barneverntenesta prioriterer dei mest sårbare familiane, særleg der andre førebyggjande tenester ikkje strekk til. Tenesta jobbar målretta for å førebyggja flytting ut av heimen, og set inn tiltak i heimen for å styrka omsorgssituasjonen. I samarbeid med Haugesund og Karmøy barnevernsteneste er det etablert

eit MST-CAN-team. Dette er eit evidensbasert behandlingstilbod retta mot familiar med pågåande vald og/eller alvorleg omsorgssvikt, og skal bidra til å nå familiar med omfattande utfordringar som ikkje nyttar seg av ordinære tiltak.

I budsjettet for 2026 har kommunedirektøren lagt inn kjente kostnadar knytt til drift per 1. september, inkludert løns- og prisvekst per 01.10.2026. For Fitjar kommune utgjer dette ei styrking til barnevernet på omlag 0,54 mill.

Utfordringar og strategi

Det er aukande etterspurnad etter avlastningstenester, kommunale bustader og tenester til personar med samansette behov. Kommunen har ikkje eige avlastningstilbod til barn, og er i stor grad avhengig av kjøp av eksterne tenester, noko som medfører høge kostnader. Det er òg mangel på eigna bustader for personar med langvarige hjelpebehov. Samstundes aukar behovet for oppfølging innan psykisk helse og bustadrelaterte tenester.

Fysio- og ergoterapitenesta vart styrkt i 2026 og skal i større grad nyttast til førebygging, rehabilitering og kvardagsmeistring, med mål om å redusere behovet for meir omfattande helse- og omsorgstenester.

Strategiske prioriteringar i økonomiplanperioden

- kartleggje framtidige behov for avlastning, omsorgsbustader og bustader med døgnbemanning
- utarbeide bustadsosial handlingsplan som grunnlag for framtidige investeringar og kapasitetsutvidingar
- vurdere etablering av kommunale avlastningsløysingar for å redusere kjøp av eksterne tenester
- styrkje psykisk helse, rehabilitering og meistringstenester i tråd med omsorgstrappa
- nytte auka kapasitet innan fysioterapi og ergoterapi til førebygging og rehabilitering
- ta i bruk velferdsteknologi for å styrkje meistring og effektiv ressursutnytting
- sikre god økonomistyring og kostnadskontroll i interkommunale og eksterne tenester.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Revisere innsparingstiltak frå 2018	1	178	178	178	178
Sum		**178**	**178**	**178**	**178**

Nye tiltak

Revisere innsparingstiltak frå 2018

I 2018 vart det iverksett eit innsparingstiltak på rådhuset. 3 stillingar fekk krav om at deler av stillingane skulle vera arbeid på eksternt finansierte prosjekt. Dette er stillingane helserådgjevar, rådgjevar på skulekontoret og kultursjef. I tillegg vart kundetorget redusert med 0,5 stilling. Arbeidsmengda som ligg til desse stillingane / tenestene er aukande, og me ser det som svært

krevjande å vidareføra desse kutta. Me har likevel ikkje lagt inn desse som aktivt tiltak. Dei bør likevel vurderast om dei skal reverserast

Institusjon

Innleiing

Sjukeheimen omfattar somatisk avdeling, demensavdeling, nattpatrulje for heimesjukepleia, institusjonskjøken, reinhaldsavdeling og dagtilbod for personar med demenssjukdom. Eininga har 55 tilsette fordelt på 39,48 årsverk.

Sjukeheimen gir heildøgns pleie og behandling til innbyggjarar med omfattande og samansette helsebehov. Pasientane har i aukande grad komplekse medisinske tilstandar og behov for tett oppfølging, noko som stiller høge krav til kompetanse, samhandling og ressursbruk.

I økonomiplanperioden vil det vere særleg merksemd på kvalitetsutvikling, rekruttering, kompetanseheving og effektiv ressursutnytting for å møte auka behov i tenesta.

Beskriving av verksemda i dag

Fitjar sjukeheim (FBB) tilbyr både langtids- og korttidsopphald til innbyggjarar med ulike behov for pleie, omsorg og rehabilitering. Som ledd i omstillinga av helse- og omsorgstenestene vert det lagt til grunn at talet på langtidsplassar vert redusert med fire frå 2027. Etter omlegginga vil sjukeheimen ha 20 institusjonsplassar fordelt på 16 langtidsplassar og 4 korttidsplassar, med 7 plassar på demensavdelinga og 13 plassar på somatisk avdeling.

Langtidsopphald er retta mot personar med omfattande og varige omsorgsbehov som ikkje kan ivaretakast gjennom heimebaserte tenester eller omsorgsbustad. Korttidsplassane omfattar mellom anna rehabiliteringsopphald, avlasting og rulleringsopphald. Målet er å styrkje rehabilitering, avlaste pårørande og legge til rette for at fleire kan bu lengre heime, i tråd med nasjonale føringar om omsorg på lågaste effektive omsorgsnivå.

Institusjonskjøkenet leverer måltid til sjukeheimen, Havnahuset, dagsenter for personar med demens, heimebuande brukarar og tilbodet "*Aktive saman – matglede"*. Tenesta er ein viktig del av kommunen sitt førebyggjande helsearbeid og bidreg til god ernæringsstatus, livskvalitet og helse blant eldre og andre brukarar med behov for tilrettelagde måltid.

Dagtilbod for personar med demenssjukdom er eit viktig førebyggjande tiltak som kan bidra til meistring, sosial deltaking og aktivitet for heimebuande personar med demenssjukdom, samstundes som det gir avlasting og støtte til pårørande. Tilbodet kan utsetje behovet for meir omfattande helse- og omsorgstenester og dermed medverke til at fleire kan bu heime lengre.

I økonomiplanperioden vert det lagt til grunn ein prisauke på middagsleveransar på 3,3 prosent for å ta høgd for auka kostnader til råvarer, drift og løn.

Utfordringar og strategi

Institusjonstenestene står overfor fleire strukturelle utfordringar i planperioden. Demografisk utvikling med fleire eldre, aukande behov for palliasjon og fleire personar med demenssjukdom vil føre til større etterspurnad etter helse- og omsorgstenester.

Kommunen har sidan 2025 arbeidd med implementering av Tørn for å styrkje oppgåvedeling og betre ressursutnyttinga i tenestene. Rekrutteringstiltak har gitt positive resultat, men det er framleis krevjande å sikre stabil bemanning i alle vaktskift.

Belegget på demensavdelinga har vore lågt sidan 2024. Samstundes viser KOSTRA-tal at Fitjar kommune har høgare institusjonsdekning enn samanliknbare kommunar. Den demografiske utviklinga og avgrensa tilgang på arbeidskraft tilseier at framtidig vekst i tenestebehovet i større grad må møtast gjennom heimebaserte tenester, rehabilitering, dagtilbod, velferdsteknologi og andre tiltak i tråd med omsorgstrappa.

Fysioterapitenesta vart styrkt i 2026, noko som gir betre moglegheiter for rehabilitering og opptrening ved korttids- og rehabiliteringsopphald. Dagtilbod for personar med demenssjukdom er eit viktig førebyggjande tiltak som støttar meistring, sosial deltaking og avlasting for pårørande.

Strategiske prioriteringar i økonomiplanperioden

- vidareføre implementering av Tørn for å styrkje oppgåvedeling, ressursutnytting og berekraftig drift
- arbeide systematisk med rekruttering, kompetanseutvikling og bemanningstilpassingar, særleg knytt til nattbemanning
- styrkje kompetansen innan demensomsorg, palliasjon og behandling av skrøpelege eldre
- utvikle fleksible bemanningsløysingar for å redusere sårbarheit ved fråvær og ferieavvikling
- styrkje rehabilitering, dagtilbod og andre tiltak som kan utsetje behovet for langtidsopphald i institusjon
- vidareutvikle institusjonstenestene i tråd med omsorgstrappa og prinsippet om lågaste effektive omsorgsnivå
- ta i bruk velferdsteknologi og digitale løysingar for å styrkje kvalitet, pasienttryggleik og ressursutnytting
- styrkje tverrfagleg samarbeid for å sikre gode og samanhengande pasientforløp.

Innsparingstiltak

Bemanningstilpasningar på Fitjar Bu og Behandlingssenter (- 659)

Helse- og omsorgstenestene står overfor ein betydeleg vekst i talet på eldre og personar med samansette hjelpebehov i planperioden. Samstundes viser nasjonale framskrivingar at tilgangen på kvalifisert arbeidskraft vil verte ei aukande utfordring. For å sikre berekraftige tenester må kommunen tilpasse organisering, bemanning og arbeidsprosessar til framtidige rammevilkår.

Mindre lønsutgifter til lærlingar i 2027 (- 495)

Det er lagt til grunn fem lærlingar i 2027. Mindreforbruket skuldast at fleire av lærlingane er tidleg i utdanningsløpet og difor har lågare lønskostnader i 2027.

Redusere antall plasser på skjermet avdeling med 4 plasser (- 1 735)

Lågt belegg ved demensavdelinga over tid og høg institusjonsdekning tilseier at framtidig vekst i tenestebehovet i større grad må møtast gjennom tenester på lågare omsorgsnivå i tråd med omsorgstrappa.

Frå 2027 vert talet på plassar ved demensavdelinga redusert frå 11 til 7. Tiltaket inneber ein reduksjon på 3 årsverk og skal sikre betre samsvar mellom kapasitet og behov, samstundes som kommunen opprettheld eit forsvarleg tilbod til personar med demenssjukdom. Utviklinga i belegg og behov vil bli følgt tett.

Styrking av dagtilbod for personar med demens sjukdom (1 296)

For å styrkje det førebyggjande arbeidet innan demensomsorga og leggje til rette for at fleire kan bu lenger heime, vert dagtilbodet for personar med demens styrkt med 1,35 årsverk frå 1. april 2027.

Eit styrkt dagtilbod vil gi auka aktivitet, sosial deltaking og oppfølging for brukarane, samstundes som det avlastar pårørande og kan utsetje behovet for institusjonsplass. Tiltaket er ein del av omstillinga innan demensomsorga, der kommunen reduserer talet på langtidsplassar ved skjerma avdeling frå 11 til 7.

Økonomisk effekt: Styrkinga av dagtilbodet vert finansiert gjennom innsparing knytt til reduksjon av fire langtidsplassar ved demensavdelinga. Reduksjonen i institusjonsdrifta gir ein bemanningsgevinst på 3 årsverk, medan dagtilbodet vert styrkt med 1,35 årsverk. Tiltaket gir dermed ein netto reduksjon på 1,65 årsverk, samstundes som ressursane vert flytta frå institusjonsbaserte til meir førebyggjande tenester.

Nye tiltak

Styrking av dagtilbod for personar med demens sjukdom (1 296)

For å styrkje det førebyggjande arbeidet innan demensomsorga og leggje til rette for at fleire kan bu lenger heime, vert dagtilbodet for personar med demens styrkt med 1,35 årsverk frå 1. april 2027.

Eit styrkt dagtilbod vil gi auka aktivitet, sosial deltaking og oppfølging for brukarane, samstundes som det avlastar pårørande og kan utsetje behovet for institusjonsplass. Tiltaket er ein del av omstillinga innan demensomsorga, der kommunen reduserer talet på langtidsplassar ved skjerma avdeling frå 11 til 7.

Økonomisk effekt: Styrkinga av dagtilbodet vert finansiert gjennom innsparing knytt til reduksjon av fire langtidsplassar ved demensavdelinga. Reduksjonen i institusjonsdrifta gir ein bemanningsgevinst på 3 årsverk, medan dagtilbodet vert styrkt med 1,35 årsverk. Tiltaket gir dermed ein netto reduksjon på 1,65 årsverk, samstundes som ressursane vert flytta frå institusjonsbaserte til meir førebyggjande tenester.

Heimebaserte tenester

Innleiing

Eining for heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og omsorgsbustadene ved Havnahuset. Tenesta har 42 tilsette fordelt på 24,28 årsverk.

Heimebaserte tenester er ein sentral del av helse- og omsorgstilbodet og skal bidra til at innbyggjarane kan bu trygt og lengst mogleg i eigen heim. Aukande tal eldre og fleire brukarar med samansette behov fører til auka etterspurnad etter tenesta.

I økonomiplanperioden vil det vere særleg merksemd på god ressursutnytting, kompetanseutvikling og vidare bruk av velferdsteknologi for å møte framtidige behov og sikre berekraftige tenester.

Beskriving av verksemda i dag

Heimetenestene omfattar heimesjukepleie, praktisk bistand, medisinutlevering, matombringing og velferdsteknologiske løysingar. Tenesta yter ulike hjelpetiltak til om lag 71 brukarar og skal leggje til rette for at innbyggjarane kan bu trygt og sjølvstendig i eigen heim lengst mogleg.

Heimesjukepleia er den delen av helse- og omsorgstenesta som har størst variasjon i brukargruppa når det gjeld alder, funksjonsnivå og hjelpebehov. Tenesta omfattar mellom anna medisinhandtering, medisinske prosedyrar, personleg stell, måltid og opplæring i å meistre kvardagen. Mange av brukarane har samansette og omfattande behov, og etterspurnaden etter tenestene er aukande.

Praktisk bistand omfattar hjelp til daglege gjeremål i heimen for personar som ikkje kan utføre desse oppgåvene sjølve. Som følgje av auka behov for helsehjelp og pleie har tenesta dei siste åra vore prioritert innanfor tilgjengelege ressursar.

Velferdsteknologi er ein integrert del av tenestetilbodet og omfattar mellom anna tryggleiksalarmar, medisindispensarar, GPS-sporing og ulike sensorløysingar. Kommunen arbeider vidare med innføring av digitale tilsyn og DigiHelse for å styrkje kommunikasjon og samhandling mellom brukarar, pårørande og tenesta.

Jf. presisering frå Helsedirektoratet kan kommunen ikkje lenger krevje eigenbetaling for tryggleiksalarmar. Dette medfører eit årleg inntektstap på om lag kr 235 000,-, og reduserer det økonomiske handlingsrommet innan helse- og omsorgstenestene.

Heimetenestene er eit sentralt satsingsområde i møte med den demografiske utviklinga og skal bidra til auka meistring, tryggleik og livskvalitet, samstundes som behovet for institusjonsopphald kan utsetjast eller reduserast.

Frå hausten 2026 vart nattevaktene i heimebaserte tenester og habilitering samla i ei felles natteteneste. I budsjettet for 2027 er 2,1 årsverk overført frå heimebaserte tenester til habiliteringstenesta. Dette inneber ei reduksjon i ramma til heimebaserte tenester på om lag 1,95 mill. kroner

Utfordringar og strategi

Heimetenestene står overfor aukande utfordringar som følgje av fleire eldre, meir samansette tenestebehov og tidlegare utskriving frå spesialisthelsetenesta. Fleire brukarar har behov for avansert medisinsk oppfølging og omfattande helse- og omsorgstenester i eigen heim, noko som stiller høge krav til kompetanse, kapasitet og ressursutnytting.

I 2025 vart omsorgstrappa justert gjennom ei vriding frå omsorgsbustader til heimebaserte tenester. Dette er i tråd med målsettinga om at fleire skal kunne bu heime lengst mogleg med nødvendig støtte og oppfølging. Frå 2026 er fysioterapitenesta styrkt for å auke kapasiteten innan rehabilitering og førebygging av funksjonsfall. Trass i dette er ein stor del av ressursbruken framleis knytt til brukarar med omfattande hjelpebehov.

Kommunen arbeider målretta med rekruttering, kompetanseutvikling og reduksjon av sjukefråvær. Samstundes er det behov for å styrkje kompetansen innan kreftomsorg, palliasjon og avansert medisinsk oppfølging.

Strategiar i planperioden:

- Vidareutvikle heimesjukepleia og styrkje kompetansen innan avansert medisinsk oppfølging, kreftomsorg og palliasjon.
- Utnytte den styrkte fysioterapiressursen til rehabilitering, opptrening og førebygging av funksjonsfall.
- Prioritere førebygging og tidleg innsats for å utsetje behovet for institusjonsplass.
- Vidareføre satsinga på velferdsteknologi og digitale løysingar.
- Halde fram omstillinga mot meir heimebaserte tenester og målretta bruk av institusjonsplassar.
- Arbeide systematisk med rekruttering, kompetanseutvikling og reduksjon av sjukefråvær.
- Sikre god ressursutnytting gjennom regelmessig vurdering av tenestenivå og vedtak.

Innsparingstiltak

Bemanningstilpasning i heimebaserte tenester (- 659)

Helse- og omsorgstenestene står overfor ein betydeleg vekst i talet på eldre og personar med samansette hjelpebehov i planperioden. Samstundes viser nasjonale framskrivingar at tilgangen på kvalifisert arbeidskraft vil verte ei aukande utfordring. For å sikre berekraftige tenester må kommunen tilpasse organisering, bemanning og arbeidsprosessar til framtidige rammevilkår.

Mindre lønsutgifter til lærlingar i 2027 (- 495)

Det er lagt til grunn fem lærlingar i 2027. Mindreforbruket skuldast at fleire av lærlingane er tidleg i utdanningsløpet og difor har lågare lønskostnader i 2027.

Organisasjonsendring i heimebaserte tenester (- 1 025)

Som ledd i omorganisering av pleie- og omsorgstenesta vert ei avdelingsleiarstilling avvikla. Tenesta vert organisert med ein einingsleiar og ein avdelingsleiar, noko som gir reduserte kostnadar til leiing.

Habilitering

Innleiing

Habiliteringstenesta omfattar fire butiltak, dagtilbodet i Bakken og fagleg oppfølging av barn med behov for avlasting. Tenesta yter helse- og omsorgstenester til personar med omfattande og samansette behov, inkludert ressurskrevjande tenester, og kjøper VTA-plassar ved Podlen Verkstad AS. Eininga har 74 tilsette fordelt på 42,41 årsverk.

Tenesta er prega av stor grad av individuell tilpassing og behov for stabile og føreseielege tenester. Nye brukarar med omfattande behov kan medføre auka ressursbehov og behov for nye tiltak. Årlege gjennomgangar av vedtak og tenestetilbod skal bidra til at ressursane vert nytta best mogleg innanfor gjeldande rammer.

Beskriving av verksemda i dag

Habiliteringstenesta i Fitjar kommune gir tenester til vaksne personar med langvarige og samansette behov for helse- og omsorgstenester. Tenestemottakarane har behov for individuelt tilpassa oppfølging, tilrettelagde bustadtilbod, dagaktivitetar og støtte til daglege gjeremål, sosial deltaking og meistring.

Tenesta er organisert i tre avdelingar: Havnahuset, Medlever/dagtilbod og Gartnartunet/Øvrebygda, med eigen avdelingsleiar for kvar avdeling. I 2026 har kommunen 14 tenestemottakarar busette i Fitjar og kjøpte tenester til ein brukar i annan kommune.

Frå 2026 har habiliteringstenesta fått ansvar for den faglege oppfølginga av barn med samansette behov som har vedtak om avlastning. Til dette arbeidet er det lagt inn ei nattevaktstilling i tenesta, medan øvrige utgifter til avlastning er budsjettert på ansvar 4000. Organiseringa skal bidra til betre fagleg oppfølging, koordinering og heilskaplege tenester for brukarane og familiane deira.

Habiliteringstenesta omfattar i stor grad brukarar med livslange tenestebehov. Fleire brukarar med omfattande hjelpebehov og behov for tett oppfølging i bustad fører til auka ressursbruk og eit aukande press på tenesta.

Habiliteringstenesta har over tid hatt god tilgang på kompetanse og stabile medarbeidarar, noko som gir eit godt grunnlag for vidare utvikling av tenestene.

Frå hausten 2026 vart nattevaktene i heimebaserte tenester og habilitering samla i ei felles natteteneste. I budsjettet for 2027 er 2,1 årsverk overført til habiliteringstenesta, noko som styrkjer tenesta med om lag 1,95 mill. kroner og legg til rette for tettare fagleg leiing.

Utfordringar og strategi

Habiliteringstenesta er, saman med eldreomsorga, det tenesteområdet som i størst grad vil utfordre kommunen sitt økonomiske handlingsrom i planperioden. Tenesta står overfor betydeleg vekst i talet på brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester. Det er per i dag meldt inn behov frå om lag 20–25 unge personar med funksjonsnedsettingar som i løpet av dei neste ti åra vil ha behov for tilrettelagde bustader og døgnbemanna tenester. Det er etablert ei arbeidsgruppe som, i samarbeid med ei foreldregruppe, som arbeider med planlegging av eit framtidig bufellesskap.

Tenesta har fått eit større ansvar for oppfølging av familiar med barn som har samansette behov og behov for avlasting. Etterspurnaden etter avlastingstenester er aukande, og fleire barn har behov for omfattande og spesialiserte tilbod. Utvikling av lokale avlastingstilbod vil vere viktig både for å sikre gode tenester til familiane og for å avgrense kostnadsveksten knytt til kjøp av eksterne tenester.

Habiliteringstenesta er personellintensiv, og fleire brukarar har behov for tett oppfølging gjennom heile døgnet. Høg bemanningsfaktor knytt til enkelte brukarar og bufellesskap gjer tenesta særleg sårbar for vekst i talet på tenestemottakarar. Nye brukarar med omfattande hjelpebehov vil kunne utløyse betydelege auka driftsutgifter i form av fleire årsverk og auka behov for spesialisert kompetanse. Auka tenestebehov vil ikkje kunne løysast gjennom tilsvarande vekst i bemanning åleine, og det vil vere nødvendig å arbeide systematisk med oppgåvedeling, organisering og ressursutnytting.

Det kommunale dagtilbodet er ikkje tilpassa dagens eller framtidige behov. Dagens bygningsmasse gir avgrensa moglegheiter for individuell tilrettelegging og effektiv drift, noko som medfører høg ressursbruk. Samstundes er det venta vekst i talet på brukarar med behov for dagaktivitetstilbod.

Kunnskap om eksisterande brukargrupper og kjende framtidige behov tilseier at kommunen må førebu seg på ein betydeleg vekst innan habiliteringstenesta dei neste ti åra. Fleire personar vil ha behov for bustad, dagtilbod og omfattande helse- og omsorgstenester. Dette vil krevje langsiktig planlegging av kapasitet, bustadløysingar, bemanning og ressursbruk.

I 2027 har kommunen fleire brukarar som fell inn under refusjonsordninga for særleg ressurskrevjande tenester. Prognosen viser brutto utgifter på om lag 49,9 mill. kroner. Etter refusjonar og rammetilskot er trekt frå, er netto kostnad for kommunen berekna til om lag 22,3 mill. kroner.

Strategiar i planperioden:

- Planleggje framtidige bufellesskap og bustadløysingar som del av kommunen si bustadsosiale utvikling.
- Sjå på moglegheiter for å etablere lokale avlastingstilbod for barn og unge med samansette behov.
- Utgreie framtidige løysingar for dagaktivitetstilbodet for å møte auka behov og sikre meir effektiv ressursbruk.
- Sikre berekraftig ressursutnytting gjennom langsiktig kapasitets-, bemannings- og tenesteplanlegging.
- Arbeide med oppgåvedeling, organisering og bruk av velferdsteknologi for å møte veksten i tenestebehov innanfor tilgjengelege ressursar.
- Gjennomføre årleg vurdering av vedtak, ressursbruk og tenestenivå.

Innsparingstiltak

Bemanningstilpasning i Habilitering (- 659)

Det vert lagt til grunn eit innsparinstiltak knytt til bemanningstilpassing habilitering tilsvarande kr 569 000,-,

Mindre lønsutgifter til lærlingar i 2027 (- 495)

Det er lagt til grunn fem lærlingar i 2027. Mindreforbruket skuldast at fleire av lærlingane er tidleg i utdanningsløpet og difor har lågare lønskostnader i 2027.

Nye tiltak

Auke i innslagspunkt til toppfinansieringa av særlig ressurskrevjande helse og omsorgstenester -utover lønsvekst (537)

Auka innslagspunkt i toppfinansiering av særskilt ressurkrevjande brukarar får ein estimert netto effekt for 2027 på kr. 537`

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Avdelingsleder nytt bufelleskap	1	0	710	710	710
Koordinator til arbeid kring avlastning/barnebolig	1	350	350	350	710
Sum		**350**	**1 060**	**1 060**	**1 420**

Nye tiltak

Avdelingsleder nytt bufelleskap

Bufelleskap for menneske med behov for døgnbemanna tenester

Det er i 2026 starta opp ein prosess av bygging av nytt bufelleskap til 6 unge tenestemottakere i Fitjar kommune. Dette er unge vaksne med psykisk utviklignshemming som pr no bur hos foreldra sine, og er klar til å flytte inn i eigen bustad. Det er behov for ei avdelingsleiar stilling til å følge organisering og oppstart, og seinare drift av dette bufelleskapet.

Koordinator til arbeid kring avlastning/barnebolig

Avlastning for born og unge

Fitjar kommune har eit aukande behov for avlastningstenester til barn og unge med omfattande hjelpebehov. For å sikre oppfølging av lovpålagde tenester og møte venta vekst i talet på brukarar, vert det foreslått å etablere ein dedikert ressurs til koordinering og oppfølging av avlastningstilbodet.

Styrkt oppfølging vil bidra til tidleg innsats, betre kvalitet i tenestene og redusert risiko for meir omfattande og kostnadskrevjande tenestebehov på sikt.

Helsespesialistar

Innleiing

Fastlegeordninga sikrar alle innbyggjarar rett til eigen fastlege og er ein sentral del av kommunen sitt helsetilbod. Ved Fitjar legesenter er det budsjettert med seks fastlegeheimlar i drift, i tillegg til ein LIS1-lege. Fem av fastlegane er kommunalt tilsette, medan ein fastlege driv næringsverksemd. Legesenteret har i tillegg 3,2 årsverk knytt til sjukepleiarar og helsesekretær/helsesfagarbeidar.

Frå 2027 vert legesenteret organisert som eiga eining med eigen einingsleiar. Kommunen har per i dag tre fast tilsette legar i rotasjonsturnus, og frå februar 2027 er det tilsett ein ny fastlege i ordinær drift. Den siste vakante fastlegestillinga vil bli lyst ut.

Fastlegeordninga har dei siste åra vore prega av utfordringar knytt til rekruttering, stabil legedekning og auka krav til kommunale helse- og omsorgstenester. Samstundes er ei stabil fastlegeordning avgjerande for å sikre god pasientoppfølging, førebygging og tidleg innsats, og for å redusere presset på andre delar av helse- og omsorgstenestene.

Beskriving av verksemda i dag

Fastlegeordninga vart innført i 2001 og sikrar alle innbyggjarar rett til eigen fastlege. Ved Fitjar legesenter er det seks fastlegeheimlar, i tillegg til LIS1-lege. Ein av fastlegeheimlane er organisert som næringsdrift i 50 % heimel.

Per i dag er tre av fastlegeheimlane bemanna med tilsette legar i rotasjonsordning. Ein fastlegeheimel er planlagt besett frå februar 2027, medan den siste fastlegeheimelen skal lysast ut. Legesenteret har i tillegg til legane ei bemanning på 3,2 årsverk fordelt på einingsleiar, tre sjukepleiarar og helsefagarbeidar/helsesekretær.

Fysio- og ergoterapitenesta og psykisk helseteneste er frå 2027 organisatorisk plasserte under ansvar 4000. Budsjettmessige tilpassingar som følgje av organisasjonsendringa vert gjennomførte hausten 2027. Innføring av nytt økonomisystem medfører at budsjettstrukturen ikkje kan tilpassast den nye organiseringa ved inngangen til budsjettåret.

Utfordringar og strategi

Som følgje av demografisk utvikling, med fleire eldre innbyggjarar og fleire pasientar med kroniske og samansette helseutfordringar, vil det føre til auke i etterspurnad på legetenester. Samstundes medfører oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta auka krav til medisinsk oppfølging og kapasitet i kommunehelsetenesta.

Det er framleis utfordringar knytt til rekruttering og stabilisering av fastlegar, noko som gjer tenesta sårbar. Sårbarheita vert forsterka ved fråvær og ledige heimlar, då fastlegane i tillegg har ansvar for legevakt på dagtid. Når få legar deler denne oppgåva, medfører det auka belastning og reduserer tilgjengeleg kapasitet til ordinære fastlegeoppgåver.

I økonomiplanperioden er det lagt til grunn at alle fastlegeheimlane vert fylte og i ordinær drift. Budsjettet byggjer på føresetnad om auka inntekter frå eigenbetaling og Helfo-refusjonar som følgje av betre legedekning og høgare aktivitet ved legesenteret. Det vil framleis vere behov for tett oppfølging av aktivitet, inntektsutvikling og rekruttering for å sikre ei berekraftig drift av fastlegeordninga.

Strategi:

- sikre rekruttering og stabil bemanning i alle fastlegeheimlane
- leggje til rette for full drift av seks fastlegeheimlar og redusere sårbarheit knytt til daglegevakt og legefråvær
- styrkje samhandling mellom legetenesta og dei øvrige helse- og omsorgstenestene for å sikre heilskaplege pasientforløp
- vidareutvikle effektive arbeidsprosessar og digitale løysingar for å møte auka aktivitet og nye oppgåver
- sikre berekraftig drift gjennom auka aktivitet, optimal utnytting av Helfo-refusjonar og tett oppfølging av inntektsutviklinga
- prioritere kontinuitet, kvalitet og tilgjenge i fastlegeordninga som ein sentral del av kommunen sitt samla helse- og omsorgstilbod.

Innsparingstiltak

Innsparing Helsespesialistane - tillitsvald (- 95)

Frikjøp tillitsvald psykisk helse /NSF 10% ressurs, utgiftene for frikjøp er ført på ansvar 1100 - administrasjon.

Ønska tiltak

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Prioritet	2027	2028	2029	2030
Kommunalt bufellesskap psykiatri	1	330	3 330	3 330	3 330
Video konsultasjon - legesenteret	2	50	50	50	50
Sum		**380**	**3 380**	**3 380**	**3 380**

Nye tiltak

Kommunalt bufellesskap psykiatri

Bakgrunn:

Fitjar kommune har 4-5 personar som har behov for langvarig koordinerte tenester, og som treng bustad. Bebuarane bur i dag hjå pårørande og/eller i instutusjon.

Fitjar kommune ved tildelingskontor og psykisk helsetenesta har jamt henvending frå slitne og fortvila pårørande, samt sak som vert prøvd hjå statsforvaltar. Aldersgruppa mellom 25-50 år, og det er påtrengane behov for helsetenester **og** bustad.

Video konsultasjon - legesenteret

Innføre videokonsultasjon ved legesenteret for eigna konsultasjonar. Tiltaket skal auke tilgjengelegheita for pasientane, redusere reisebehov og bidra til meir effektiv utnytting av legekapasiteten.

NAV

Innleiing

NAV Fitjar er eit partnarskap mellom stat og kommune som skal sikra innbyggjarane heilskaplege velferdstenester gjennom ei felles dør. Den kommunale delen av tenesta har ansvar for oppgåver etter sosialtenestelova og fungerer som samfunnet sitt siste økonomiske og sosiale sikringsnett.

Einingа forvaltar tenester innan økonomisk stønad, økonomisk rådgjeving og kvalifiseringsprogram, etablering og oppfølging av flyktningar i busettingsfasen og oppfølging innan rustenesta. Målet er å fremja sosial inkludering, styrkja deltaking i arbeids- og samfunnsliv og bidra til at innbyggjarane meistrar eigen kvardag.

NAV Fitjar følgjer opp om lag 200 brukarar og har 5,9 årsverk fordelt på sju tilsette

Beskriving av verksemda i dag

Sosial rådgjeving:

Arbeidet med økonomisk sosialhjelp må sjåast i samanheng med kvalifiseringsprogrammet, flyktningarbeidet og andre arbeidsretta tiltak. Målet er å bidra til auka sjølvforsørging og redusere behovet for langvarige offentlege ytingar.

NAV Fitjar prioriterer tett og målretta oppfølging av personar som står utanfor arbeid og utdanning, med vekt på arbeidsretta tiltak, økonomisk rettleiing og aktivitetskrav. Bruk av digitale løysingar gjennom DigiSos bidreg til meir effektiv saksbehandling og betre ressursutnytting.

Sosialhjelp:

Økonomisk sosialhjelp er ei subsidiær yting og skal vere det siste økonomiske tryggingsnettet når andre inntekts- og stønadsordningar er vurderte eller nytta. Stønaden skal vere mellombels og bidra til at den enkelte så raskt som mogleg vert i stand til å forsørgje seg sjølv gjennom arbeid, utdanning eller andre inntektsgjevande ordningar.

I 2026 er det venta at kontoret sakshandsamar om lag 800 søknader om økonomisk sosialhjelp. Om lag 60 prosent av utbetalingane er knytte til flyktningar. Samstundes mottek om lag 20 barnefamiliar økonomisk sosialhjelp. Barneperspektivet er sentralt i oppfølginga, og NAV arbeider systematisk med å kartleggje og ivareta behova til barn i familiar som mottek stønad.

Kvalifiseringsprogrammet:

Denne posten må sjåast i samanheng med økonomisk sosialhjelp og sosial rådgjeving. Formålet er å styrkje den enkelte si tilknyting til arbeid eller utdanning og redusere behovet for langvarige offentlege ytingar. Særleg viktig er oppfølginga av ungdom og andre personar med svak tilknyting til arbeidslivet.

Det er lovpålagt å stille krav om aktivitet for mottakarar av økonomisk sosialhjelp under 30 år, med mindre særlege omsyn talar mot dette. I budsjettet for 2027 er det lagt inn finansiering til fem tiltaksplassar. Tiltaka skal bidra til arbeidsretta aktivitet, kvalifisering og tett oppfølging, med mål om overgang til arbeid, utdanning eller andre varige løysingar.

Introduksjonsordninga:

Fitjar kommune legg til rette for deltaking i introduksjonsprogrammet for vaksne flyktningar. Programmet skal styrkje deltakarane sine norskferdigheiter, kunnskap om det norske samfunnet og føresetnader for deltaking i arbeid eller utdanning.

I 2027 er det lagt til grunn at åtte personar skal delta i introduksjonsprogrammet. Gjennomføring av programmet krev ressursar til oppfølging, kvalifisering og koordinering, og er eit sentralt verkemiddel i kommunen sitt arbeid for integrering og sjølvforsørging.

Flyktningetenesta:

Fitjar kommune tok imot ni flyktningar i 2026. I 2027 følgjer NAV Fitjar opp 46 flyktningar, omfattar norskopplæring, samfunnskunnskap og arbeidsretta kvalifisering med mål om overgang til arbeid, utdanning og sjølvforsørging.

Det er ikkje planlagt busetting av nye flyktningar i 2027. Sjølv om det ligg føre ein nedtrappingsplan for flyktningtenesta, der ein frå 1 juni skal trappe ned ei 100 % stilling, legg kommunedirektøren opp til at ein vidarefører ei 85% stilling. Bakgrunnen er framleis høgt aktivitetsnivå og behovet for tett oppfølging av flyktningar som er i kvalifiserings- og integreringsløp. Målet er å bidra til auka arbeidsdeltaking og sjølvforsørging, samstundes som oppfølginga gradvis vert overført til den ordinære tenestelinja. Dette er viktig for å redusere framtidige utgifter til økonomisk sosialhjelp og sikre ei berekraftig integrering.

Rustenesta:

Rustenesta omfattar oppfølging av personar med samansette utfordringar knytte til rus, bustad og økonomi. Brukargruppa har ofte behov for langvarige og koordinerte tenester, noko som stiller krav til tverrfagleg samhandling og målretta ressursbruk. Mangelen på eigna bustader for personar med rus-medverkar til auka tenestebehov og høgare kommunale kostnader.

Eit viktig tiltak for denne gruppa er LAR-utdeling (legemiddelassistert rehabilitering), som skjer til faste tider kvar dag ved Fitjarsjøen 38. Dette lågterskeltilbodet gir også høve til sosial kontakt, enkel matservering og hjelp med praktiske gjeremål.

På grunn av kommunen sin storleik har ruskonsulentane fleire oppgåver, inkludert medisinutdeling, miljøarbeid og oppfølging av om lag 53 ungdommar.

Utfordringar og strategi

NAV Fitjar står overfor auka utfordringar knytt til arbeidsmarknad, integrering og levekår. Om lag 53 ungdommar står utanfor arbeid og utdanning, og fleire har behov for tett og koordinert oppfølging for å førebyggje varig utanforskap. Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel for å styrkje overgangen til arbeid og aktivitet. Det er lagt inn fem tiltaksplassar i budsjettet for 2026, då det ikkje funne rom for ytterlegare styrking i planperioden.

Integrering og oppfølging av flyktningar vil framleis krevje betydelege ressursar. Mange har behov for vidare norskopplæring, kvalifisering og arbeidsretta tiltak før dei kan bli sjølvforsørgde. Samstundes skal flyktningtenesta gradvis avviklast i tråd med vedteken økonomiplan, og oppfølginga må i større grad ivaretakast innanfor ordinær tenestelinje.

Bustadmarknaden er framleis utfordrande, med mangel på eigna bustader for vanskelegstilte og behov for tilrettelagde bustader til personar med rusutfordringar og andre med samansette behov.

Strategiar:

- Prioritere tidleg innsats og arbeidsretta oppfølging av ungdom.
- Vidareføre integreringsarbeidet innanfor ordinære tenester og tilgjengelege ressursar.
- Søkje eksterne tilskot og samarbeidsløysingar for å styrkje kvalifiseringsarbeidet.
- Utvikle eigna bustadløysingar for personar med særskilte behov.
- Styrkje samhandlinga mellom NAV, helse- og omsorgstenestene og andre kommunale einingar.
- Sikre berekraftig drift gjennom kompetanseutvikling, omstilling og effektiv ressursutnytting.

Innsparingstiltak

Vidareføre 85 % Flyktningekonsulent/rettleiar sosialhjelp og kvalifisering (- 662)

Oppretthalde 85 % Flyktningekonsulent/rettleiar sosialhjelp og kvalifisering

Flyktningtenesta vart frå 2022 styrka med 1,25 årsverk for å handtere auka busetting og oppfølging av flyktningar. I tillegg har NAV disponert ei 60 % stilling knytt til flyktningarbeid og sosialrettleiing. I budsjett 2025 og økonomiplanen for 2025-2028 vart det vedteke ein plan for gradvis nedtrapping av flyktningtenesta med reduksjon på 60 % stilling frå 1. juli 2026, 100 % stilling frå 1. juli 2027 og dei siste 25 % frå 1. januar 2028.

Sjølv om Fitjar kommune ikkje planlegg å ta imot nye flyktningar i 2027, har NAV Fitjar per i dag ansvar for oppfølging av 46 deltakarar i introduksjonsprogrammet. Dette er personar som framleis er i integreringsfasen og som har behov for tett oppfølging, kvalifisering, språkstøtte og rettleiing for å kunne kome inn i arbeidslivet og bli sjølvstendige deltakarar i samfunnet. God og langsiktig oppfølging er avgjerande for å lukkast med integreringa og for å få fleire over i arbeid eller utdanning.

Kommunen måtte i 2025 forskyve mottaket av ni flyktningar grunna manglande ressursar til oppfølging. Dette synleggjer at tenesta allereie er sårbar og har avgrensa kapasitet til å handtere både oppfølging av eksisterande deltakarar og eventuelle nye oppgåver.

Flyktningekonsulenten har ei sentral rolle i oppfølginga av flyktningar og deira familiar, inkludert koordinering av tenester, rettleiing, bistand i møte med offentlege instansar og oppfølging knytt til integrering, kvalifisering og deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Stillinga ivaretek òg viktige oppgåver innan økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsarbeid, med rettleiing og oppfølging av personar som står utanfor arbeidslivet.

På bakgrunn av omfanget av oppgåver og behovet for vidare oppfølging av deltakarane i introduksjonsprogrammet, vert det foreslått å vidareføre 85 % stilling som flyktningekonsulent. Dette vil bidra til å sikre forsvarleg oppfølging, kontinuitet i tenestene og oppfylling av kommunen sine lovpålagde oppgåver innan integrering, kvalifisering og sosialtenester.

Omfang av tiltaket

- Vidareføring av flyktningekonsulent i 85 % stilling.
- Oppfølging av 46 deltakarar i introduksjonsprogrammet.

- Rettleiing, kvalifisering og integreringsarbeid.
- Sakshandsaming og oppfølging innan økonomisk sosialhjelp.
- Samhandling med NAV, arbeidsgjevarar og andre kommunale tenester.
- Oppretthalding av ei sårbar teneste med avgrensa ressursar.

Økonomisk konsekvens

- Vidareføring av 85 % stilling i økonomiplanperioden.
- Delvis finansiering gjennom integreringstilskot så lenge deltakarane er i integreringsløpet.
- Utset eller reduserer tidlegare vedteken nedtrapping av flyktningtenesta.

Økonomisk forvaltning

Innleiing

Tenesteområdet omfattar få aktivitetar. Her ligg ein del motpostar i tillegg til eigedomsskatteforvaltninga.

Frå 2027 er avsetjing til forventa løns- og pensjonsvekst lagt til dette område, det same er festeutgifter og -inntekter.

Endringa er gjort for å betre rapportering og unngå feilkjelder i driftsstyringa.

Her ligg til dømes:

- Inntekter for rentekompensasjon
- Motpost rentebelastning VA
- Motpost rørsle til og frå fond
- Motpost renter på etatane

	Rekneskap 2025	Opphavleg budsjett 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Økonomisk forvaltning	-1 559	-5 548	-1 993	4 739	4 739	4 739	4 739